

Nr. 28

RAPPORT

Torgeir Dimmen

## **LOKALAVISFORMELEN**

Ein studie av lokale fådagsaviser



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

<b>Forfatter</b>	Torgeir Dimmen
<b>Utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>År</b>	2012
<b>Serie</b>	Rapport
<b>ISBN</b>	978-82-7661-303-2 (digital utgåve)
<b>ISSN</b>	1891-5981
<b>Sats</b>	Forfattar
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/rapport">http://www.hivolda.no/rapport</a>

Torgeir Dimmen er høgskulelektor ved Avdeling for mediefag, Høgskulen i Volda.

© Forfatter/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfatter/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk..

### **Rapport / Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda**

Vitskaplege og andre faglege arbeid på høgare nivå enn notat. Både forfatter og institusjon er fagleg ansvarlege for publikasjonen. Arbeida kan vere rapportar frå prosjekt/oppdragsverksemd eller reint teoretiske arbeid av eit visst omfang. Rapportane må vere godt gjennomarbeidde med omsyn til innhald, struktur og språk og innehalde referansar. Rapportane skal vere godkjende av anten dekan eller prosjektleiar eller annan fagperson dei har utpeika og FoU-leiar ved HVO.

# Forord

Kva gir ein i presang til ein som kan kjøpe kva han vil?

*Da Stenshagen skulle i bursdagen til John Fredriksen for noen år siden, og ikke helt visste hva han skulle gi i gave, fikk han ideen om å gi Fredriksen et abonnement på Øyene, lokalavisen.*

- *Jeg kunne ikke ha kommet på noen bedre idé, sier han.*
- *Fikk sendt den til London-adressen hans. Jo, det likte'n godt.*

*(Dagens Næringsliv, 2.7.2011)*

Dette gåvetipset til Noregs rikaste mann er ein god illustrasjon på utgangspunktet for denne studien. Norske lokalaviser forvaltar nemleg noko som ikkje kan kjøpast for pengar: Nærleik og identitet.

Dei lokale fådagsavisene blir ofte oversett i debatten om tilstanden i det norske medielandskapet. Det er eit paradoks, sidan det er denne delen av den mangslungne avisfloraen som har greidd seg best dei siste åra. Desse avisene lever sine anonyme liv på bygdene og i småbyane, utan å bli inviterte til debattprogramma i riksmidia for å forklare eller forsvare kva dei driv med. Dei aller færraste er rike på kapital i økonomisk forstand, men dei sit på ein ideologisk kapital som er gull verd og som framleis er etterspurd.

I denne studien har eg sette nærare på journalistikken i dei lokale fådagsavisene og den rolla dei spelar i sine lokalsamfunn. Eg har samla dokumentasjon over ein periode på fire-fem år, og eg har hatt mange samtalepartnarar i ulike fasar i prosjektet. To skal ha særleg takk her: Professor Johann Roppen, kollega på Avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda, og Rune Hetland, generalsekretær i Landslaget for lokalaviser. På ulike måtar har dei gitt kritisk motstand og konstruktive tilbakemeldingar til mine funn og tolkingar. Andre kollegaer ved AMF og mange lokalavisjournalistar og -redaktørar har også vore nyttige samtalepartnarar. Ingen av desse skal likevel ha noko ansvar for mine synspunkt og konklusjonar slik dei blir presenterte i denne rapporten.

Volda, februar 2012  
Torgeir Dimmen



<b>Innhald</b>	side
Forord .....	3
Innhald .....	5
1 Om prosjektet .....	6
Datagrunnlag og metode	
2 Samfunnsoppdraget .....	9
Om det grunnleggjande spørsmålet	
3 Det norske avislandskapet .....	15
Opplag og lesarvanar det siste tiåret	
4 Kva står i avisa? .....	17
Presentasjon og drøfting av eigen empiri	
5 To døme .....	31
Nærlesing av tredagsavisene Møre-Nytt og Raumnes	
6 Redaktørane .....	41
Nokre problemstillingar frå kvalitative intervju	
7 Utvida samfunnsoppdrag? .....	52
Oppsummerande drøfting	
Kjeldeliste .....	55

### Figurar i kap. 4 og 5

Figur 1: Hovudoppslag. Tema og vinkling (side 18)

Figur 2: Sekundæroppslag. Tema og vinkling (side 19)

Figur 3: Leiarartiklar. Tema og vinkling (side 20)

Figur 4: Tema og vinkling. Oppsummering (side 22)

Figur 5: Sjanger og vinkling. Oppsummering (side 23)

Figur 6: Viktigaste kjelde. Sjanger (side 26)

Figur 7: Viktigaste kjelde. Tema (side 28)

Figur 8: Møre-Nytt vs. Sunnmørsposten. Dekningsgrad i Ørsta 2000-2010 (side 32)

Figur 9: Raumnes vs. Romerikes Blad, Aftenposten, Dagbladet og VG.  
Dekningsgrad i Nes 2000-2010 (side 32)

### Vedlegg

Vedlegg 1: Aviser i empirisk undersøking. Tittel, utgjevarstad, frekvens

Vedlegg 2: Oversyn over aviser med og utan leiarartikkel

Vedlegg 3: Framsider i Møre-Nytt og Raumnes, utgåver frå 7.2.2009

Vedlegg 4: Oversyn innhald i Møre-Nytt og Raumnes 7.2.2009

Vedlegg 5: Samletabell med alle avisdata og oversyn over alle analyserte oppslag

Vedlegg 6: Kodebok

Vedlegg 7: Intervjugaid, redaktørintervju

# 1 Om prosjektet

## Datagrunnlag og metode

Lokalavisa er framleis viktig for mange nordmenn. Statistikk frå 2011 viser at 201 av i alt 226 aviser er definerte som lokalaviser.<sup>1</sup> Samla opplag for desse avisene er om lag 1 350 000, over halvparten av totalopplaget for alle avisene i landet. Av dei 201 lokalavisene er 58 dagsaviser (fire til seks utgåver i veka), 81 fådagsaviser med to eller og tre utgåver i veka og 62 er vekeaviser (Høst 2011).

Dei siste åra har det vore mange medieoppslag om opplagsnedgang og nedskjeringar i den norske avismarknaden. Saker om dette temaet tar ofte utgangspunkt i stoda for dei store og riksdekkande avisene, som slit med stadig fallande opplagstal og inntekter. Men biletet er meir samansett enn ein kan få inntrykk av frå overskriftene. Dei minste lokalavisene har nemleg greidd seg godt også det siste tiåret. Dette blir det gjerne overskrifter av den dagen fjorårets opplagstal blir presenterte, men elles får desse avisene stort sett drive med sitt i fred.

Merksemda i riksmidia er altså beskjeden, men det finst likevel nokre som framhevar lokalavisa sin plass i den norske offentlegheita. Birgit Røe Mathisen er ei av dei. Ho hevdar m.a. at «lokalmediene er den viktigste, men samtidig ofte undervurderte ryggsøylen i den norske medievirkeligheten» (Mathisen (red.) 2010, s. 13). Rune Hetland, generalsekretær i Landslaget for lokalaviser, er ein annan. Han tok endå sterkare i på siste landsmøtet i sin organisasjon: «Lokalavisene er grunnfjellet i den norske mediepolitikken» (Hetland 2011).

Stemmer dette i ei tid med rivande utvikling på nettet, stadig nye elektroniske kommunikasjonsformer og store endringar i folks daglege mediebruk? Karakteristikkane «den viktigaste» og «grunnfjell» kan nok diskuteras, men sitata over uttrykkjer likevel eit viktig poeng: Den norske lokalavisa er framleis både ein viktig og undervurdert del av den norske avisfloraen.

Min studie er eit bidrag for å rette opp noko av denne mangelen på merksemd. Eg ynskjer å beskrive status for journalistikken i dei minste lokalavisene, med omsyn både til innhald og innfallsvinklar. Dette er eit område der det finst mykje syensing, men lite seriøse undersøkingar. Vona er at mitt utval av analyseobjekt og systematiske intervju kan vere med på å gi eit betre grunnlag for ein seriøs diskusjon både om det profesjonelle handverket i lokalavisene og om kva funksjon dei har i sine lokalsamfunn.

## OM UNDERSØKINGA

Kjeldegrunnlaget til denne rapporten er ei samling utvalde aviser, intervju med redaktørar og tilgjengeleg statistikk. I tillegg har eg nærlese to aviser i ein case-studie.

Følgjande innfallsvinklar er valde ut og blir presenterte i kapittel tre til seks:

Kap. 3: Oversyn over den norske avisfloraen, med utgangspunkt i opplagstala på 2000-talet.

Kap. 4: Tema, vinkling og kjeldebruk i framsideoppslag og leiarartiklar i alle norske lokalaviser med utgjevingsfrekvens frå ein til tre dagar i veka. I alt 145 aviser.

Kap. 5: Nærlesing og analyse av to utvalde lokalaviser, *Møre-Nytt* og *Raumnes*.

Kap. 6: Oppsummering og drøfting av nokre problemstillingar frå åtte redaktør-intervju.

---

<sup>1</sup> Etter Sigurd Høst (2011) sin definisjon. Dei andre kategoriane han brukar i sin årlege statistikk er *laussalsaviser*, *storbyaviser*, *riksspreidde meningsberande aviser* og *nasjonale fådagsaviser*.

I den avsluttande drøftinga i kapittel sju prøver eg å oppsummere dei ulike delane av analysen, med utgangspunkt i den innleiande presentasjonen av avisene si samfunnsrolle. Denne står i kapittel to.

I tillegg til eigen empiri har eg brukt tilgjengeleg statistikk frå Landslaget for lokalaviser (LLA) og Mediebedriftenes landsforbund (MBL) over opplagstal og andre data om avisene. Særleg har Sigurd Høst sine årlege presentasjonar og analysar av opplagstala vore nyttige (Høst 2011 og tidlegare år).

I den empiriske delen av undersøkinga har eg tatt utgangspunkt i eitt eksemplar av alle lokale fådagsaviser i Noreg. Utvalet vart samla inn i februar 2009, og dei aller fleste avisene eg har brukt i analysen er utgitt i første halvdel av denne månaden. Nokre få kom ut litt seinare og nokre få litt før. I alt har eg systematisert innhaldet i 145 aviser. 81 av desse er to- og tredagsaviser, 64 er vekeaviser.<sup>2</sup> Riksdekkjande vekeaviser (t.d. *Klar Tale* og *Dag og Tid*) er ikkje tatt med, heller ikkje lokale gratisaviser. (Sjå fullstendige oversyn over aviser og analyserte artiklar i vedlegg 1 og 5.)

Eg har sett på framsider og leiarartiklar i avisene, og kartlagt og systematisert tema, vinkling og viktigaste kjelde. Ein slik avgrensa analyse av framsider og leiarartiklar gir ikkje utan vidare eit representativt bilete av stoffutval og vinkling i heile avisa. Men det er heller ikkje urimeleg å hevde at hovudopplaga og leiarane gir eit godt signal om kva type stoff som blir vurdert som viktig, og kva vinkling redaksjonen vel i ulike typer saker. Både eiga gjennomlesing av alle avisene og oppfølgjande samtalar med eit utval redaktørar underbyggjer denne påstanden.

Min metode gir eit tverrsnitt på eit gitt tidspunkt. Materialet fangar ikkje opp tendensar over tid, korkje for kvar einskild avis eller for denne avistypen. Det går i breidda, ikkje i djupna, og gir ikkje noko grunnlag for å seie så mykje om dei einskildte avisene. Mitt utvalde avis-eksemplar kan sjølvstøtt avvike frå gjennomsnittet av gjeldande avis på mange måtar, og eg kan difor ikkje drage sikre konklusjonar om skilnader avisene imellom utan å sjå på fleire utgåver av same avis. På den andre sida er ein stor del av moderne avisproduksjon styrt av faste malar og rutinar, så det er liten grunn til å tru at eit utval frå veka før eller månaden etter ville gitt eit vesentleg anna samla resultat.

Eit meir systematisk diakront perspektiv ville sjølvstøtt også ha vore interessant. Ein kunne då sjå etter evt. samanhengar mellom utviklinga av opplagstal og dei variablane som er omtala i denne studien, og dermed få sikrere indikasjonar på kor mykje kvaliteten på det journalistiske produktet faktisk betyr. Den undersøkinga får evt. kome i ein seinare runde.

Fordelen ved mi tilnærming er breidda. Eg har analysert ei fullstendig samling av aviser av ein viss type, ikkje berre eit meir eller mindre tilfeldig utval. Eg slepp difor det metodiske problemet med representativitet. På den andre sida kan min metode problematiserast både med omsyn til det snevre utvalet av stoff frå kvar avis og med sjølvte kategoriseringa. Dette blir kommentert nærare i samband med presentasjonen av analyseresultata i kapittel 4.

Som eit supplement til den empiriske oppteljinga har eg gjennomført feltbesøk og intervju i åtte lokalaviser i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Eg har også fått verdfull tilbakemelding frå redaktørar og journalistar (frå heile landet) etter presentasjonar av førebelse oppsummeringar,

---

<sup>2</sup> Tilsvarande tal for 2011 er 81 to- og tredagsaviser (dvs. uendra) og 62 vekeaviser (minus to).

først og fremst på LLA-landsmøta i 2009 og 2010. Nokre utvalde tema frå redaktørintervjua er presenterte i kapittel seks.

Intervjua med dei åtte redaktørane er kvalitative. Eg har gjennomført semistrukturerte intervju, og utgangspunktet for alle samtalanane har vore «samfunnsoppdraget», eller «lokalavisa si rolle i sitt lokalsamfunn.» Eg har først og fremst spurt om journalistiske arbeidsmåtar og korleis dei i praksis taklar balansegangen mellom å vere uavhengig, kritisk korrektiv og lokalsamfunnets samlande identitetsbyggjar og talerør. (Sjå fullstendig intervjugaid i vedlegg 7.)

Materialet som ligg til grunn for drøftinga har vore samla inn over lang tid. Dei første rundane med avisgjennomgang og intervju vart gjennomførte alt i 2007, og eit paper med utgangspunkt i dette materialet vart presentert på Den norske medieforskarkonferansen på Lillehammer året etter (Dimmen 2008). Våren 2009 hadde eg fri frå undervisningsdelen av stillinga ved Avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda, og det meste av empirien i rapporten vart samla inn og systematisert dette året. Utvalde deler av materialet vart presentert på LLA-landsmøtet i Trondheim i april 2010, og til medieforskarkonferansen i Ålesund hausten etter var ei førebels oppsummering klar (Dimmen 2010). Dei siste to-tre åra har eg også brukt stoffet som som grunnlag for kronikkar i dagspressa og i journalistikk-undervisninga ved Høgskulen i Volda.

Denne rapporten inneheld både ein oppsummerande presentasjon av data og analysar som har blitt publisert og diskutert tidlegare, pluss nokre nye moment. Eg har også oppdatert tilgjengeleg opplagsstatistikk. Ideelt sett burde kanskje denne sluttrapporten ha kome for eit år eller to sidan, men det lange tidsspennet har også sine fordelar. Eg har fått følge utviklinga i denne delen av avisbransjen over litt tid, og ikkje minst får eg no med både oppsummeringa av det store Forskningsråd-finansierte prosjektet om «Journalistikkens samfunnsoppdrag»<sup>3</sup> (Roppen og Allern (red) 2010) og innstillinga frå Mediestøtteutvalet (NOU 2010:14). Desse to dokumenta tar opp spørsmål som går rett inn i kjernen av mitt prosjekt.

Til slutt eit metodisk atterhald: Statistikkane i kapittel 4 byggjer på mi eiga registrering, og dei aller fleste avisene og sakene er gjennomgått berre ein gong. Dette betyr både at eg ikkje har hatt noko system for å fange opp evt. feilregistrering og at det berre er mitt skjøn som ligg til grunn for plassering i den eine eller andre kategorien. Korleis dette slår ut i forhold til andre liknande undersøkingar, er vanskeleg å seie. Nokre kategoriar er greiare enn andre (t.d. redaksjonell plassering og perspektiv), andre kan vere verre å bestemme (t.d. tema og viktigaste kjelde), medan særleg vinkling i forhold til lokalsamfunnet er basert på skjønsmessige vurderingar. Her kan det lett hende at ulike forskarar dreg grensene mellom kategoriar med likt namn på ulik stad.<sup>4</sup>

---

<sup>3</sup> Gjennomført ved Avdeling for mediefag ved HVO i perioden 2007 til 2010, med Johann Roppen som prosjektleiar.

<sup>4</sup> Sigurd Allern (2001) opererer m.a. med ein variabel som er formulert slik: «Retter artikkelen søkelyset mot kritikkverdige forhold, overgrep og forsømmelser fra offentlige myndigheter, private foretak, institusjoner eller andre?» Dette er ein definisjon på «kritisk» som er endå snevrare enn Birgit Røe Mathisen (2007) sin «negativ»-kategori, som igjen er snevrare enn min. Jf. utfyllande merknader om dette i kap. 4.



## 2 Samfunnsoppdraget

### Om det grunnleggjande spørsmålet

Det finst mange ideelle målsetjingar for media si rolle i eit moderne demokrati. Nokre er generelle og gjeld alle slag mediekanalar. Andre målsetjingar er meir mediespesifikke. Eg har sett nærare på *ein* slik kanal – den lokale fådagsavisa – og prøver å seie noko om samanhengen mellom liv og lære for akkurat denne delen av det norske medielandskapet.

I denne jakta på den vesle lokalavisa sin funksjon kan det vere nyttig å først presentere nokre meir generelle synspunkt på media si rolle i samfunnet. I den ferske utgreiinga frå Medie- støtteutvalet (NOU 2010:14) er det gjort greie for ymse dokument frå dei siste tjue åra som drøftar dei overordna måla for mediepolitikken. Her blir det referert både til den første store mediemeldinga *Media i tida* (St.meld. nr. 32 (1992-1993)) og til *Pressepolitikk ved et årtusenskifte* (St.meld. nr. 57 (2000-2001)). Den siste byggjer på ei innstilling frå det såkalla Dagspresseutvalet. Fleire andre NOU-ar og Stortingmeldingar blir også siterte. Medie- støtteutvalet konkluderer med at det har vore brei semje om dei overordna måla i mediepolitikken dei siste åra, og at dei kan oppsummerast i stikkorda *ytringsfridom, mangfald og kvalitet*.

### DEN OVERORDNA MEDIEPOLITIKKEN

*Ytringsfridomen* har alltid lege fast. Dette er sjølve fundamentet i mediepolitikken, og frie og uavhengige mediekanalar er ein føresetnad for eit levande folkestyre. Staten har her eit «infrastrukturansvar». Dette er ei forplikting frå staten til «aktivt å medvirke til at individer og grupper har en faktisk ytringsmulighet ved å legge til rette for borgernes ytringsmuligheter» (NOU 2010:14, s. 23).

Det er eit viktig vilkår for reell ytringsfridom at det finst tilgjengelege kanalar for alle som vil delta i den offentlege debatten. Her spelar dei mange små lokalavisene ei sentral rolle. Dei har låg terskel for å sleppe til ytringar og innspel, og tema i dei aktuelle debattane er gjerne relevante for mange av lesarane. Slik sett har folk i dei større byane dårlegare vilkår for å sleppe til. Dei har gjerne ei stor regionavis som si einaste «lokalavis», og her er nålauget for å få spalteplass langt trongare.

Det andre omgrepet – *mangfald* – omfattar fleire perspektiv. Media skal først og fremst spegle att det språklege og kulturelle mangfaldet i det norske samfunnet, men det er også viktig at det finst eit mangfald av mediekanalar. Det bør difor leggjast til rette for formidling gjennom ulike medium (t.d. avis, radio, fjernsyn, nett), og det bør finnast ulike typar innanfor kvar hovudgruppe (t.d. store riksaviser og små lokalaviser). Det store avismangfaldet har lange tradisjonar i Noreg, og «pressepolitiske virkemidler har historisk vært begrunnet ut fra hensynet til å opprettholde et nasjonalt, regionalt og lokalt avismangfold» (NOU 2010:14, s. 25).

Ein kan dessutan snakke om eit ytre og eit indre mangfald som ideal. Det ytre mangfaldet går på flest mogleg og mest mogleg varierte mediekanalar. På kvar arena bør det så vere eit indre mangfald. Dvs. at ulike meiningar bør stå side om side i spaltar og sendeflater, innanfor kvart medium.

Eigarmangfald er også viktig. Her har det skjedd mykje dei siste ti-tjue åra. I dag er nesten alle dei store riks- og regionavisene eigde av tre-fire store mediekonsern. Desse kjøper seg også opp i lokalavismarknaden, så langt lova tillet og vel så det. Sjølv om desse avisene med felles eigar har stor redaksjonell fridom og konkurrerer med kvarandre frå dag til dag, er det mange som hevdar at det er prinsipielt uheldig med for stor eigarkonsentrasjon – i eit mang-faldsperspektiv. Det kan kome tider med større press frå eigararane om meir samordning og felles profil.

Her er det igjen på sin plass å drage fram dei små lokalavisene som ei motvekt. I denne delen av den norske avisfloraen er det framleis mange lokale og uavhengige eigarar. Dei kan halde på sine publisistiske ideal utan press frå profesjonelle aksjonærar med profittkrav. I alle fall så lenge økonomien er rimeleg god.

*Kvalitet*, den tredje pillaren i den offentlege mediepolitikken er den mest problematiske. I alle fall er det den som er vanskelegast å definere og måle. Kvalitet er ein subjektiv storleik, og det som blir rekna som god kvalitet i eitt medium er ikkje utan vidare bra i eit anna. Dersom spesifiserte kvalitetsmål skulle liggje til grunn t.d. for pressestøtte eller andre privilegium, vil det fort føre til skuldingar om sensur og politisk kontroll. Mykje tyder difor på at dette kriteriet ikkje er brukande i praksis til slike føremål. I alle fall ikkje utan betydeleg rabalder.

I Mediestøtteutvalet si drøfting av dette dilemmaet blir også omgrepet «mottakardefinert kvalitet» drøfta (NOU 2010:14, s. 25). Dette omgrepet dekkjer eit anna perspektiv enn det vanlege, der sendaren, bransjen eller styresmaktene bestemmer skalaen frå godt til dårleg. Det gode poenget er at brukarane – t.d. avislesarane – si vurdering ikkje nødvendigvis er samanfallande med sendarsida si. Bør ikkje dei også høyrast? Dette er interessant, ikkje minst i vurderinga av denne rapporten sitt studieobjekt – dei minste lokalavisene. Min påstand er i alle fall at ei samanlikning av «sendardefinert» og «mottakardefinert» kvalitetsvurdering i nokre høve vil vise store sprik. Eller sagt på ein annan måte: Mange lesarar er truleg godt nøgde og vil gi høge terningkast til aviser som ut frå ideelle journalistiske og presseetiske krav rett og slett ikkje held mål, t.d. med omsyn til einkjeldebruk og tekstreklame.

Korleis bør kvalitetskravet brukast i forhold til dei minste lokalavisene? I mange av dei små avisene er det framleis langt mellom ideelle journalistiske krav og etablert praksis, men spørsmålet er kva målestokk som er rimeleg å bruke. Føresetnadane for å drive ressurskrevjande og kjeldeuavhengig gravejournalistikk er nokså ulike om ein jobbar i mediehuset VG eller i ein redaksjon i ei vekeavis med ein og ein halv journalist.

Mangfaldsmålet er lettare å forholde seg til. Her bidrar lokalavisene vesentleg til å gi god breidde i den norske avisfloraen. Det gjeld særleg m.o.t. geografi (145 fådagsaviser spreidde over heile landet), språk (nynorsk, bokmål, samisk) og kultur. Mangfaldet gjeld også på eigarsida. Dei siste åra har større aviser og mediehus vist stadig større interesse for småavisene, men det er framleis mange att med lokale og sjølvstendige eigarar.

Den overordna mediepolitikken er som nemnt omtala i mange offentlege dokument dei siste åra, og han er lite omstridd. Høgre og Frp har lansert alternative modellar dei siste åra, men det har stort sett vore rimeleg brei semje internt både i utvala som har vore i sving og i Stortinget (Roppen 2010). Heller ikkje når det kjem til spørsmål om korleis dei overordna måla skal realiserast i praksis, har det vore tradisjon for dei store dragkampane. Pressestøtta har blitt vedtatt i Stortinget kvart år i over 40 år, utan anna enn rituelle protestar frå ytste høgre. Stort sett. Kanskje kan det bli kvassare meiningsbryting no, i prosessen etter Mediestøtteutvalet si innstilling (NOU 2010:14). Utvalet var delt i synet på korleis framtidens retningslinjer for

mediestøtte burde utformast, og det er i dag ingen som veit kva regjering og Storting vil gå inn for etter kvart. Det offentlege ordskiftet er godt i gang (sjå t.d. Allern (2011), Angelshaug (2011) og van der Hagen (2010)), og ein av medlemmene i utvalet vedgår at lokalavisene sin funksjon blei lite diskutert i utgreiinga (Bergo 2011). Kor viktig akkurat dette er for deira framtidsutsikter, er uråd å seie, men utfallet av denne saka vil uansett få følgjer også for lokalavisene sine økonomiske vilkår dei komande åra.

## SAMFUNNSOPPDRAGET

I tillegg til dei overordna måla om ytringsfridom, mangfald og kvalitet, er det eit anna omgrep som stadig går att i det offentlege ordskiftet om media si rolle i eit moderne demokrati. Det er *samfunnsoppdraget*. Dette honnørordet er mykje brukt både av bransjen sjølv, politikarar og samfunnsdebattantar, men det er like fullt upresist. I føreordet til boka *Journalistikkens samfunnsoppdrag* av Roppen og Allern (red) (2010) blir både historikken og dagens bruk av omgrepet presentert og drøfta, og det blir her dokumentert ein svært vid og sprikande bruk. Det kan difor diskuteras kor nyttig det er å bruke dette omgrepet om pressa sine roller og funksjonar i det heile.

Den unyanserte kortversjonen er at dei fleste i fagmiljøet brukar heile eller deler av Ver var-sam-plakaten (VVP) sine formuleringar i avsnittet «Pressa si samfunnsrolle» når *samfunnsoppdraget* skal konkretiserast. Her står det om ei «fri, uavhengig presse», «informasjon, debatt og samfunnskritikk», «ikkje gi etter for press» og «avdekkje kritikkverdige forhold».

I sitt standardverk *Etikk for journalister* omtalar Svein Brurås grunnlaget for avisene sitt samfunnsoppdrag slik: «Pressen har en demokratisk og kulturell rolle som informasjonsformidler, overvåker og arena for den samfunnsdebatten som er så nødvendig i et demokrati». Han konkretiserer pressa si oppgåve i følgjande punkt:

- Informasjonsfunksjonen (informere folk slik at dei kan ta stilling i samfunnsspørsmål, informasjon frå folk til politikarane)
- Kommentarfunksjonen (kommentere og analysere samfunnsforholda)
- Overvåkingsfunksjonen (granske og kontrollere dei med makt)
- Gruppekommunikasjonsfunksjonen (fremje kommunikasjon innan og mellom politiske, faglege og ideelle grupper i samfunnet)

Andre funksjonar blir også nemnde:

- Rettleie forbrukarar
- Gi kulturell opplysning
- Underhalde

(Brurås 2010, s. 32)

## LIM OG LUPE

Kvar står lokalavisene i forhold til denne forståinga av avisene sitt samfunnsoppdrag? Den mest utbreidde oppfatninga er at desse minste avisene har to hovudfunksjonar. Dei skal både drive kritisk, uavhengig journalistikk og vere lokal identitetsbyggjar. Dei skal vere både *lupe* og *lim* i sine lokalsamfunn.

Denne doble målsetjinga blir understreka av lokalavisfolket sjølve i alle samanhengar der spørsmålet «kvifor lokalavis?» blir diskutert. Det er eksplisitt uttrykt m.a. i jubileumsboka for Landslaget for lokalaviser (Espeland 2006). På LLA si heimeside står dette om kva rolle medlemsavisene skal ha: «Desse avisene styrkar mellom anna det lokale demokratiet og det lokale

kulturlivet. Avisene er dessutan eit viktig «lim» mellom folk i dei enkelte bygder, tettstader og bydelar i heile landet. Lokalavisene er derfor ein svært viktig del av ei differensiert presse».

Det same synet uttrykkjer redaktør Vidar Parr i den vesle vekeavisa *Synste Møre*. Han samanliknar lokalavisa med kulturtilbodet: «Om det er så nøye med lokalaviser [...] er eit spørsmål ein kan stille om all kultur. Om ein kanskje kunne greidd seg utan, utan lokalaviser, utan to språk. Men eg meiner lokalavisene har ein viktig funksjon på mange måtar. Lokalavisa er identitetsbyggande og skaper tilhøyrgheit» (*Sunnmørsposten* 9.9.2008).

Lokal- og regionavisene sin identitetsbyggjande lim-funksjon er altså viktig i desse avisene sin eigenpresentasjon, men er elles lite synleg i generelle omtalar av pressa sitt samfunnsoppdrag. Der er det lupe-funksjonen som blir framheva.

Dilemmaet – den openberre konflikten som ligg i de dei to delane av *lim og lupe*-målsetjinga – blir kommentert fleire stader i faglitteraturen. Norske døme på dette er Svein Brurås i *Etikk for journalister* (2010) og Sigurd Allern i *Nyhetsverdier. Markedsorientering og journalistikk i ti norske aviser* (2001). I desse bøkene blir likevel dette perspektivet berre eitt av mange, og ikkje drøfta spesielt grundig.

Meir generelle studium av journalistikk i norske eller nordiske lokalaviser er heller ikkje så lett å finne. Johann Roppen har lokalt perspektiv i rapporten *Journalistikk i bygdeaviser* (Roppen 1993). Det same har dei svenske forskarane Gunnar Nygren (1999) og Bengt Johansson (1998) i sine arbeid frå 1990-talet. Det finst også ein del undersøkingar om utvalde emne, t.d. Ivar Andenæs sin rapport om tekstreklame i nordnorske lokalaviser (Andenæs 2005).

Den første breie drøftinga av lokaljournalistikkens særeigne utfordringar er å finne i antologien *Lokaljournalistikk. Blind patriotisme eller kritisk korrektiv?* med Birgit Røe Mathisen som redaktør og viktigaste bidragsytar (Mathisen (red.) 2010). Eg kjem tilbake til materiale frå denne boka i drøftinga av mine eigne funn i kapittel 4.

Eg har også sett nærare på to ferske studentarbeid frå Høgskulen i Volda. I 2008 analyserte Iselin Nevstad Øvrelid kjeldebruken i tre sunnmørske lokalaviser; *Møre-Nytt*, *Vikebladet Vestposten* og *Vestlandsnytt* (Øvrelid 2008). Året etter kartla Ellen Flå innhald og vinkling i dei to konkurrerande lokalavisene på Oppdal, *Opdalingen* og *OPP* (Flå 2009).

Den doble *lim og lupe*-målsetjinga er motsetnadsfylt, og ho kan lett skape etiske dilemma. Små forhold, tette personlege band og oppfatninga av lokalavisa si rolle som talerør for lokalsamfunnet byr på utfordringar for den profesjonelle redaktør og journalist. Politikarar, næringsliv og kulturliv forventar positiv omtale av det som skjer, og lokalsamfunnets representantar har ofte lita eller inga forståing for dei ideale prinsippa i Ver varsom-plakaten og Tekstreklameplakaten. I tillegg er einkjeldejournlistikk svært utbreidd i mange saker.

At ei avis har eit ideologsk grunnsyn, er i seg sjølv ikkje problematisk. Det er tvert om det normale, i alle fall i dei store avisene. Mitt spørsmål er om lokal- og regionavisene si uttalte målsetjing om å vere identitetsskapar og talerør – i tillegg til å vere kritiske og uavhengige – skaper særeigne journalist-etiske utfordringar. Eller er det i prinsippet dei same problemstillingane ein må forholde seg til i *lokalisme*-avisene<sup>5</sup> som i aviser som bekjenner seg t.d. som

---

<sup>5</sup> Omgrepet «lokalisme» er ikkje å finne i ordbøkene enno, men det er brukt m.a av historikarar i omtalen av lokalsamfunnets kamp for eigne interesser – mot sentralmakta. (Sjå t.d. Tore Grønlie i *Historisk Tidsskrift* nr 4/2004). Det er også brukt i avissamanheng tidlegare, m.a. av Dag N. Kristoffersen i sin analyse av journalistikk-

konserverative, radikale, feministiske, liberale eller kristelege? Bør lokalismen vurderast på linje med andre «ismar», eller er dette noko som fortener andre teoretiske innfallsvinklar?

Forventning utanfrå om patriotisk journalistikk (t.d. entusiastisk førehandsomtale) er ikkje noko som gjeld berre lokalavisene. Det finst på alle nivå i mediehierarkiet. Regionavisa fremjar regionens interesser i konkurranse med andre regionar (*Sunnmørsposten* for Ålesund/Sunnmøre, *Bergens Tidende* for Bergen/Vestlandet, *Adresseavisen* for Trondheim/Trøndelag) og riksmidia som NRK, TV2 og VG reklamerer i mange samanhengar for Noreg i konkurranse med andre nasjonar. Når Noreg deltar i internasjonale songkonkurransar eller idrettsstemne er det både akseptert og forventa at norske journalistar heiar meir eller mindre ukritisk på norske deltakarar.

Ei liknande problemstilling er tatt opp av Siri Storstein Hytten i masteroppgåva *Journalistikkens sammenbrudd? En studie av NRKs TV-aksjon som uttrykk for konflikt mellom ulike journalistiske idealer* (Hytten 2010). Her drøftar ho NRK og NRK-journalistane si rolle i den årlege TV-innsamlinga. Denne typen program bryt også klart med dei tidlegare siterte VVP-formuleringane om media sitt samfunnsoppdrag. Samstundes forsvarar NRK-informantane konseptet, og brukar argument om at dette er «tradisjon» og at det er ein del av NRK si rolle å vere fellesskapsbyggjar, eller storsamfunnets «lim». Hytten konkluderer ikkje, men ho problematiserer forestillinga om at den kritiske og uavhengige journalistikken er det einaste moglege idealet. Kanskje kan eit kommunitaristisk<sup>6</sup> ideal også vere legitimt, eit ideal som har «fellesskapets beste» som basis?

## AVIS SOM BUTIKK

Til slutt ein kommentar om ei side ved journalistikken som ofte blir underkommunisert når ein drøftar dei store spørsmåla om avisene si rolle i samfunnet. Avishusa er ikkje berre formidlarar av informasjon og debatt. Dei er også bedrifter som skal tene pengar (evt. tape minst mogleg), og kravet om kommersiell suksess ligg som eit sjølv sagt grunnlag for den daglege drifta. Sigurd Allern skriv m.a. om dette i sin analyse av journalistikken av ti aviser på slutten av 1990-talet (Allern 2001, s. 87ff).

Det er lettast å sjå dette fortенestemotivet i laussalsavisene, som profilerer framsidene sine etter kva typar emne og vinklingar som sel best. Ei undersøking hausten 2011 viser t.d. at laussalsavisene VG og Dagbladet brukte orda «slik» og «derfor» i framsidetitlane tre gongar så ofte i 2009-2011 som i 1999-2001 (VG 3.12.2011). Er det fordi dei journalistiske nyheitskriteria har endra seg slik at stoff om kosthald, helse, feriereiser og økonomi blir vurdert som «viktigare» no enn for ti år sidan? Neppe. Forklaringa er at dei som sit på desken i desse avisene veit at forbrukarjournalistikk med denne direkte lesartiltalen akkurat no gir betre sal enn andre typar oppslag med andre tittelvriar.

Slik bevisst vinkling er det truleg mindre av i lokalavisene, men det er naivt å tru at ikkje marknadstilpassa journalistikk er utbreidd også i denne delen av pressa. Døme på ukritisk

---

ken i lokal- og regionavisene i samband med valet i 2003 (Kristoffersen 2004) og i Birgit Røe Mathisen si masteroppgåve om innhaldet i nordnorske lokalaviser (Mathisen 2007).

<sup>6</sup> Kommunitarisme (moralfilosofisk): «Retning som legger vekt på hvordan normer og verdier alltid er knyttet til og har mening innenfor rammen av et gitt fellesskap, og ikke kan ses løsrevet fra dette. Gjerne forbundet med moderne former for dydsetikk, og i motsetning til former for moralfilosofi som legger vekt på universelle normer og verdier.» (Kjelde: Caplex)

tekstreklame er i alle fall ikkje vanskeleg å finne (sjå t.d. Andenæs 2005), og dette kan vanskeleg forsvarast med grunnlag i dei ideale målsetjingane som er siterte over.

Utfordringa for aviser av alle slag blir å finne balansegangen mellom børs og katedral. Det må sjølvstøtt vere lov å ha som målsetjing å tene pengar, men det bør ikkje gå ut over samfunnsoppdraget. I alle fall ikkje i for stor grad. Dersom den aktuelle publikasjonen ikkje lenger kan seiast å ha «en nyttefunksjon i samfunnet» (Brurås 2010, s. 29), kan avisa bli klassifisert som vekeblad eller det som verre er, og truga både med moms og bortfall av andre privilegium.

## LOKALAVISA SI ROLLE

Eit demokratisk samfunn byggjer på yringsfridom og den store, offentlege samtalen i frie medium. Har dei minste lokalavisene ein naturleg plass på denne arenaen? Svaret må vere ja. I alle fall om perspektivet er dagens. Hovudgrunnen er at desse avisene framleis har ein funksjon som ingen andre mediekkanalar kan utfordre dei på. Dei leverer store mengder informasjon om stort og smått som folk vil ha og som ikkje er å finne andre stader. Dette er bra for lokalt engasjement og lokal deltaking i alt frå velforeiningar til kommunestyre, og heilt i tråd med det Brurås kallar «informasjonsfunksjonen» og «gruppekommunikasjonsfunksjonen».

Eit liknande perspektiv finst i debatten om A-prensa sitt oppkjøp av region- og lokalavisene i Edda Media hausten 2011. I eit innlegg med tittelen «En robust lokalpresse» omtalar A-presseredaktørane Erling Omvik og Jens Olai Jenssen desse avisene sin funksjon slik:

Norske region- og lokalaviser lever i tett kontakt med sine lesere, som lokale kritikere og samfunnsaktører, som møteplasser og lim i sine regioner og lokalsamfunn, og som forsvarere av Distrikts-Norges interesser. Det er nødvendig at denne mediegruppen styrkes, og at mangfoldet trygges (*Dagens Næringsliv*, 16.12.2011).

LLA kunne ikkje ha sagt det betre sjølv.

Lokalavisene formidlar også meiningar i form av redaksjonelle kommentarar og lesarinnlegg. Her er konkurransen større – frå bloggar, Facebook, nettavisene sine kommentarfelt og andre nettmedium. Fordelen ved desse nye kommunikasjonkanalane er farta. Medan ein i avisa må vente to-tre dagar – eller kanskje ei heil veke – på tilsvar etter ei meiningsytring, kan ein i dei nye elektroniske kanalane gjere unna heile diskusjonen på ein dag eller to. Og då gjerne med langt fleire innlegg og bidragsytarar enn i ein tradisjonell avispolemik.

Lokalavisene spelar også ei viktig rolle som vaktbikkjer og meir eller mindre kritiske korrektiv i sine lokalsamfunn. Kor kritiske og uavhengige dei er, varierer truleg mykje. Både eigne data og andre undersøkingar tyder på at nærleiken til kjeldene, manglande etisk bevisstheit og rett og slett dårleg journalistisk handverk framleis er eit problem i mange redaksjonar. Men stoda på desse områda blir etter alt å døme stadig betre. LLA, som organiserer dei fleste av dei minste avisene, har i alle fall brukt mykje ressursar på kvalitetsarbeid og intern skoleing for sine medlemmer dei siste åra. Dei har også gitt ut fleire hefte med kommenterte dømesamlingar (t.d. Frøyseth og Espeland 2010).

## 3 Det norske avislandskapet

### Opplag og lesarvanar det siste tiåret

Det norske avislandskapet er både stabilt og i endring.<sup>7</sup> Dei siste tiåra har talet på titlar endra seg lite, medan samla tal på daglege avislesarar går nedover. Det same gjer gjennomsnittleg tid pr lesar. Opplagstala viser eit meir variert bilete, med ulik utvikling for ulike avistypar. Likevel: Statistikken for 2011 viser at samla opplag for papiravisene i Norge held stø kurs unnabakke, for trettande året på rad. Nokre få har suksess, dei fleste slit. Kortversjonen er at det er laussalet som sviktar og at det er dei som satsar smalt, sjeldan og smått som ser ut til å ha best føresetnader for suksess.

Forklaringane på dei siste åras opplagsnedgang er mange og samansette. Stikkorda «nett» og «skjerm» går ofte att når dette blir diskutert. Dette vil eg ikkje gå nærare inn på her. Mitt perspektiv er at mangfaldet i avis-Noreg er stort, og at dei ulike avistypane har svært ulike føresetnader for å halde stillinga.

#### HOVUDTENDENSANE

I dag er det 226 papiraviser i Noreg, med utgåver ein til sju gonger i veka (gratisaviser ikkje medrekna). Talet på utgjevarstader er 186. Den langsiktige trenden sidan byrjinga av 1990-talet er at begge desse tala har auka svakt, men dei siste to-tre åra ser denne veksten ut til å ha stoppa opp (Høst 2011, s. 15).

Nokre tal frå 2010- og 2011-statistikkane kan illustrere hovudtendensane i opplagsutviklinga:

- Samla opplag i 2011: 2 367 253, ned 3,1 prosent frå året før. (2010: minus 3,3 prosent)
- Opplagsnedgang kvart år sidan 1998, sterkast dei siste fem-seks åra. Frå 1998 til 2011 er nedgangen på over 20 prosent.
- Både i 2010 og 2011 var det berre fire av landets 75 dagsaviser som hadde opplagsauke. I 2011 var det *Klassekampen* (+1000), *Dagens Næringsliv* (+2036), *Dagbladet* (+859) og *Dagen* (+114).
- Siste åra har det vore særleg sterk nedgang i laussalet, for alle typar aviser. Mest dramatisk for *Dagbladet* (ned 50 prosent siste ti år) og *VG* (ned 40 prosent).
- Nokre riksdekkjande nisjeaviser har gått fram dei siste åra: *Morgenbladet*, *Klassekampen*, *Dagens Næringsliv* og *Dag og Tid*. Andre nisjeaviser slit meir, t.d. dagsavisene *Nasjonen* og *Vårt Land* og vekeavisene *Ny Tid* og *Fiskeribladet/Fiskaren*.
- 38 prosent av dei lokale fådags- og vekeavisene hadde opplagsauke i 2010. Dei minste gjorde det best. Nesten ein tredel (31 prosent) av vekeavisene sette opplagsrekord dette året. Tilsvarende tal for to- og tredagsavisene var 11 prosent.

Ser ein på opplagsutviklinga for ulike avistypar, er det litt varierende tendensar i ulike deler av landet. På Vestlandet er det etter måten mange lokalaviser som har hatt nedgang dei siste åra, medan det på Austlandet og i Nord-Noreg er ein større andel av dei små lokalavisene som kjem på pluss-sida. Litt av forklaringa på dette er at avisstrukturen på Vestlandet er meir utbygd og

---

<sup>7</sup> Hovudkjelda i dette kapitlet er Sigurd Høst sin rapport *Avisåret 2010* (Høst 2011) og tilsvarende rapportar frå tidlegare år. Desse publikasjonane byggjer igjen på tal frå dei to store avisorganisasjonane MBL og LLA. Tala for 2011 (publisert av LLA og MBL i februar 2012) viser ingen overreaskande tendensar. Mest mediemerkemd fekk *Dagbladet* som dette året greidde å snu opplagsfallet til ein ørliten framgang (+859), men elles er lista over vinnarar og taparar til forveksling lik den ein har sett dei siste åra. Sjå elles vedlegg 5 med fullstendig opplagsstatistikk for lokale fådags- og vekeaviser for åra 2008-2011.

etablert enn i andre deler av landet. Medan ein i vest lenge har hatt eit system med tilnærma «kvar kommune si avis», er det i aust og nord framleis betre plass til lokale nyetableringar. Ei finlesing av statistikken viser også at mange av avisene med størst framgang er nokså nye, og framleis må kunne seiast å vere i ein etableringsfase i sine dekningsområde. I alle fall den eine av opplagsvinnarane dei to siste åra er eit godt døme på dette. Den lokale vekeavisa *Vågan-avisa* (utgitt i Svolvær), som i 2010 hadde ein auke på heile 12 prosent (til 2295), vart grunnlagt så seint som i 2006. I 2011 var det lokalavisa *NordSalten* som toppa statistikken med 8,1 prosent auke (til 2871). Denne vart grunnlagt i 1995.

## OPPLAGSPOTENSIALET

Det er vanskeleg å vurdere opplagspotensialet for ulike aviser. For lokalavisene er dekningsgrad og opplag avhengig av mange faktorar, m.a. avisstruktur i regionen, konkurranse frå andre lokalaviser, gratisaviser, næringsliv og demografisk utvikling. Dette er variablar som dei fleste stader forandrar seg lite frå år til år, sjølv om fråflytting, butikkdød og anna sentralisering opplagt er eit moment å rekne med for dei som gir ut avis i utkantstrøk. Trøysta for desse er at mange av dei som flyttar frå bygda tar med seg abonnementet til sitt nye liv i byen. Dette er hovudforklaringa på at nokre aviser har eit opplagstal som er høgare enn talet på husstandar i utgjeverkommunen. Vanylven kommune, lengst sør på Sunnmøre, har t.d. hatt jamn nedgang i folketalet dei siste åra. Frå nesten 4000 rundt 1990 er folketalet no vel 3400 fordelt på 1450 husstandar (ssb.no). Men opplaget til lokalavisa *Synste Møre* er vesentleg høgare enn som så. I 2011 var det 2358.

Så langt er berre «ytre» faktorar nemnde i drøftinga av opplagsutviklinga. Fråflytting, lokal konkurranse og nye medietilbod er viktige variablar, men kva med sjølve det journalistiske produktet? Er ikkje innhald og utforming av avisa endå meir vesentleg når folk tar valet om dei skal abonnere på lokalvisa eller ikkje? Vil ikkje folk helst ha ei mest mogleg profesjonell og seriøs avis? Svaret på dette spørsmålet er kanskje mindre opplagt enn ein skulle tru. Eigne analysar gir i alle fall grunn til å problematisere eit slikt syn. Dette kjem eg attende til i case-studien i kapittel fem.

## SMÅTT ER GODT

Profil og frekvens ser ut til å vere to av dei viktigaste momenta for å forklare papiravisene si opplagsutvikling dei siste åra. Underhaldning og sport, nasjonale og internasjonale nyheiter er å finne i mange slag mediekanalar. Ikkje minst dei elektroniske. Saker frå lokalsamfunnet, ideologisk forankra journalistikk og/eller alternative kommentarar og reportasjar vil mange framleis ha på papir.

Det er heller inga ulempe å kome ut sjeldnare enn kvar dag. Tid brukt på kommunikasjon og underhaldning via fjernsyn-, data- og telefonskjerm har auka dramatisk berre på få år, og folk kjenner på medietidsklemma. Mange opplever at ein stadig mindre del av den tjukke avisa som kjem på døra dagleg – eller blir kjøpt i kiosken på veg heim frå jobb – blir lesen, og då endar det lett med at ein like godt kuttar ut abonnementet eller laussalskjøpet.

Den vesle lokalavisa er mindre konkurranseutsett, både med omsyn til profil og tid. Skal ein følgje med på det som skjer i grenda eller kommunen, eller halde seg orientert om tilboda frå lokalt næringsliv og kulturliv, er nettet ikkje noko alternativ dei aller fleste stader. Og same kor ivrig ein er på Facebook, blogg eller anna dippeduttbruk, har ein alltid tid til å bla gjennom den vesle lefsa når den kjem i postkassa ein gong eller to i veka.



## 4 Kva står i avisa?

### Presentasjon og drøfting av eigen empiri

Grunnlaget for empirien som blir presentert i dette kapitlet er utvalde oppslag i 145 fådagsaviser, dei fleste frå februar 2009. Eg har analysert tre stofftypar: 1) hovudoppslag på framsida, 2) sekundæroppslag på framsida og 3) leiarartiklar.

#### Oversyn over analyserte artiklar

	tal artiklar	tal aviser
Hovudoppslag, framside	145	145
Sekundæroppslag, framside	84	63
Leiarartikkel	130	114
<i>Samla tal artiklar</i>	<i>359</i>	

*Hovudoppslaget* er den saka som er størst og som oftast er plassert øvst på framsida. I dei aller fleste av dei undersøkte avisene var det liten tvil om kva oppslag som skulle få denne merkelappen. Samla tal på hovudoppslag i mitt materiale er det same som talet på aviser: 145.

Det eg har kalla *sekundæroppslag* er andre større saker på framsida. Her er overgangen til «reine» tilvisingar glidande, og eg har valt å definere denne kategorien som eit oppslag over minst to spaltar og med ingress eller brødtekst på minst tre-fire linjer. Evt. oppslag nr. tre er også tatt med her. 63 aviser er registrerte med sekundæroppslag. Mange av dei har to slike ekstrasaker på framsida, slik at det samla talet på oppslag i denne kategorien er 84.

*Leiarartikkel* er definert som kommentarartikkel skriven av redaktør, evt. anna redaksjonell medarbeidar. Nokre av desse kommentarane er signerte, dei fleste er det ikkje. Ein del aviser har to leiarartiklar. To aviser (*Bygdebladet* og *Demokraten*) har til og med tre. Dette er årsaka til at samla tal på slike artiklar er høgare enn talet på aviser med leiar. (Sjå også fullstendige oversyn i vedlegg 2 og 5.)

Desse tre stofftypane er så analyserte med utgangspunkt i følgjande variablar: *Tema, vinkling, viktigaste kjelde, konfliktramme og perspektiv*. Dette utvalet av variablar byggjer delvis på Birgit Røe Mathisen sine analysar av fire lokalaviser (Mathisen 2007 og Mathisen (red.) 2010)<sup>8</sup> og Sigurd Allern sitt prosjekt «Nyhetsverdier» (Allern 2001).<sup>9</sup> Nærare omtale av desse variablane er å finne saman med presentasjonen av figurane på dei følgjande sidene og i kodeboka (vedlegg 6).

### TEMA OG VINKLING


I dei tre første figurane er mine utvalde sjangrar (*hovudoppslag, sekundæroppslag og leiarartikkel*) kombinerte med variablane *vinkling* og *tema*. Når det gjeld vinkling, har eg tre kategoriar: *positiv, kritisk og nøytral*. Positive saker er slike som i hovudsak gir eit positivt

<sup>8</sup> *Saltenposten, Helgelands Blad, Fremover og Namdalsavisa*. Dei to første er også med i mitt utval.

<sup>9</sup> Sjølv om eg har brukt ein del av dei same kategoriane, kan min empiri frå 2009 vanskeleg samanliknast med hans analysar frå slutten av 1990-talet. Ikkje berre fordi det er ti år mellom undersøkingane, men først og fremst fordi det i Allern i sitt utval av ti aviser er berre to lokale fådagsaviser (*Hordaland* og *Helgelands Blad*). Desse er heller ikkje representative for denne avistypen, sidan dette er to av landets største tredagsaviser, med opplag på høvesvis 9300 og 5200 og redaksjonelle ressursar deretter.

bilete av lokalsamfunnet eller av hendingar i lokalsamfunnet. Kritiske saker er på ein eller annan måte kritiske eller negative til folk, organisasjonar, bedrifter eller ordningar/vedtak. Nøytrale saker er korkje positive eller kritiske. Dei kan vere nøkternt refererande eller det kan vere saker som presenterer «på den eine sida» og «på den andre sida» på ein balansert måte utan å ta standpunkt.<sup>10</sup>

Figur 1: Hovudoppslag. Tema og vinkling. Absolutte tal. (N=145)  
(I parantes: Tal på saker i kvar kategori)




Tre stofftypar skil seg ut: Økonomi/næringsliv med 39 oppslag, helse/utdanning/miljø med 31 og politikk/forvaltning med 26. Saker i desse tre kategoriane er hovudoppslag i to tredeler av dei 145 undersøkte avisene. Trafikk/ulykker (15), kunst/kultur/kyrkje (13) og sport (10) utgjer mesteparten av resten. Desse tala er truleg ikkje så overraskande for dei som kjenner lokalavisene godt. Rådhusjournalistikk og omtale av lokale næringsdrivande er velkjende sjangrar. På den andre sida har eg funne berre tre hovudoppslag med det klassiske nyheitstemaet krim/rettsvesen.

<sup>10</sup> Birgit Røe Mathisen kallar sine tilsvarande kategoriar «positiv», «negativ» og «nøytral». Vi ser ut til å definere «positive» og «nøytrale» saker nokså likt. Men medan ho definerer sin kategori «negativ» som «...artikler der avisa framstår som kritisk til lokalsamfunnet eller kommunen» (Mathisen 2007, s. 38), har eg ein litt vidare definisjon av «kritisk». Eg tar med alle saker som tar utgangspunkt i kritikk ev eitt eller anna slag eller eit problem, uavhengig av om det har noko med kommunen eller andre offentlege mynde å gjere. Eg inkluderer med andre ord brotsverk, nabokrangler og nedskjerjingar i næringslivet i denne gruppa. Eg vel dessutan å bruke omgrepet «kritisk» og ikkje «negativ». Dette kan diskutast, sidan «kritikk» i utgangspunktet er eit nøytralt omgrep som også kan omfatte positiv omtale. Eg synest likevel den allmenne bruken og oppfatninga av omgrepet «kritisk» gjer at dette er mest dekkjande her.

Meir interessant er det kanskje å sjå på kva vinkling som er valt i ulike typer saker. Her er det store skilnader mellom kategoriane. Politikk/forvaltning er einaste kategori med klar overvekt av kritisk vinkling (13 av 26), like mange som positive (6) og nøytrale (7) til saman. Einaste andre kategori med fleire kritiske enn positive saker er – ikkje uventa - trafikk/ulykker (7 mot 6). Alle andre kategoriar har til dels stor overvekt av det eg har klassifisert som positiv vinkling, inkludert økonomi/næringsliv (20 positive mot 14 kritiske og 5 nøytrale). Kunst/kultur/kyrkje og sport merkjer seg ut som stofftypar der det nesten ikkje finst kritisk vinkling i hovudsoppslaga.

Figur 2: Sekundæroppslag. Tema og vinkling. Absolutte tal. (N=84)  
(I parantes: Tal på artiklar i kvar kategori)




Andre- og tredjesakene på framsida presenterer ein heilt annan stoffmiks enn i hovudoppslaga. Kunst/kultur/kyrkje er klart største kategori med 27 av dei i alt 84 analyserte sakene. Helse/utdanning/miljø og økonomi/næringsliv er nr to og tre på lista med 14 og 13 oppslag. Vinklinga er også annleis. Overvekta av positive saker er endå større enn i hovudoppslaga, og heile 25 av dei 27 sakene som omtalar kunst/kultur/kyrkje er plasserte i denne enden av skalaen.

For dei andre kategoriane er det såpass små tal at ein skal vere varsam med å konkludere for sikkert, men det er verd å merke seg at det heller ikkje i andreoppslaga ser ut til å vere noko særleg «lupe»-prega journalistikk om det lokale idrettslivet. Ingen av dei ni sakene om sport er kategorisert som «kritisk».

Ser ein framsidene i mitt avisutval under eitt, er tendensen tydeleg: Hovudoppslaget blir gjerne brukt til politikk, økonomi, helse og andre «harde» saker. «Mjuke» gladsaker om lokalt kulturliv, jubilarar og unge idrettsheltar får også plass, men då i litt mindre oppslag.

Figur 3: Leiarartiklar. Tema og vinkling. Absolutte tal. (N=130)  
(I parantes: Tal på artiklar i kvar kategori)



Kva tema blir tatt opp i leiarane? Politikk/forvaltning er ein suveren vinnar. Over ein tredel (47 av 130) hamnar i denne kategorien. Helse/utdanning/miljø (25) og økonomi/næringsliv (23) kjem deretter, med kunst/kultur/kyrkje (18) på fjerdeplass.

Dei aller fleste leiarane tar utgangspunkt i lokale forhold, evt. i samanheng med vedtak eller hendingar nasjonalt. Nokre få kommenterer nasjonale saker utan lokal vri. Ingen kommenterer internasjonale saker.

Leiarartikkelen ofte knytt til eitt av oppslaga på framsida, men det er stor variasjon i skarpeheit. Det går frå heilt uforpliktande skryt av lokale kulturaktørar (mange kommentarar om Ungdommens kulturmonstring) og «det gode liv på bygda» (*Fjell-Ljom*: «Viddas vidunderlige hverdag») til knallharde åtak på byråkratar, politikarar og – av og til – næringsdrivande. Næringsdrivande og private er elles sjeldan målskive for leiarkritikk. Byråkratar, gjerne i fylke eller stat, er lettare å ta. Eit typisk døme frå *Demokraten*: «Politisk pølsevev», om påstått inkonsekvante kommunale vedtak om serveringstider.

Nokre få forsvarar «vanlege folk» frå vedtak i byråkrati eller politiske organ, t.d. i reguleringsaker. Leiarcommentaren i *ÅmliAvisa* er eit døme på dette, med kritikk av eit kommunalt

vedtak om skytebane. Vedtaket går ut over utanlandske innflyttarar som har etablert gardsdrift og turistverksemd i det aktuelle området. Her er avisa talsmann for folk som ikkje har nettverk og gode kontaktar i kommunen.

Ein del leiarartiklar er påfallande nøytrale, med oppramsing av argument for og imot kontroversielle spørsmål, utan å ta stilling. Eit døme her er *SortlandAvisa*. Leiarsskribenten kommenterer argument både for og imot oljeboring utanfor Lofoten, men tar ikkje stilling sjølv.

Inntrykket av nøytralitet i leiarane blir stadfesta av mi registrering av vinkling. Her er *nøytral* største kategori med 38 prosent. Eg har sett merkelappen *kritisk* på 32 prosent og *positiv* på 30 prosent. Mange redaktørar ser altså ut til å vere varsame med å ta stilling for eller imot aktuelle saker. Det er interessant, sidan det tradisjonelle synet på leiaren er at dette er staden der avisa skal profilere eigne verdiar og stå fram med sitt syn for eller imot eitt eller anna. På redaksjonell plass er balanse idealet, på leiarplass kan ein ta parti.

På den andre sida er det lett forstå at mange lokalavisredaktørar kvir seg for å vere skarpe og ta parti i kontroversielle saker. Det er gjerne små forhold og tette band mellom redaksjon og lesarar – og annonsørar. Lokalvisa har dessutan som regel ei monopolstilling i sitt lokalsamfunn. Det blir difor lagt stor vekt på å vere ei avis for alle innbyggjarane i dekningsområdet, ikkje berre dei med eit spesielt politisk eller ideologisk syn. Det kan også vere eit poeng her at aktuelle saker blir kommentert «undervegs» før alle sider er endeleg avklara og at det i mange høve er naturleg å ikkje ha for bastante meiningar i denne fasen.

## LEIAR – IKKJE LEIAR?

I mange mindre aviser varierer det litt frå utgåve til utgåve om redaktøren, evt. ein annan i redaksjonen, skriv leiarartikkel. For å få eit meir sikkert overslag over dette, tok eg ein telefonrunde til dei avisene i mitt utval som ikkje hadde leiar. Oppsummeringa etter denne ekstrasjekken viser at 71 av dei 81 to- og tredagsavisene har leiar alltid eller ofte (minst ein gong i veka), medan 50 av dei 64 vekeavisene har leiar minst ein gong i månaden. Dette utgjør høvesvis 88 og 78 prosent av avisene i mitt utval (sjå fullstendig oversyn i vedlegg 2).

Mitt inntrykk etter å ha snakka med nokså mange lokalavisredaktørar er at bransjen forventar leiarartiklar også i dei minste lokalavisene. Det høyrer med i ei seriøs avis. Mange frå dei leiarause avisene fortel at dei gjerne skulle ha skrivne leiar – i alle fall av og til – men at dei av ulike grunnar ikkje prioriterer det. På den andre sida er nokre redaktørar svært tydelege på at dei *ikkje* vil ha leiar og at dette er eit bevisst val. Ein uttrykte det slik: «Det blir lett likegyldig og tannlaust pjatt. Mange leiarartiklar er ikkje verd papiret dei er skrivne på.»

Dei viktigaste grunnane til at ein del redaktørar ikkje skriv leiar, kan oppsummerast slik:


- Manglande tid.
- Fare for dobbeltrolle i små aviser med skrivande redaktør. Vanskeleg for redaktøren å både skrive sakleg og balansert om ei sak og så meine noko sterkt om same saka.
- Vanskeleg å finne gode lokale saker å meine noko om.
- Vanskeleg å skrive godt nok.
- «Gått litt lei».
- Lett at det blir uforpliktande synsing om småting.
- For lett å støtte alle gode tiltak, utan omsyn til økonomisk konsekvens.
- Kan trakke folk på tærne og skape strid i lokalsamfunnet.
- Meiningane blir lett knytte til redaktøren som person, ikkje til avisa.

## VARIERANDE VINKLING

Slår ein saman vinklingsanalysane av framsideoppslaga, sekundæroppslaga og leiarartiklane, ser ein til dels store skilnader mellom dei stoffkategoriane eg har brukt.

Figur 4: Tema og vinkling. Oppsummering. Prosent. (N=359)

(I parantes: Tal på artiklar i kvar kategori)



Merk at måleininga på søylene i denne oppsummeringa (og den neste) er prosent, ikkje absolutte tal.


Tre tema skil seg ut som dei mest populære i mitt samla utval av oppslag: Politikk/forvaltning (78 saker / 22 prosent), økonomi/næringsliv (75 saker / 21 prosent) og helse/utdanning/miljø (70 saker / 19 prosent). Som ein god nr fire kjem kunst/kultur/kyrkje (58 saker / 16 prosent).

Figuren viser store skilnader i kor kritisk eller ukritisk avisene ser ut til å vere i forhold til ulike stofftypar. Kriminalitet/rettsvesen og trafikk/ulykker har høgast andel saker og har klassifisert som kritiske eller konfliktvinkla. Dette er ikkje uventa, sidan denne typen saker pr definisjon handlar om konflikter eller problem. Det er heller ikkje så uventa at politikk/forvaltning har høg prosent med saker som er vinkla slik. Her har avisa ofte politiske motsetnader som utgangspunkt for oppslaget, eller ein skriv om folk eller organisasjonar som på ein eller annan måte har problem med byråkrati, lover og reglar.

I andre enden av skalaen finn ein sport (86 prosent positiv) og kunst/kultur/kyrkje (72 prosent positiv). Mykje av forklaringa på dette er lokalavisene si breie dekking av barne- og ungdomsidrett og lokale kulturtiltak på amatørnivå. Her er det ingen tradisjon for å drive det ein

kan kalle kritisk journalistikk. Meir interessant i så måte er det at økonomi/næringsliv også skårar høgt her (51 prosent positiv, 29 prosent kritisk, 20 prosent nøytral). Lokalavisene sitt sjølvverklærte samfunnsoppdrag med lupe-funksjon skulle kanskje tilseie litt andre prosentar.

Figur 5: Sjanger og vinkling. Oppsummering. Prosent. (N=359)  
(I parantes: Tal på artiklar i kvar sjanger)



Denne oppsummeringstabellen viser at det er stor skilnad mellom dei tre utvalde stoffkategoriane m.o.t. vinkling. Sekundæroppslaga (oppslag nr to og tre på framsida) er tydelegvis staden for gladnytt og skryt. Tabellen over viser at heile 70 prosent av desse sakene er kategorisert som positive. Hovudoppslaga har også ei klar overvekt av saker med positiv vinkling (52 prosent), men her er andelen kritiske oppslag vesentleg større (33 prosent). Dei fleste leiar-artiklane er nøytrale (38 prosent) og ser ut til å fungere meir som balanserte oppsummeringar enn som ein arena for politisk eller verdimessig markering.

Slår ein saman dei tre stofftypane eg har sett på, finn ein at 49 prosent (174 saker) er klassifiserte som positive, 30 prosent (105 saker) er kritiske og 22 prosent (79 saker) er nøytrale.

## ANDRE UNDERSØKINGAR

Korleis stemmer så min empiri om tema og vinkling med andre undersøkingar om norsk lokaljournalistikk? Forholdet til resultatane i Allern si store undersøking *Nyheitsverdier* er alt kommentert (jf. fotnote 4 og 9), og eg skal ikkje bruke meir plass på dei tala her. Johann Roppen sine analysar av lokalaviser på Sunnmøre (Roppen 1991 og 1993) er meir relevante for mitt prosjekt. Han finn m.a. at stoff om lokal politikk og forvaltning toppar lista over populære tema, med næringsliv som ein god nummer to (Roppen 1991, s. 71). Dette sam-svarar godt med mine funn. Ein annan likskap er omfanget av krimstoff i dei minste avisene. Det var svært lite også då han samla inn sin empiri for godt over 20 år sidan. Roppen har ikkje brukt kategorien «helse, utdanning, miljø», men opererer med noko som er kalla «samfunns-stoff». Dette er truleg litt av det same, og her er det verd å merke seg at denne stofftypen kjem ut vesentleg

lågare enn dei to som toppar både hans og mi liste. Dette kan tyde på at «helse, utdanning, miljø» er viktigare for desse avisene no enn før. Elles tilseier både metodisk innretning og alderen på Roppen sine undersøkingar at det er vanskeleg å samanlikne hans empiri direkte med min.

For meg er det klart mest relevant å sjå på Birgit Røe Mathisen sin analyse av fire lokalaviser i Nordland og Nord-Trøndelag. Ho gjennomførte si datainnsamling i 2006, og oppsummerer sine funn om vinkling slik: «Analysen viser at halvparten av nyhetsstoffet de tre aktuelle ukene er vinklet til fordel for lokalsamfunnet [...] Også andelen nøytrale artikler ligger på 40 prosent, mens knapt en tidel av artiklene er kritiske eller negative» (Mathisen 2007, s. 54). Det er små innbyrdes skilnader mellom dei fire undersøkte avisene.

Andelen positive saker er så og seie den same som eg har funne (48 prosent mot hennar 50), men ho har vesentleg færre negative/kritiske (10 prosent mot mine 30) og tilsvarande omvendt fordeling på «nøytrale» saker (22 prosent mot 40).

Denne skilnaden kan ha fleire årsaker. Den mest nærliggande er ulik grensedraging mellom dei to siste kategoriane. Mathisen kan ha hatt strengare kriterium for å klassifisere ei sak som «negativ» enn eg har hatt for min kategori «kritisk». Dette er alt kommentert ovanfor (fotnote 10). Ei anna forklaring er at vi har brukt nokså ulikt type stoff som analysegrunnlag. Eg har valt ut berre framsidene og leiarartiklane, medan Mathisen har sett på nyheiter, politikk og næringsliv. Ho har på si side ikkje koda sport, feature/laurdagsartiklar eller stoff på kultursidene.

Den tredje forklaringa er skilnaden i design på undersøkingane. Eg har analysert eitt eksemplar av 145 ulike aviser, medan Mathisen har fordjupa seg i fire aviser (i eit avgrensa geografisk område) i tre veker. I forhold til den aktuelle avistypen representerer dermed mine tal stor breidde men lite djupne. Mathisen sin empiri er mindre allmenngyldig, men langt grundigare for dei utvalde avisene. To av dei fire avisene hennar er dessutan dagsaviser, og fell dermed utanfor den aviskategorien eg har valt ut i min studie.

Birgit Røe Mathisen har også sett på korleis førstesidesakene er vinkla (Mathisen 2007, s. 58ff). Ho finn ein tendens til at det er ein større andel «negative» saker her enn i det samla materialet, men at det framleis er stor overvekt av «positive» oppslag. At «nøytral»-kategorien er lågare på framsida forklarar ho med at det er naturleg å gi ytterpunkta mest fokus når hovudoppslaget skal veljast ut, og at det «... dermed er de positive og de negative sakene som oftast blir slått opp. Like fullt er det klart at hovedbildet som presenteres, er saker der avisa er på lokalsamfunnets side» (Mathisen 2007, s. 61).

Eit siste samanlikningspunkt er kommentarstoffet. I motsetnad til meg har Mathisen ikkje laga empiriske oppsummeringar av leiarartiklane. Ho har t.d. ikkje delt dei inn i dei tre kategoriane som er nemnt ovanfor. I staden har ho gjennomført ein kvalitativ analyse. Her finn ho etter måten store skilnader mellom avisene. Nokre er svært konkrete om lokale spørsmål, medan andre er rundare og med eit ikkje-lokalt perspektiv. Det samla inntrykket er at lokalavisene står fram som forkjemparar for sine lokalsamfunn og at dei prøver å spele ei rolle som politiske aktørar. Men då er det først og fremst politiske myndigheiter som får refs eller råd. I den grad næringslivet blir omtala, er det ofte knytta til ros eller at positive mulegheiter blir framheva (Mathisen 2007, s. 73).



Utgangspunkta for mine og Birgit Røe Mathisen sine analysar er såpass ulike at det ikkje gir meining å setje prosentlar direkte opp mot kvarandre. Som før nemnt er det også uråd å vite sikkert om vi har vurdert skjønsmessige kategoriar av typen «positiv» og «negativ/kritisk» på nokolunde same måten.

Likevel: Med dette atterhaldet er den førebelse konklusjonen at eg i analysen av vinkling finn godt samsvar mellom resultatane i dei to prosjekta. Eg finn i alle fall ikkje tendensar i mitt materiale som peikar i ei heilt anna retning enn dei ho framhevar. Det kan oppsummerast slik:

- Politikarar og offentlege byråkratar får både mykje omtale og ein del kritikk.
- Det lokale næringslivet blir sjeldan kika i korta på ein kritisk måte.
- Idretten og det lokale kulturlivet blir heia fram nesten uansett.

Til slutt kan også funna i ei fersk studentoppgåve nemnast. Ellen Flå kartla hausten 2009 innhaldet i dei to lokalavisene på Oppdal, tredagsavisa *Opdalingen* og vekeavisa *OPP* (Flå 2009).<sup>11</sup> Ho såg på alle sakene med redaksjonell byline, og fann interessante skilnader mellom dei to avisene. *Opdalingen* hadde 73 prosent positive saker, 13 prosent kritiske og 14 prosent nøytrale. Tilsvarande prosenttal for *OPP* var 54, 36 og 10. Her ser det altså ut som dei to lokalavisene har nokså ulik profil, med vekeavisa som den klart mest kritiske – eller balanserte.

Flå sin prosent for positivt vinkla saker i *OPP* (54) er nokså nær både mitt og Birgit Røe Mathisen sitt resultat (høvesvis 48 og 50 prosent), utan at ein bør legge for mykje vekt på det. Det før nemnde atterhaldet om ulikt utval av stofftypar frå dei aktuelle avisene og evt. ulike grenser mellom dei tre kategoriane *positiv-kritisk-nøytral* gjeld her også.

## KJELDER

Oppsummeringane over viser at saker om politikk og forvaltning blir prioritert høgt på framside og leiarplass i norske lokale fådagsaviser. Det er då rimeleg å tru at elitekjeldene dominerer i desse sakene, dvs. ordførarar, politikarar og andre toppar i kommunal forvaltning. I Birgit Røe Mathisen sitt materiale er denne tendensen svært tydeleg. Ho har registrert hovudkjelda i kvar artikkel og oppgir andelen «elitekilde» til mellom 82 og 87 prosent. Tilsvarande har berre mellom 13 og 18 prosent av sakene «grasrot»-kjelde<sup>12</sup> (Mathisen (red.) 2010, s 41).

Sigurd Allern har tilsvarande funn i sitt materiale. Han har ei finare inndeling i kjeldetypar, men slår ein saman kategoriane «grasrota/vanlige menneske», «idrett» og «kultur», kjem ein likevel ikkje opp i meir enn ca 25 prosent totalt (Allern 2001, s 172). Det er her interessant å sjå at dei to fådagsavisene i hans utval (*Hordaland* og *Helgelands Blad*) har klart størst andel av det han definerer som grasrot-kjelder, men sidan desse avisene har færre idrettskjelder enn dagsavisene, blir total andel ikkje-elitekjelder likevel ikkje større enn gjennomsnittet. Tvert om toppar dei tabellen i kategorien *politikk og forvaltning*. Dvs. at desse avisene har forholdsvis fleire saker med slike kjelder enn dei åtte dagsavisene i utvalet.


---

<sup>11</sup> Grunnlaget for undersøkinga var alle utgåvene i åtte veker hausten 2009, dvs. 24 utgåver av *Opdalingen* og åtte utgåver av *OPP*. Til saman vart 275 artiklar i *Opdalingen* og 151 artiklar i *OPP* analyserte.

<sup>12</sup> Mathisen definerer kategoriane slik: «Med lokale elitekilder menes her ledere i næringsliv, kommunepolitikere og rikspolitikere, rådmenn og andre byråkrater, representanter for politi og rettsvesen, organisasjonsledere og eksperter på ulike områder [...] Med grasrotkilder menes mennesker eller privatpersoner som ikke representerer noen organisasjon eller institusjon. De er ikke intervjuet i kraft av sin posisjon, men snakker for seg selv, og framstår som den vanlige mann i gata.»

Korleis stemmer desse undersøkingane med det eg har funne i mitt materiale?  
Først eit oversyn med utgangspunkt i redaksjonell plassering.

Figur 6: Viktigaste kjelde. Sjanger. Prosent. (N=359)  
(I parantes: Tal på artiklar i kvar sjanger)



Kategorien *framside* omfattar både hovudoppslag og sekundæroppslag. Denne samanslåinga har eg gjort for å få ein meir oversiktleg tabell. Grunnlagstala viser at skilnadane i kjeldebruk for desse to kategoriane er etter måten små.

For ordens skuld har eg også tatt med eit oversyn over fordelinga av kjeldebruk i alle dei 359 artiklane som er analyserte i mitt materiale. Desse totaltala er mindre interessante enn dei som er fordelte på sjanger. Dei gir eit gjennomsnitt av dei tre utvalde sjangrane, men kan ikkje brukast som mål på alt stoffet i avisa.

Det umiddelbare inntrykket er at mine tal skil seg tydeleg frå dei eg har referert frå Mathisen og Allern sine undersøkingar ovanfor. Eg har t.d. funne at heile 48 prosent av framsideoppslaga har grasrot-kjelde. Dette er meir enn dei tre kategoriane elite (19 prosent), næringsdrivande (19 prosent) og dokument/vedtak (8 prosent) til saman.

Kjeldebruken i leiarartiklane er heilt annleis. Her er grasrot-andelen berre 7 prosent, medan dokument/vedtak er den største med 41 prosent. Kategorien anna/ukjent er også svært høg, heile 38 prosent. Forklaringa på dette er at mange av leiarartiklane omtalar og kommenterer aktuelle saker utan å oppgi kjelde. Det kan vere snakk om problemstillingar eller stridsspørsmål som er allment kjende i lokalsamfunnet eller saker som er omtala annan stad i avisa. Grunnlaget for kommentaren er då gjerne ein syntese av informasjon som skribenten kanskje ikkje har oversyn over sjølv ein gong.

Det er også verd å merke seg at eg har funne svært få leiarartiklar som har *elite* som viktigaste kjelde (13 prosent) og endå færre som byggjer på folk frå næringslivet (3 prosent).

Forklaringane på den store skilnaden mellom mine funn og Mathisen og Allern sine er truleg langt på veg dei same som eg alt har kommentert over, i omtalen av vinkling. Den mest opplagde er at vi har undersøkt ulike typar avisstoff. Eg har sett berre på framsider og leiarar, dei har eit meir variert stoffutval som grunnlag. Om deira undersøkingar difor er meir representativ for *heile* avisa kan likevel diskutierast. Mathisen har t.d. ikkje tatt med sport, feature/laurdagsartiklar eller kultursider. Heller ikkje notisar. (Mathisen 2007, s 37). Allern sitt utval består av «nyhets- og featurstoff» med minst ein kjeldereferanse. Dvs. at også hans data byggjer på eit langt frå fullstendig innhald.

Ei anna forklaring kan vere ulike analyseiningar. Eg opererer med fem kjeldekategoriar, Allern har ti, Mathisen har to (jf. fotnote 12). Min kategori dokument/vedtak er t.d. ein type kjelde som både Mathisen og Allern truleg tar med under elite. Eg har med ein kategori for anna/ukjent, medan dei to andre ikkje har tatt med artiklar med ukjent kjelde i det heile. Dette gjer også sitt til at tala for grasrot og elite i dei tre undersøkingane ikkje utan vidare kan samanliknast.

Den tredje forklaringa kan vere at det er snakk om ulikt utval av aviser til ulike tider. Mine tal er gjennomsnitt frå framsider og leiarar i lokale fådagsaviser frå 2009. Mathisen har analysert artiklar i to lokale fådagsaviser og to dagsaviser frå 2006. Allern undersøkte ti aviser av ulik type i 1999.

Trass desse metodiske merknadane: Tendensen i mi undersøking ser ut til å vere tydeleg annleis enn dei tala Mathisen og Allern baserer seg på. Konklusjonen må difor vere at den oppfatninga mange har om at elitekjeldene dominerer stoffet også i lokalavisene, bør nyanserast. Birgit Røe Mathisen skriv m.a. dette:

Tidligere undersøkelser viser at kildetilfanget i presse og kringkasting har en sterk tendens til å være topptungt. I 2001 gjennomførte Sigurd Allern en undersøkelse av ti norske aviser, og konkluderte med at det er de profesjonelle kildene som dominerer, ikke den menige mann og kvinne (Allern 2001). Lokalavisene i denne undersøkelsen [Mathisens egen] skiller seg ikke nevneverdig fra tidligere forskning. Tallene viser at det er samfunnets eliter som i størst grad får komme til orde, også i de lokale mediene. (Mathisen 2010, s 41-42.)


Dette kan eg altså ikkje utan vidare skrive under på. Tvert om kjem grasrota – den menige mann og kvinne – i overraskande stor grad til orde i mitt utval. Som før nemnt er ikkje oppslaga på framsidene i desse 145 fådagsavisene nødvendigvis representativ for innhaldet i resten av avisa, men eg ser det som lite truleg at utspel og innspel frå ordførarar, rådmenn og andre samfunnstoppar systematisk blir plasserte på mindre prioritert plass inne i avisa. Her er jo også alt det «lette» og typiske grasrotstoffet plassert, t.d. notisar, personalia og arrangementsomtalar. Dette er også med på å halde den samla «eliteandelen» nede.

At lokalavisa prioriterer stoff frå og om grasrota, er truleg eit fornuftig val for redaktørar som ynskjer å utvikle journalistikken slik at ein held på lesarane og kanskje til og med rekrutterer nye. LLA si lesarundersøking våren 2010 tyder t.d. på at kvinner heller vil ha smånytt frå lokalsamfunnet, personalia, kultur og stoff om barn, unge, eldre, oppvekst og skule. Ungdommen er mest interessert i lokal sport, nære, lokale nyhende og teikneseriar (LLA 2010). Sett på spissen kan ein altså hevde at rådhusstoffet er mest for godt vaksne menn (inkludert mange redaktørar), og at det med tanke på fleirtalet av lesarane kan vere fornuftig å heller prioritere andre typar saker.

## KJELDE OG EMNE

Eg har også sett på kva emne dei ulike kjeldene uttalar seg om. Figur 7 viser ei fordeling stort sett som forventa, i alle fall for nokre av stoffkategoriane.

Figur 7: Viktigaste kjelde. Tema. Prosent. (N=359)  
(I parantes: Tal på artiklar i kvar kategori)



Saker om politikk/ forvaltning har i hovudsak elitekjelder (46 prosent) eller dokument/vedtak (33 prosent) som viktigaste grunnlag. Krim/rettsvesen er også dominert av elitekjelder (50 prosent), men her er talet på saker så lågt (8) at ein bør vere varsam med å legge for mykje i denne tendensen. Næringslivsstoffet er som venta dominert av næringslivskjelder (56 pst).

I alle dei andre stoffkategoriane dominerer grasrotkjeldene. Særleg gjeld dette saker om sport (77 prosent) og kunst/kultur/kyrkje (59 prosent). Her det i hovudsak snakk om lokale arrangement, gjerne med barn og ungdom i sentrale roller. Dette er typisk og godt lokalavisstoff.

Meir overraskande er det at grasrota dominerer som kjelde også i kategoriane helse/utdanning/miljø (39 prosent) og trafikk/ulykker (37 prosent). Dette kan tyde på at det er etter måten låg terskel for å sleppe til utspel frå «folk flest» om t.d. helstilbod, skule og trafikkproblem, og at politikarar og byråkratar ikkje får dominere denne typen saker med sitt perspektiv.

## KONFLIKTRAMME

Eg har også delt inn sakene i *ikkje konflikt* og *konflikt/problem*. I sistnemnde kategori finst saker der det er ein større eller mindre konflikt mellom lokale folk, institusjonar eller organisasjonar og lokale eller nasjonale interesser. Saker som skuldast problem som ikkje direkte kan knytast til aktiv handling frå folk, er også tatt med her, t.d. arbeidsløyse, ras, brann.

I mi oppteljing kom eg ut med nokså lik fordeling på dei to alternativa: 183 av oppslaga er kategoriserte som konflikt/problem-baserte medan 176 har eit utgangspunkt som ikkje tar utgangspunkt i ein konflikt eller eit problem.

Korleis skal ein vurdere dette funnet om ei 50/50-fordeling mellom saker som er konflikt/problem-baserte og dei som ikkje er det? Med utgangspunkt i tradisjonelle nyheitskriterier og ideelle krav til god journalistikk, kan ein kanskje hevde at andelen konflikt/problem-baserte saker burde vere høgare. Særleg når det her er snakk om framsider og leiarartiklar. Dette er staden for dei oppsiktsvekkjande sakene og sterke meiningane. Andre stofftypar som i utgangspunktet ikkje er problemorienterte (t.d. arrangementsreferat, førehandsomtalar, portrettintervju, personalia) høyrer også med i ei god lokalavis, men desse er oftast plasserte andre stader i avisa.

I dei fleste oppslaga er det godt samsvar mellom variablane kritisk og konflikt/problem, men ikkje alltid. I nokre saker der utgangspunktet er konflikt eller problem (t.d. mellom sentrale og lokale interesser), kan altså sjølve oppslaget likevel handle om noko som er positivt for lokalsamfunnet. Av dei 174 sakene eg har klassifisert som «positive», har heile 25 utgangspunkt i ein konflikt eller eit problem. Omvendt er det fem av dei totalt 106 «kritiske» sakene som ikkje er konfliktbaserte i utgangspunktet.

Døme på ei sak av den første typen er hovudoppslaget i *Akers Avis/Groruddalen*: «Du kan sove trygt om natta». Kjelda her er politiet, som vil roe innbyggjarane etter eit ran i lokalmiljøet. Eit anna døme er oppslaget i *Fjordingen* med tittelen «Påviser flaumfare i Stryn», om nye kart som er til hjelp i førebyggjing av flaum. Utgangspunktet er eit problem (flaum), men saka er positiv for lokalsamfunnet fordi ho gjeld noko som kan førebyggje dette. Eit tredje døme er hovudoppslaget i *Bygdeposten* om ein mann frå Nepal som har blitt utvist frå Noreg. Her er utgangspunktet ei opplagt konflikt mellom ein enkeltperson og eit offentleg organ (UDI), men saka i den aktuelle artikkelen handlar først og fremst om at arbeidsgjevaren til nepalesaren og mange andre i lokalsamfunnet støttar han og aksjonerer mot utvisingsvedtaket. Dette har eg dermed vurdert som ei «positiv» sak.

Andreleiaren «Smilet tilbake» i *Saltenposten* er eit døme på at ein kan lage eit kritisk vinkla oppslag av ei sak som i utgangspunktet ikkje innheld konflikt. Her er utgangspunktet ei nøytral melding om at ein offentleg tilsett har bytta jobb, men skribenten nyttar høvet til å gi eit lite

spark til «uforutsigbare politikere» som vedkomande no slepp å forholde seg til lenger. I alle fall blir det hevda at han no «har fått smilet tilbake».

Birgit Røe Mathisen har også registrert konflikt/ikkje konflikt i sitt materiale (Mathisen 2007, s. 55). Ho kom fram til ein vesentleg lågare andel saker med konfliktramme, frå 15 til 24 prosent. Av tidlegare nemnde metodiske grunnar blir det feil å samanlikne hennar tal med mine. Eg har heller ikkje tilsvarende tal for andre typar aviser. Spørsmålet om mi 50/50-fordeling er eit teikn på god eller dårleg lokaljournalistikk, må i alle fall stå ope.

## PERSPEKTIV

Til slutt kan variabelen *perspektiv* oppsummerast. Konklusjonen er kort og godt at det lokale perspektivet dominerer totalt, med 95 prosent av dei 359 oppslaga. Nokre av desse sakene tar utgangspunkt i nasjonale vedtak eller hendingar. I mitt utval er det t.d. mange saker som tar utgangspunkt i regjeringa sin krisepakke til kommunane. Den blei offentleggjort første veka i februar 2009, like før dei fleste avisene i mitt utval kom ut. Denne krisepakken blir presentert og kommentert i mange av oppslaga, med lokal vinkling. *OPP* på Oppdal har t.d. ein leiar med tittelen «Vinnere i krisetid» med kommentar til lokal bruk av denne ekstraordinære løyvinga.

Det er verd å merkje seg den låge andelen saker med nasjonalt perspektiv (5 prosent) og at ingen har internasjonalt perspektiv. Lokale fådagsaviser har med andre ord tydelege og klart definerte grenser for sin horisont. Eg ser ikkje bort frå at det kan finnast ei og anna internasjonal sak i mitt avisutval, men desse er i så fall svært få. Og ingen av dei har fått plass på framsida eller i leiarspalta.

## 5 To døme

### Nærlesing av *Møre-Nytt* og *Raumnes*

Den empiriske undersøkinga mi er som før nemnt brei, men grunn. Med berre eitt eksemplar av kvar avis er det uråd å seie om den utgåva eg har plukka ut frå første veka i februar 2009 er typisk for akkurat *den* publikasjonen. Resultata har dermed verdi først og fremst som dokumentasjon på visse sider ved ein viss type aviser og ikkje på «individnivå».

Det kan likevel vere interessant å gå litt nærare inn på nokre utvalde aviser, som ei eksempel-samling og eit supplement til empirien som er presentert og kommentert i førre kapittel. Så sjølv om ein slik analyse ikkje kan kallast representativ i vitskapleg forstand, vil ei nærlesing av nokre aviser kunne gi gode døme på form, innhald og vinkling som er å finne i dagens lokale fådagsaviser.

Eg har valt ut to aviser i denne case-studien. Det er tredagsavisene *Møre-Nytt* (Ørsta) og *Raumnes* (Årnes/Nes). Begge er etter måten store med eit opplag på ca 5500. Dette plasserer dei blant dei 20 største av landets vel 140 lokale fådagsaviser.

*Møre-Nytt* er valt ut fordi dette er ei avis som dekkjer distriktet der eg har budd dei siste 30 åra og som eg les dagleg. *Raumnes* er valt først og fremst fordi dette er ei avis som det kan vere interessant å samanlikne med *Møre-Nytt*. Ytre sett har dei fleire fellestrekk. Begge er tredagsaviser som kjem ut i middels store landkommunar<sup>13</sup> med solide landbrukstradsjonar. Opplaget er om lag det same, og det har halde seg stabilt dei siste åra. Dei er godt etablerte på sine utgjevarstadar og har i alle år hatt lokale eigarar. Dessutan konkurrerer både *Møre-Nytt* og *Raumnes* med store regionaviser som dekkjer dei aktuelle utgjevarstadane. *Sunnmørsposten* har hovudredaksjon i Ålesund, *Romerikes Blad* på Lillestrøm.

Men det er også skilnader. Den mest opplagde er geografisk plassering. *Møre-Nytt* kjem ut på Sunnmøre, eit område med stor tettheit av og lange tradisjonar for lokale fådagsaviser. I Akershus på det indre Austlandet er både tradisjonane og avisstrukturen meir samansett. For *Raumnes* gjer også nærleiken til Oslo, Lillestrøm og andre folketette regionsenter at konkurranseforholda både m.o.t. lesarar og annonsørar er annleis enn på Nordvestlandet.


For å illustrere dei to avisene sin posisjon i sine lokalsamfunn, har eg samanlikna husstandsdekninga i dei to utgjevarkommunane det siste tiåret (figur 8 og 9). I Ørsta har *Møre-Nytt* halde stillinga godt, og hadde i 2010 ein dekningsgrad på 87 prosent. Kurven for regionavisa *Sunnmørsposten* har vist ein klart fallande tendens i same perioden, frå 58 prosent i 2000 til 36 prosent i 2010.

Same tendens ser vi i Nes. Her er kurven for lokalavisa *Raumnes* også så å seie flat, medan regionavisa *Romerikes Blad* har hatt ein klart fallande kurve. Det same har laussalsavisene *Dagbladet* og *VG*. Den tredje av dei store osloavisene – abonnementsavisa *Aftenposten* – har derimot halde stillinga godt gjennom heile tiåret.


---

<sup>13</sup> Pr januar 2012 har Nes kommune om lag 19500 innbyggjarar. Ørsta er med sine 10400 innbyggjarar ein del mindre, men *Møre-Nytt* satsar også på å dekkje saker frå grannekommunen Volda, som er nesten like stor.

Figur 8: Møre-Nytt vs. Sunnmørsposten.  
Dekningsgrad i Ørsta kommune 2000-2010. Prosent



Figur 9: Raumnnes vs. Romerikes Blad, Aftenposten, Dagbladet og VG.  
Dekningsgrad i Nes kommune 2000-2010. Prosent.



(Kjelde: aviskatalogen.no)

Figurane viser klart tendensen eg peika på i kapittel 3: Dei små lokalavisene held stand, region- og laussalsavisene slit.



## MØRE-NYTT

Opplagsstatistikken frå dei siste åra viser at *Møre-Nytt* frå Ørsta held stillinga godt. Det siste tiåret fram til 2009 var det stort sett auke kvart år, og opplaget var då 5783. Dei to siste åra har opplaget gått litt tilbake (minus 78 i 2010, minus 35 i 2011), men avisa er framleis ei av dei store fådagsavisene. Av dei 145 avisene i mitt utval frå 2009 er *Møre-Nytt* den 18. største.

Kva kjenneteiknar journalistikken i denne opplagsvinnaren?

*Møre-Nytt* vart grunnlagt i 1935 og har sidan 1974 kome ut tre gonger i veka. Avisa dekkjer først og fremst Ørsta kommune, den fjerde største i Møre og Romsdal. I tillegg har ho også med mykje redaksjonelt stoff frå nabokommunen Volda. Dette er naturleg sidan Ørsta og Volda i praksis er ein bustads- og arbeidsmarknad. Avstanden mellom dei to kommunesentra er berre ti kilometer, og det er samanhengande tettbygd strøk heile vegen. Husstandsdekninga for *Møre-Nytt* i Volda er ca. 20 prosent.

Sjølv om det er tett samkvem og kort avstand mellom Ørsta og Volda, er det likevel lite lokalpolitikk og «råhusstoff» frå Volda i *Møre-Nytt*. Redaksjonen dekkjer t.d. ikkje møte i kommunestyret og formannskapet i grannekommunen. Det overlet dei til konkurrenten *Møre*, som kjem ut i Volda. Dette er også ei tredagsavis, med same utgjevingdagane som *Møre-Nytt*. *Møre* sitt opplag i 2011 var 3650, og dei har også ei husstandsdekking på heimebane på omlag 90.

*Møre-Nytt* har etter alt å dømme høgare husstandsdekning i Volda enn *Møre* har i Ørsta,<sup>14</sup> men det er framleis eit godt stykke att til det ein kan kalle reell konkurranse om lokale lesarar og annonsørar. Mange lag, organisasjonar og næringsdrivande brukar begge avisene, men er det viktig å nå ørstingane med ein førehandsomtale, ei kunngjering eller ein reklameframstøyt, må ein bruke *Møre-Nytt*. Og tilsvarande for *Møre* i Volda.

Kva er forklaringa på at *Møre-Nytt* greier å halde stillinga så godt?

Eksterne variablar er neppe hovudforklaringa på opplagsauken til og med 2009. Dei siste åra har det vore stabile forhold rundt avisa, både m.o.t. folketalsutvikling i regionen og konkurranse frå andre lokal- og regionaviser. Avisa har heller ikkje hatt spesielle vervekampanjar (kjelde: Redaktør Rune Sæbønes). Einaste store endring i infrastrukturen er opninga av Eiksundsambandet i februar 2008. Dette er eit veganlegg med ein undersjøisk tunnel mellom Ørsta/Volda og Eiksund i Ulstein kommune, og det gir fastlandssamband for 20.000 innbyggjarar i fire kommunar på ytre søre Sunnmøre. Trafikken har slått alle førehandsprognosar, og det har blitt dokumentert markert auke i arbeidspendlinga mellom «ytre» og «indre» etter tunnelopninga (Winsnes 2010). Både skisenteret og hytteseljarane i Ørsta melder dessutan om auka pågang frå folk frå «øyane», men dette gir neppe umiddelbar effekt for lokalavisa. Dei omkringliggende kommunane har alle sine egne lokalaviser, og det skal nok mykje til før *Møre-Nytt* greier å utkonkurrere desse. I alle fall på kort sikt og med dagens klart definerte dekningsområde.

Fram til september 2011 var det ingen nettaviser som dekte lokalstoff frå Ørsta og Volda på ein måte som kunne konkurrere med papirversjonane av dei to lokalavisene. *Møre* har rettnok hatt eiga nettavis i tre-fire år, men her kjem det ikkje meir enn eit par nye artiklar om dagen, og sakene er for det meste nedkorta utdrag frå papiravisa. Frå 6. september 2011 såg landskapet

<sup>14</sup> *Møre* oppgir ikkje offisielle tal for dette.

brått annleis ut. Då lanserte den tidlegare nettvegraren *Møre-Nytt* si nye nettavis, med eigaren Sunnmørsposten/Polaris som økonomisk og teknologisk garantist. I etableringsfasen dei første tre månadane skulle tilbodet på *morenytt.no* vere gratis, men planen var at dette så skulle bli landets første abonnementsbaserte nettavis.<sup>15</sup>

Etableringa av ei seriøs nettavis på marknaden for lokalnytt frå Ørsta og Volda vil etter alt å døme få konsekvensar for dei to etablerte papiravisene i desse kommunane. Det får bli emne for framtidige studiar. I denne runden er utgangspunktet spørsmålet om kva som har vore viktig for papiravisa *Møre-Nytt* sin posisjon i lokalsamfunnet fram til no. Kor mykje betyr innhald og utforming? Kva andre variablar må reknast med?

Når ein drøftar framgang eller tilbakegang i opplaget for einskilde aviser, er det nærliggjande å tru at både redaksjonell linje og journalistisk kvalitet tel. M.a. er det slike forklaringar som blir brukt på framgangen til aviser som *Klassekampen* og *Morgenbladet* dei siste åra. Kan slike forklaringar også brukast på *Møre-Nytt* sin suksess?

Det ein kan kalle redaksjonell linje har ikkje endra seg dei siste åra.<sup>16</sup> *Møre-Nytt* definerer seg sjølv som ei typisk lokalavis med stoff i all hovudsak frå eige nærmiljø. I dette tilfellet ting som skjer (eller skal skje) i Ørsta og Volda kommunar, eller som vedgår innbyggjarane der på ein eller annan måte. I tillegg er det tatt med noko «fellesstoff» og litt anna meir tilfeldig stoff frå grannekommunane, gjerne i notisform.

Dei fleste utgåver av avisa har også med ein eller fleire notisar eller småsaker frå NTB/NPK. Dette er gjerne allment stoff utan lokal tilknytning. Her skil *Møre-Nytt* seg frå nesten alle andre aviser i mitt utval av norske fådagsaviser. Desse har lite NTB/NPK-stoff. Den som ser ut til å ligge nærast *Møre-Nytt* sin praksis er naboen *Møre*. Det er vanskeleg å sjå motivasjonen for å bruke så mykje ikkje-lokale saker i ei lokalavis, utover at det fungerer som fyllstoff. Det gir jo lesarane ei tjukkare og meir innhaldsrik avis.

For å gi eit oversyn over innhald og journalistikk i *Møre-Nytt*, har eg gjort ein detaljert analyse av utgåva frå laurdag 7. februar 2009. Dette er den utgåva som går inn i det fullstendige tverrsnittet på 145 aviser, og ho er etter mi vurdering representativ for det ein kan kalle eit «typisk» *Møre-Nytt* anno 2009, både m.o.t. innhald og utforming. Avisa har ingen faste helgespaltar utanom «Kva skjer i kyrkja», og det betyr såleis lite at det utvalde eksemplaret er frå ein laurdag, og ikkje ein tysdag eller torsdag.

Innhaldet i den aktuelle utgåva er systematisert (og samanlikna med ei utgåve av *Raumnes*) i vedlegg 4 bak i rapporten. Stoffet kan oppsummerast slik:<sup>17</sup>

---

<sup>15</sup> Pr februar 2012 er nettavisa framleis gratis.

<sup>16</sup> Grunnlaget for vurderinga av journalistikken i avisa byggjer på langt meir enn det utvalde eksemplaret frå februar 2009. Eg er fødd og oppvaksen i Ørsta og har lese *Møre-Nytt* meir eller mindre fast sidan midt på 60-talet. Dei siste to-tre åra har eg dessutan lese avisa ekstra nøye med utgangspunkt i denne studien si grunnleg-gjande tilnærming om «journalistikk i lokalavisene».

<sup>17</sup> Nokre av punkta under er baserte på min kjennskap til redaksjonell linje over tid, ikkje berre på den utvalde utgåva.

## Kjelder

- Ein stor del av stoffet blir produsert av andre enn den faste redaksjonen.
  - Avisa har mange faste frilansarar.
- Uklart skilje mellom redaksjonelt stoff og innsendt.
  - Ikkje eiga lesarbrevsider. Innsendt stoff er spreidd utover ulike stader i avisa. Som regel same type titlar og bildebruk på innsendt og redaksjonelt stoff.
- Svært låg terskel for å få ting på trykk.
  - Nesten fritt fram for alle førehandsomtalar, mange utan byline.
- Mykje einkjeldestoff.
  - I utvald utgåve: Berre ei sak med meir enn ei kjelde.

## Omfang og utforming

- Mykje stoff. Mange saker og mykje tekst på kvar side.
  - Gjennomsnittleg sidetal er ukjent, men eit sidetal på 36-40 er ikkje uvanleg.
  - Mykje NPK/NTB-stoff.
- Mange, men små bilete.
  - I utvald utgåve: 81 bilete med til saman ca 200 gjenkjennelege personar + ca 50 elevar på skulekonsert. Stikkprøver frå andre nummer tyder på at dette omfanget er vanleg.
  - Ingen store bilete (1/2 – 1 side). Største bilete er ca 1/3 side, dei fleste er langt mindre.
- Kompakt og uryddig lay-out utan klar seksjonering og prioritering.
- Ingen saker som går over ei eller fleire heile sider.
  - Store tosiders bakgrunnsartiklar og featuresaker kan forekomme. Desse er nesten alltid laga av andre enn den faste redaksjonen.
- Faste spalter/sider berre til eksternt produsert stoff:
  - Gjeld personalia, tv-program, kyrkjeside, gamle bilete, men ikkje til t.d. sport, politikk, førehandsomtalar.
- Ingen bruk av moderne grafiske verkemiddel.
  - *Møre-Nytt* var den siste avisa i Norge som gjekk over frå fullformat til tabloid, i november 2007.
- Godt og nøkternt språk.
  - Ikkje sensasjonsprega titlar og/eller vinkling.
  - Små typar i titlane, alle med svart tekst på kvit bakgrunn.

## Andre karakteristika

- Ikkje leiarartikkel eller redaksjonell kommentar.
  - Avisa/redaktøren tar aldri stilling i aktuelle stridsspørsmål.
- Ikkje vermelding, kryssord, sudoku, kviss, teikneseriar e.l.
- Ikkje eiga nettside (pr februar 2009).
- Få, men røynde journalistar.
  - Kolofonspalta viser at redaksjonen i februar 2009 besto av redaktør og tre journalistar, pluss dagleg leiar.<sup>18</sup>

Det umiddelbare inntrykket etter denne analysen av den utvalde utgåva av *Møre-Nytt* er at dette er ei svært umoderne avis. Avisa ser ikkje ut som ei moderne tabloidavis med faste seksjonar, grafiske element, luft og fargar, men meir som ei nedskalert fullformatavis frå 1980- eller 90-

---

<sup>18</sup> I 2012 har talet på journalistar auka til fire.

talet. Avisa er svært innhaldsrik, men sidan ho er så ustrukturert og rotete med omsyn til innsendt og redaksjonelt stoff, får ho likevel eit preg av gammaldags bygdeblad.

Ingen bør tvile på at ei relativt stor og økonomisk solid tredagsavis som *Møre-Nytt* kunne ha laga ei avis som likna meir på ei moderne dagsavis, t.d. som *Hallingdølen* (Ål), *Hordaland* (Voss) eller *Bygdanytt* (Ytre Arna), men dette har altså eigarane og redaksjonen ikkje prioritert – foreløpig.<sup>19</sup> Det er her verd å merke seg at *Møre-Nytt* no er eigd av regionavisa *Sunnmørs-posten* og Polaris-konsernet, etter eit oppkjøp i to rundar i 2007 og 2008.<sup>20</sup>

Meir oppsiktsvekkjande er det at avisa skil så dårleg mellom eigenproduserte saker og stoff som kjem frå andre kjelder. Manglande byline på mange saker og manglande fast lesarbrevspalte gjer at det ofte er uråd for lesarane å vite kven som har skrive saka og med kva formål. Einkjelde-journalistikk ser også ut til å vere svært utbreidd. Her er det vanskeleg å vere for bastant på grunnlag av analyse av berre ei avis, men den før nemnde praksisen med stor andel eksternt produsert stoff aukar sjølvsagt denne typen ukritisk journalistikk.

I utgåva frå 7. februar 2009 er det ikkje leiarartikkel. Det er ikkje tilfeldig. Denne sjangeren er nemleg aldri å finne i denne avisa. Her skil også *Møre-Nytt* seg frå dei aller fleste to- og tredags-avisene (jf oversyn i vedlegg 2).

Avisa har dei siste åra trykt tv- og radioprogram, men har ikkje faste spaltar med kryssord, sudoku, kviss e.l. Sol opp-ned og flod-fjøre for dei næraste to-tre dagane er med, men ikkje fullstendig vermelding.

Min analyse av ei utvald utgåve av *Møre-Nytt* gir ikkje grunnlag for å seie noko om produktutvikling som ei evt. forklaring på opplagsauken fram til 2009. Men som fast lesar av avisa gjennom mange år vågar eg likevel påstanden om at dette neppe er hovudårsaka. Omlegginga til tabloid i november 2007 er sjølvsagt ein milepæl, men elles har både vinkling, språk, utforming og stoffutval vore nokså konstant dei siste åra. Fram til hausten 2011 hadde dessutan *Møre-Nytt* ei av avis-Noregs enklaste og minst oppdaterte nettsider, og slett inga nettavis. Men no er altså den lansert – med ein forretningsmodell som ikkje er prøvd før her til lands. Er det den siste som her skal bli den første?

## RAUMNES

Lokalavisa *Raumnes* vart grunnlagt i 1947. Denne avisa kjenner eg ikkje på langt nær så godt som *Møre-Nytt*, og eg vil difor vere meir varsam med å generalisere ut frå funna i den utvalde utgåva frå laurdag 7. februar 2009. Eg veit altså lite om kor representativ akkurat denne laurdagsutgåva av avisa er, sjølv om ein supplerande gjennomgang av tre utgåver frå våren 2010 gir ein viss peikepinn om dette.

*Raumnes* er analysert på same måte som *Møre-Nytt*, og funna frå dei to avisene er som før nemnt lista opp i vedlegg 4 bak i rapporten. Her vil eg oppsummere dei viktigaste kjenneteikna ved innhald og utforming av *Raumnes*, og samanlikne med tilsvarende moment frå analysen av *Møre-Nytt*:

---

<sup>19</sup> Frå februar 2009 til februar 2012 har det skjedd ei viss utvikling, m.a. med litt meir dristig bruk av fargar og grafiske verkemiddel, men dei aller fleste av kjenneteikna som er lista opp ovanfor er framleis å finne.

<sup>20</sup> Seljar var famlien Bergmann, som hadde hatt aksjemajoriteten heilt sidan etableringa på 30-talet.

## Kjelder

- Det aller meste av stoffet i avisa er produsert av den faste redaksjonen.
  - Avisa inneheld elles eit par faste spalter (preiketekst og kinoomtale), ein stor firesides featureartikkel (utan byline) og ein arrangementsomtale som ser ut til å vere skriven av ein frilansar.
- Alle artiklane med redaksjonell utforming har byline.
  - Unntak: Notisar og undersøker i større oppslag.
- Eiga «hva skjer»-spalte med korte notisar (to til fem linjer), truleg innsendt av arrangøren.
- Ikkje noko stoff frå NTB eller andre byrå.
- Ingen lesarbrev, ingen «på telefonen» e.l.
  - Det må seiast å vere uvanleg å finne ei utgåve av ei lokalavis heilt utan denne typen «grasrot-stoff». Truleg er det heller ikkje typisk for *Raumnes*. Alle dei andre utgåvene av *Raumnes* eg har gått gjennom har hatt ei eiga spalte/side med vignetten «meninger» der det er trykt tre-fire-fem lesarbrev.
- Mykje einkjeldestoff.
  - Berre to artiklar har meir enn ei kjelde. I tillegg kjem to oppslag med to ulike saker med kvar si kjelde.

## Omfang og utforming

- Dei fleste redaksjonelle sakene har fått relativt store oppslag. Mange er på mellom ei halv og ei heil side. Tre saker går over ei dobbeltside.
- Mange faste spalter, produsert både av redaksjonen og eksterne.
  - Dette er personalia, historiske klipp, gamle bilete, kryssord, teikneserie, kinoomtale, vermelding, tv-program.
- Mange og forholdsvis store bilete.
  - Bra teknisk kvalitet, men dei fleste motiva er standard oppstilte portrett av intervjuobjektet.
  - Alle bileta har eigen byline, også der journalisten sjølv har vore fotograf.
  - Til saman 59 bilete, inkludert passbileta på personaliasida.
  - I alt ca 150 gjenkjennelege personar er avbilda.
- Kompakt, men ryddig lay-out.
  - Avisa ber preg av å ha faste malar og seksjonering med tydeleg skilje mellom ulike typar stoff.
  - Gjennomarbeidd, men nøktern bruk av fargar og grafiske verkemiddel
- Godt og nøkternt språk.
- Ikkje sensasjonsprega titlar eller vinkling.

## Andre karakteristika

- Leiarartikkel skriven av redaktøren (som også er disponent).
  - Temaet er næringsutvikling og handelslekkasje.
- Fem faste journalistar, pluss redaktør/disponent.
  - Små portrettbilete av dei fem i kolofonspalta. Det går ikkje fram der om alle er på fulltid.
- Eiga nettavis.
  - Tilvising i ei sak i den utvalde papiravisa (hovudoppslaget om kulturskulefram-syninga): «Se flere bilder på raumnes.no».

## MØRE-NYTT VS. RAUMNES

Dei to tredagsavisene har som før nemnt fleire trekk felles når ein ser på opplagsutvikling og posisjon i sine mellomstore bygdesamfunn. Ei undersøking frå hausten 2010 (referert på LLA sine heimesider 7.12.2010) viser at *Raumnes* får svært godt skussmål frå innbyggjarane i Nes kommune. Lesarundersøkinga, som er gjennomført av Opinion, viser at 93 prosent av innbyggjarane har lese avisa den siste månaden. 80 prosent les alle eller nesten alle utgåvene, og 84 prosent er abonnentar. 88 prosent svarar at dei er ganske eller svært nøgde med avisa.

Opinion-direktør Irene Øen kallar tala i undersøkinga «oppsiktsvekkande gode», og ho trur at dette kan forklarast m.a. med at avisa berre dekkjer ein kommune. Det meste av stoffet opplevest difor som relevant for lesarane.<sup>21</sup> Styreleiar Ole-Jakob Ingeborgrud uttalar at «det tyder på at lokalavisa har jobbet godt og gjort de riktige tingene gjennom mange år», og redaktør Terje Smith forklarar suksessen med at avisa er den einaste felles arenaen innbyggjarane har: «Mediene i dag, som TV og sosiale medier, blir smalere og smalere. Det er et hav av tilbud. *Raumnes* og liknende lokalaviser er en allmen lokal plattform vi er alene om».

Tilsvarande undersøking er så vidt eg veit ikkje gjennomført i Ørsta dei siste åra. Men som lokalkjend veit eg at *Møre-Nytt* har godt omdøme lokalt. Innbyggjarane i Ørsta ser på *Møre-Nytt* som «si» avis, i motsetnad til t.d. *Sunnmørsposten*, som mange oppfattar som talerør for byen og regionsenteret Ålesund. Dette vart dokumentert i ei undersøking frå 1991, referert i Roppen (1993, s 83). Dette er gamle tal, men det er grunn til å tru at *Møre-Nytt* framleis står sterkt i alle lag av folket. Det har sjeldan eller aldri vore spetakkel og aksjonar pga. misnøye med journalistikken, korkje frå næringslivet eller vanlege lesarar.

Ei undersøking frå Trøndelag som blei presentert på LLA-landsmøtet 2010 stadfester det same: Lokalavisa vinn kampen ved kjøkkenbordet framfor regionavisa. Og dess mindre lokalsamfunnet er, dess viktigare er lokalavisa for folk (LLA 2010).

Begge avisene har altså framleis ei svært sterk stilling i sine lokalsamfunn. Kva så med innhald og form? Driv dei same slag journalistikk? Mitt svar er både «ja» og «nei».

Først det som er likt:

- Begge avisene er fyldige, med mykje redaksjonelt stoff.
- Det blir sett av mykje spalteplass til lokale heltar. Unge idrettsutøvarar, lokale musikanter og teateramatørar, fødde, døde og fødseldagsbarn.
- Bilete – nesten alle av folk som bur i dekningsområdet – ser ut til å vere viktig. *Møre-Nytt* har flest, men *Raumnes* har også mange og store bilete.
- Den språklege kvaliteten er god, og tittelbruken er nøktern.
- Journalistane ser ut til å ha stor lokalkunnskap.
- Omfanget av annonsar er nokså likt: 20-25 prosent av samla sideareal.

Så det som skil dei to avisene frå kvarandre:

- Bruk av byline: *Raumnes* har eit mykje klarare skilje mellom saker som er skrivne av avisa sine journalistar og anna stoff. *Møre-Nytt* har mykje stoff med uklar kjelde.
- Utforming: *Raumnes* ser ut til å vere utforma etter faste malar, med vignettar øvst på sidene og diskret bruk av grafiske verkemiddel. *Raumnes* har også ei mykje klarare prioritering mellom hovudoppslag og andre oppslag på framsida.

---

<sup>21</sup> Kor godt dette poenget er, kan diskutert. Svært mange fådagsaviser er i same posisjon med berre ein kommune som dekningsoråde, utan at dei dermed oppnår like imponerande lesartal som *Raumnes*.

- Eksternt produsert stoff: I den analyserte utgåva av *Raumnes* er det to innsende referat (av frilansarar?), ein innsendt kommentar (av presten, på kyrkjesida), men ingen «ordinære» lesarinnlegg. *Møre-Nytt* har ti innsende førehandsomtalar, seks innsende referat, fire eksternt produserte saker på kyrkjesida og åtte andre lesarinnlegg. I tillegg kjem fleire saker som er presenterte som redaksjonelle saker, men som truleg er lett omarbeidd innsendt stoff.
- Kryssord, teikneseriar, humor, vermelding, årgangsklipp: *Raumnes* har til saman vel ei side med denne typen stoff. *Møre-Nytt* ikkje har slikt stoff i det heile.
- Leiarartikkel: *Raumnes* har dette, *Møre-Nytt* har ikkje.

Med atterhald om at eg veit lite om mitt eine utvalde eksemplar er representativt for innhald og utforming i desse to avisene pr februar 2009: Konklusjonen er at *Raumnes* i større grad enn *Møre-Nytt* ser ut til å oppfylle dei ideale krava til ei moderne, profesjonell avis.

Dei to viktigaste ankepunktta mot *Møre-Nytt* er den lite gjennomarbeidd utforminga og den uryddige praksisen med manglande kjeldeopplysning. Fleire saker utan byline og presentasjon av innsendt stoff på same måte som redaksjonelt produsert stoff er uheldig. På den andre sida ser *Møre-Nytt* ut til å ha mykje betre kontakt med lesarane sine enn *Raumnes*. I alle fall om ein skal døme etter talet på lesarinnlegg og anna innsendt stoff.<sup>22</sup>

Det er også verd å merke seg at begge avisene har mykje einkjeldestoff, og at saker med meir enn ei kjelde er unntaket, ikkje regelen. Eg har ikkje kartlagt denne variabelen systematisk i min empiriske analyse av alle dei lokale fådagsavisene, og har difor ikkje grunnlag for å seie noko om funna i dei to utvalde utgåvene av *Møre-Nytt* og *Raumnes* er representative for denne avistypen.

Likevel: Inntrykket etter å ha bladd gjennom og skumma innhaldet i mi avissamling, er at einkjeldejournaltikk er svært vanleg i dei små lokalavisene. Same konklusjonen er å finne i to ferske studentoppgåver som har kartlagt akkurat dette. Hausten 2008 analyserte journaliststudent Iselin N. Øvrelid fleire utgåver av tre lokalaviser på Sunnmøre, og ho fann då at *Møre-Nytt* hadde 75 prosent einkjeldesaker (av 292 saker), *Vestlandsnytt* 69 prosent (av 167 saker) og *Vikebladet Vestposten* 71 prosent (av 169 saker)(Øvrelid 2008).<sup>23</sup> Den før nemnde undersøkinga av lokalavisene på Oppdal (Flå 2009) hadde tilsvarande kartlegging. Her var tala noko lågare, høvesvis 62 prosent for tredagsavisa *Opdalingen* og 43 prosent for vekeavisa *OPP*.

---

<sup>22</sup> Årsakene til dette kan ein berre spekulere i. Så vidt eg veit er det ikkje gjort systematiske analysar av ulike «kulturar» for lesarkontakt i ulike typar aviser – evt. i ulike deler av landet. Ein tabell i Allern (2001, s 134) kan tyde på at ulike aviser har ulik praksis, tilsvarande mine funn i *Møre-Nytt* og *Raumnes*. I Allerns oversyn over «debattartikler, leserbrev og kronikker» kjem det fram at det er stor skilnad mellom dei to tredagsavisene i hans utval. *Hordaland* har i gjennomsnitt 4,3 slike innlegg pr avis, medan *Helgeland Blad* har berre 2,3. Klart flest har dags- og riksavisene VG (med 11) og Vårt Land (7,8). Gjennomsnittet er 6,8.

<sup>23</sup> Øvrelid analyserte ni utgåver av kvar avis, og det er interessant å merke seg at *Møre-Nytt* hadde mange fleire saker (292) i desse ni utgåvene enn dei to andre avisene (167 og 169). Dette underbyggjer påstanden over om *Møre-Nytt* som ei uvanleg innhaldsrik lokalavis.

## SUKSESSFAKTORANE

Trass min konklusjon om at *Møre-Nytt* langt frå er eit idealdøme på ei god, moderne lokalavis: Ryktet er etter alt å døme godt, og så å seie alle husstandane i Ørsta abonnerer på avisa. Spørsmålet er «kvifor»?

Opplagstala tyder på at lesarane ikkje bryr seg om avisa sin trauste og rotete utsjånad og rufsete kjeldebruk. Kanskje dei tvert om synest det er flott å ha ein kanal der dei kan sleppe til med beskjedne sensur og i fint utstyrte oppslag? Leiarartiklar og redaksjonelle kommentarar er dei ikkje vane med, og lettare underholdningsstoff som kryssord, kviss og teikneseriar ser heller ikkje ut til å vere noko sakt. For ikkje å snakke om tilbod på nettet.

På direkte spørsmål om dette stadfestar redaktør Rune Sæbønes at analysen over truleg er rett (intervju i juni 2011). Som redaktør har han sjølvsagt ein ambisjon om å lage ei avis som også har flott utforming og grundige analysar, med uavhengig og variert kjeldebruk. Men han stadfester at presset utanfrå – frå lesarane – om å leggje om i denne retninga er minimalt. For dei er innhaldet desidert viktigast, ikkje innpakkinga.

Kvifor endre eit konsept som verkar? Kvifor bruke ressursar på redesign, produktutvikling og nye tilbod (t.d. nettside og underhaldning) når dagens avis går så det susar?

Dette er spørsmåla kritikarane av dagens *Møre-Nytt* må svare på. Eit førebels svar kan vere at mykje tyder på at morgondagens lesarar og potensielle abonnentar har andre krav og behov enn dagens. Den ambisiøse nettsatsinga hausten 2011 tyder på at eigarar og redaksjon *Møre-Nytt* også ser desse teikna i tida.

Eit anna moment som brått kan bli viktig i kampen om framtidens abonnentar i *Møre-Nytt* sitt dekningsområde, er endring i kommunestrukturen. Prosessen med samanslåing av tvillingkommunane Ørsta og Volda går i rykk og napp. Vinteren 2012 er det pause i prosessen, men mykje tyder på at det om få år blir berre ein ordførar, eitt kommunestyre og ein rådmann å forhalde seg til for redaksjonane i dei to lokalavisene. Satsinga i dag kan avgjere kven av dei som om 5-10 år endar som nummer ein- og nummer to-avis i den nye storkommunen. Og dersom *Møre-Nytt* – som alt i dag er vesentleg større enn grannen *Møre* – også lykkast med si nettavis, er utfallet i den konkurransen gitt.



## 6 Redaktørane

### Nokre problemstillingar frå kvalitative intervju

Det norske lokalavislandskapet er mangfaldig. Det same er redaktørstanden. Eg har gjennomført strukturerte intervju med åtte av dei, og hatt uformelle samtalar med fleire titals andre redaktørar og journalistar i løpet av dei siste tre åra. Dei fleste av desse i samband med LLA-årsmøta i 2009 og 2010, men også mange i samband med oppfølging av datainnsamlinga og etter publiserte kronikkar om emnet (Dimmen 2007 og 2009).

Dei åtte som er intervjuja systematisk er desse:

- Asle Geir Johansen i *Vikebladet Vestposten* (Ulstein), februar 2009
- Vidar Parr i *Synste Møre* (Vanylven), februar 2009
- Randi Grethe Kalseth<sup>24</sup> i *Opdalingen* (Oppdal), juni 2009
- Per Roar Bekken i *OPP* (Oppdal), juni 2009
- Åsmund Snøfugl i *Gaula* (Melhus), juni 2009
- Krister Olsen i *Trønderbladet* (Melhus), juni 2009
- Bjørn Rønningen i *Hitra-Frøya* (Hitra), juni 2009
- Rune Sæbønes i *Møre-Nytt* (Ørsta), juni 2011

Utvalet av dei åtte er ikkje heilt tilfeldig, men heller ikkje representativt. Eg kan difor ikkje hevde at det desse står for er det «redaktørar flest» meiner. Intervjua har likevel vore eit svært viktig og verdfullt supplement til empirien eg har samla inn. Redaktørane har kommentert mine spørsmål, problemstillingar og foreløpige data og dei har gitt nødvendig korreksjon og perspektiv i mine analysar.

### LOKALSAMFUNNSOPPDRAGET

Det viktigaste inntrykket etter redaktørintervjua er bevisstheita om avisa si rolle i lokalsamfunnet. Ho skal vere hovudarenaen for den offentlege samtalen om lokale spørsmål.<sup>25</sup> Redaktørane er også opptekne av at avisa ikkje berre skal vere ein passiv referent eller ei oppslags-tavle, men ein aktiv aktør. Ho skal vere ein del av lokalt næringsliv og samfunnsliv og ikkje vere redd for å vise att.

Alle redaktørane ser det også som sjølvsaugt at avisa skal fungere både som uavhengig og kritisk vaktbikkje og som samlande lokalpatriot. Ei avis som berre skal ha den første funksjonen, vil ikkje vere liv laga. Folk forventar at deira avis også skal vere «lim» i lokalsamfunnet og at ho skal vere kommunen eller byen sitt talerør i saker der det er strid med utanforståande. Denne journalistiske linja er også godt dokumentert både hjå Birgit Røe Mathisen (2007 og 2010) og i Ellen Flå si semesteroppgåve frå Oppdal (Flå 2009).

Redaktørane ser ikkje noko prinsipielt problematisk i at avisene deira skal vere både «lim» og «lupe» i sine lokalsamfunn. Tvert om. Det er det som er idealet. Men alle erkjenner også

<sup>24</sup> På intervjudtidspunktet var Randi Grethe Kalseth redaksjonssjef. Redaktøren var så fersk i stillinga (ein måned sidan tilsetjing) at ho tilrådde at eg heller gjorde intervjuavtale med Kalseth. Ho hadde lang fartstid i avisa og hadde også fungert som redaktør ein periode tidlegare.

<sup>25</sup> Dette er m.a. drøfta i Jan Inge Sørbo (1991) si bok *Offentleg samtale. Innføring i presse-etiske grunnspørsmål*.

dilemmaet og vanskanane det medfører. Det å gi ut avis så tett på lesarar, kjelder og annonsørar gir andre journalist-etiske utfordringar enn dei region- og riksavisene møter. Det kan føre til ukritisk journalistikk for ikkje å støyte folk, og det kan føre til at ein unngår å skrive om visse vanskelege saker.

Eit godt døme på korleis ei lokalavis forvaltar si samfunnsbyggjande rolle i praksis, er *Hitra-Frøya* sin artikkelserie i 2009 om «nye øyværingar». Her blir nyinnflytta utlendingar portretterte og presenterte på ein positiv måte. Dette året hadde avisa kvar 14. dag ei eiga side med notisar på engelsk, russisk, latvisk og polsk, berekna på dei mange gjestearbeidarane i lokalsamfunnet. Redaktøren såg på dette som avisa sitt aktive bidrag for integrering og mot framandfrykt.

I mitt empiriske materiale er det få spor av det ein kan kalle tid- og ressurskrevjande gravejournalistikk. Redaktørane erkjenner også at denne måten å jobbe på er lite aktuell i det daglege. Til det er ressursane for små og produksjonspresset for stort. Men det blir også erkjent at det i mange høve ikkje nødvendigvis er så ressurskrevjande å vere litt meir kritisk. Ved å førebu seg litt betre og vere litt meir bevisst på alternative perspektiv enn det intervjuobjektet har i utgangspunktet, kan ei tradisjonell mikrofonstativ-sak brått få ein mykje betre og meir spennande vri.

Denne problemstillinga blir stadig lufta i fagmiljøet. Medieforskar Sigurd Høst har t.d. foreslått at SKUP skulle opprette ein «Sovet i timen»-pris. Denne skulle utdelast til lokalaviser som har oversett store saker i sitt distrikt. Forslaget frå Høst vart lansert i *journalisten.no* 30.11. 2007, og kom i samband med ei sak om korleis den Oslo-baserte *Finansavisen* grov fram Terra-skandalen medan dei tre lokalavisene *Rana Blad*, *Fremover* og *Helgeland Arbeid-erblad* sat på sidelinja. Andre saker der lokalavisene har blitt skulda for å ha sove i timen er vassverksaka på Romerike i 2006 og oppfølginga av Vest Tank-eksplosjonen i Gulen i 2007. I desse sakene var dei store riks- og regionavisene *Aftenposten* og *Bergens Tidende* som gjorde den første og største gravejobben, ikkje lokalavisene.

Det var også ein heftig debatt sommaren 2008 etter frilansjournalist Anne Viken sine kronikkar i *Klassekampen* (22.7.) og *Bergens Tidende* (23.7.) med sterke skuldingar om dei sløve lokalmedia. Statsvitar Svenn Arne Lie følgde opp med eit innlegg med tittelen «Kos, kor og konfirmasjon». Han skreiv m.a. at

... lokalmediene har surret seg inn i en boble omringet av trivialitet, der det skal dyrkes en virkelighetsforståelse som handler om koselige saker, konfliktløse tilværelser og konfirmasjonsbilder fra Vik. Ingenting blir viktig, omstridt eller konfliktfullt, alt er harmoni, lykke og gjennomkoselig. Mediedekningen blir dermed forutsigbar, platt og farlig døsende (*Bergens Tidende* 27.7.2008).

Vik og Lie fekk svar på tiltale frå lokalavisfolket som følte seg urettferdig uthengde, men det var også nokre som ga rom for litt sjølvkritikk. Ole Petter Pedersen, redaktør og dagleg leiar i lokalavisa *Driva* var ein av dei. I ein kronikk i *Bergens Tidende* (6.8.2008) viste han til at tidspress på dei tilsette i lokalavisene var eit reelt problem, og at ein kanskje burde satse på færre og betre saker.

På direkte spørsmål om kva dei meinte om «Kos, kor og konfirmasjon»-debatten sommaren 2008 fekk eg litt blanda reaksjonar frå «mine» redaktørar. Nokre påpeika at kritikken av lokalavisene var unyansert og at han ikkje tok omsyn til den rolla desse avisene bør spele i sine lokalsamfunn. Å skrive om «kos, kor og konfirmasjon» er faktisk ein del av samfunnsoppdraget,

blei det hevda. Men det blei også poengtert at det kan skrivast både godt og dårleg om slike tema, med større eller mindre journalistisk integritet. Og viss denne typen stoff fortrengrer meir kritisk og uavhengig journalistikk – både med omsyn til spalteplass og tidsbruk – er det ikkje bra.

På den andre sida: Det finst også gode døme på at små aviser kan viss dei vil. Eitt slikt tilfelle av eksemplarisk kritisk og gravande lokaljournalistikk er dekninga av rådmannsaka på Stranda hausten 2008. Denne blei i all hovudsak køyrt av journalist Sindre Omenås, den eine av to journalistar i todagsavisa *Sunnmøringen*. Bakgrunnen var ein betent konflikt mellom ordførar og rådmann med harde personåtak og svært uryddig saksgang.<sup>26</sup>

Omenås jobba aktivt med å grave fram stoff, og i ein periode brukte han nesten all arbeidstida på denne saka. Han publiserte også ein del på nettet, for å oppdatere lesarane meir kontinuerleg. Papiravisa kom jo ut berre kvar tredje eller fjerde dag. Denne tunge satsinga var sjølvstøtt ikkje uproblematisk i ein så liten redaksjon. Han fekk heilhjarta støtte frå redaktøren, og ho kommenterte også saka undervegs på leiarplass. Her blei det m.a. gjort greie for bakgrunnen for ein del av sakene og kvifor avisa meinte det var viktig å dekke ei sak slik eller slik. Omenås såg dette som eit viktig supplement til hans kjelde- og skrivearbeid.

Etter å ha sett gjennom reportasjane, er mi vurdering at *Sunnmøringen* si dekking av rådmannsaka ser ut til å vere solid journalistisk handverk. Det er godt skrive, språkbruken er nøktern, og alle partar kjem til orde. I denne svært kontroversielle saka vart det brukt mange og varierte kjelder, og redaksjonen greidde både å skilje ut dei prinsipielle problemstillingane og å halde sakene frå kvarandre.

Ei anna sak om sunnmørske rådmenn kan også nemnast som døme på kva utfordringar ei lokalavis kan møte i dekninga av kontroversielle personalsaker. Denne gongen i Ørsta kommune. Våren og sommaren 2010 vart den nyss tilsette rådmannen permittert og etter kvart oppsagt. «Alle» i lokalsamfunnet visste at det hadde noko med påstått alkoholmisbruk og promillekøyting å gjere, men i dei fleste lokale medikanalane – inkludert *NRK Møre og Romsdal* og *Sunnmørsposten* – var det berre snakk om det diffuse og nøytrale omgrepet «samarbeidsproblem».

Lokalavisa *Møre-Nytt* var den einaste som skreiv i klartekst kva saka eigentleg handla om. I ettertid har redaktør Rune Sæbønes etterlyst svar på kvifor dei andre var så varsame i dekninga av denne saka. Var det berre personvernomsyn? Den involverte var trass alt mannen heilt på toppen i kommuneadministrasjonen, og folk i hans stilling må tole å bli konfrontert med slike skuldingar, også i avisspaltane, hevda han.

Kor detaljert ein redaksjon bør vere dekninga av ei slik sak, kan diskuterast. Uansett er det lokalavisa som har klart mest å tape på å leggje seg ut med politikarar og administrasjon på rådhuset i heimkommunen, og som i mange tilfelle difor trør mest varsamt i vanskelege personalsaker. Det er difor interessant å merke seg at det akkurat i denne saka var det den avisa som sat aller nærast som var tøffast.

Mediedekkinga av denne saka blei elles kommentert av journalist Jon Hustad i ein kommentar i *Journalisten* 13.8.2010. Han hevdar her at pressa svikta si kritiske rolle ikkje berre i samband med sjølve oppseiinga, men også i omtalen av tilsetjingsprosessen året før. «Alle» - inkludert

---

<sup>26</sup> Kjelder til framstillinga av denne saka er dei publiserte artiklane i *Sunnmøringen* i september-november 2008, pluss eige intervju med Sindre Omenås i februar 2009.

dei lokale medieredaksjonane – kjende til påstandar om at den påtroppande rådmannen hadde eit alkoholproblem, men ingen følgde opp dei tipsa, skriv Hustad.

Burde dei ha gjort det? Dilemmaet er openbert, og svaret er slett ikkje opplagt.

## VAKSENOPPLÆRING

«Nærleiksdilemmaet» med tilhøyrande krysspress er velkjent og mykje diskutert i fagmiljøet. Det har m.a. vore tema i fleire reportasjar i fagbladet *Journalisten*. I utgåva frå 17.12.2010 er det t.d. ei sak om ein journalist i regionavisa *Vesterålen* som «... måtte ta seg en pause fra journalistyrket på grunn av tøffe tak i lokalpolitikken i hjemkommunen». 4.3.2011 er hovudsaka ein reportasje om korleis den store overgrepssaka i Alvdal vart dekt av lokalmedia. Her fortel fleire journalistar og redaktørar om etiske vurderingar og om kva omsyn dei måtte ta som sto nærast dei involverte.

I den same reportasjen blir også riksmedia si dekning kommentert. To av journalistane frå ei av lokalavisene «... gir uttrykk for at de stort sett opplevde riksmediene som ryddige, men at de ikke alltid var like imponert over deres presisjonsnivå» (s. 9). Dette er også eit poeng å ta med seg. Nærleiken til kjeldene skjerpar kravet til nøyaktigheit. Dersom VG slomsar med detaljane i ei sak frå distriktet, er det få av dei lokalkjende lesarane som gjer noko med det. Men blir lokalavisa tatt i faktafeil, er terskelen låg for å ta ein telefon eller sende ein epost til journalist og redaktør. Som ein journalist formulerte det: «Lokalavisjournalistane møter kjeldene sine kvar dag, og det har dei godt av!»

Redaktør Per Roar Bekken i *OPP* er inne på det same når Ellen Flå (2009) spør om korleis hans avis jobbar med kritiske saker: «Så lenge vi er nøye og korrekt i forhold til kilder og alltid sørger for tilsvarsrett er det ikke noe problem å være kritisk».

Her er nok erfaringane litt ymse. Ei undersøking gjennomført av *Aftenposten* i 2006 tyder i alle fall på det. I samband med ein artikkelserie om tette band og kameraderi i små kommunar blei journalistar og redaktørar i vel 30 lokalaviser intervjua. Dei kunne fortelje at «kritikkverdige forhold når ikke alltid spaltene i lokalavisene. [...] Nærmest uten unntak forteller de at det er svært vanskelig å jobbe med slike saker» (Eliassen og Mauren 2006).

Fleire av redaktørane eg har intervjua kan også fortelje om konflikhtar med kjelder og lesarar fordi dei har dekt saker på ein måte som har blitt oppfatta som for kritisk. Nokre har blitt truga med annonse- og kjeldeboikott, men ingen melder om store og varige følgjer av slike reaksjonar. Tilbakemeldingane frå det store fleirtalet av lesarane er også positive på kritisk og uavhengig journalistikk.<sup>27</sup>

Martin Eide (2011) er også opptatt av at avisene skal ha ei uavhengig rolle. Han er skeptisk til den stadig omseggripande «borgarjournalistikken». Folkets røst blir omfamna og romantisert, hevdar han, og det er all grunn til å vere skeptisk når avisfolk snakkar om å «feire triumfer sammen med sitt publikum»:

Sett fra journalistens side er det fåfengt å forsøke i gjenreise journalistikkens autoritet ved å lefle med publikum. [...] Gi dem heller noe å bite i og bryne seg på. Hungeren etter faktabasert, forlokkende anrettet informasjon vil neppe avta. De intelligente og nyskapende journalister vil ha en rolle å spille (Eide 2011).

<sup>27</sup> Den tidlegare omtala ordførarkritiske *Sunnmøringen* var t.d. ein av opplagsvinnarane i 2011 (pluss 39).

Dei fleste av dei mest brukte kjeldene i lokalsamfunnet forstår og aksepterer lokalavisa si uavhengige rolle, men redaktørane melder om eit visst behov for vaksenopplæring for somme. Dette gjeld nøkkelpersonar både i kulturliv, næringsliv og på rådhusa. Nokre har ei oppfatning om at dei kan «bestille ein journalist» og at dei langt på veg kan bestemme vinklinga av saker. Det blir også fortalt om kommunetoppar som oppfattar avisa nærast som kommunen sitt offisielle talerør, og som blir overraska når redaktøren vel ei anna vinkling på ei sak enn den rådhuset såg føre seg.

Ei semesteroppgåve om handelsstanden sine forventningar til lokalavisene viser også ein overraskande mangel på forståing for avisene si uavhengigheit i dekninga av næringslivstoff (Nyhagen 2006). Eit sitat frå ein lokal næringsdrivande i Volda kan illustrere dette. I eit intervju i gratisavisa *Regionavisa* (22.10.2008) fortel butikkeigar Kardis Hasfjord om ein samtale ho hadde hatt med redaktøren i lokalavisa *Møre* om profilering av butikken. Rådet frå han var at ho måtte annonsere meir. Ho svara då dette: «Eg vil gjerne gjengjelde rådet og be lokalavisene «gjødsle» nyetablerte verksemder med merksemd, notisar og artiklar. Slikt kan faktisk avgjere om ein ny butikk klarer etableringsfasen». Eit slikt synspunkt er ikkje uventa, kanskje heller ikkje urimeleg, men det viser ei forestilling om lokalavisa si rolle som i alle fall kan kallast diskutabel.

Eit meir kuriøst døme er rabalderet som oppsto etter at lokalavisa *Troms Folkeblad* i august 2008 ga dårleg kritikk etter ein konsert med eit lokalt rockeband. Meldaren var ganske krass i omtalen av nokre av aktørane, og samanlikna prestasjonen m.a. med eit bulgarsk danseband. Dette vart for mykje for bandleiaren, som like godt melde saka inn både til politiet for ærekrenking og til PFU. Ifølgje omtalen i *dagbladet.no* (6.8.2008) rekna ikkje redaktør Steinulf Henriksen med at desse reaksjonane ville føre fram, men han hadde også «... forståelse for at dette føles tøft for bandet. I 99 prosent av tida prøver vi å være positive, spesielt mot lokale krefter som prøver å bygge opp noe, sier Henriksen, som også kan fortelle at reaksjonene ikke har latt vente på seg».

Redaktørane sine forteljingar om manglande forståing for lokalpressa si uavhengige rolle kan tyde på at ein del aviser har etablert ein praksis for sin journalistikk som er ikkje er heilt i samsvar med Ver varsam-plakaten sine ideal om uavhengigheit. Ein gjennomgang av mine 145 aviser styrkjer denne mistanken. Variasjonen i bunken er stor, men det er ikkje vanskeleg å finne oppslag som ser ut til å vere laga av ein «bestilt» journalist, slik butikkeigaren frå Volda held fram som eit ideal. Og dersom lokalsamfunnet først er tilvent denne typen oppslag, blir det bråk viss ein ny redaktør prøver å etablere nye og meir kritiske normer for journalistikken. Det fekk ein merke i regionavisa *Tønsbergs Blad*, då ein der la om den redaksjonelle linja i denne retninga for nokre år sidan (Kydland 2008). Ivar Andenæs si undersøking av tekstreklame i nordnorske aviser underbyggjer også påstanden om at det mange stader er for tett samrøre mellom lokalavisa og næringslivet (Andenæs 2005).

## LOKALT, LOKALT, LOKALT

Lokalavisfolket er heilt samstemte om kva som er nøkkelen til suksess for deira type avis: Stoffet må vere lokalt forankra. Folk vil lese om seg sjølv og det som skjer i eige lokalsamfunn. Dette veit også redaksjonane og eigarane i dei store avisene. Med fallande opplag og raude rekneskapstal vel dei ein strategi med konsentrasjon om eige kjerneområde rundt utgjevarstaden. Både lokalkontor i periferien og oslokontor blir nedlagde, og ein styrkjer hovudredaksjonen. Regionale, nasjonale og internasjonale nyhende får folk andre stader, gjennom mange ulike kanalar.

Sjefredaktør Trine Eilertsen i *Bergens Tidende* er inne på det same når ho kommenterer opplagsnedgangen til konkurrenten *BA*. «Jeg tror *BA* har livets rett, men avisen har kun én vei å gå. Det er å rendyrke det bergenslokale enda mer og å satse enda mer på interaktivitet med bergenserne» (*Journalisten* 30.1.2009).

Den vesle lokalavisa sin store fordel er at ho har liten eller ingen konkurranse om akkurat denne typen nærstoff.<sup>28</sup> Regionavisene kan ha reportasjar og notisar frå lokalmiljøet, men samla omfang kan ikkje samanliknast med den mengda stoff folk finn i lokalavisa. Uavhengige nettaviser ser heller ikkje ut til å vere etablert nokon stad som ein seriøs konkurrent til dei tradisjonelle lokalavisene på papir.

Dei fleste avisene i mitt utval har eigne nettutgåver, men det varierer mykje kor aktivt desse blir følgt opp av redaksjonen. Inntrykket etter å ha snakka med redaktørar og høyrte bransjen drøfte nettsatsinga (m.a. på LLA-årsmøtet i 2009) er at dette er noko dei fleste reknar med å gjere meir av i framtida, men så lenge det ikkje er ekstra inntekter å hente på denne formidlingskanalen, held ein det gåande med minimumsløysingar og ser det an.

## KONKURRANSE?

Få av dei lokale fådagsavisene har direkte konkurranse på sin utgjevarstad. Ein del konkurrerer med gratisaviser og regionaviser om annonsar og til ein viss grad redaksjonelt stoff, men ulik frekvens og stoffmengd gjer at konkurransen i mange høve blir nokså usymmetrisk. Med full husstandsdekning, tilnærma annonsemonopol og ein økonomi som går greitt rundt er det liten grunn til å leggje om drifta. Ein kan difor hevde at mange lokalaviser har det for godt. Ikkje fordi dei har rikeleg med ressursar, men fordi dei ikkje får tilbakemelding frå marknaden på kvaliteten på avisproduktet. I alle fall kjem slik tilbakemelding seint og indirekte.

Mitt empiriske grunnlag er for tynt til å konkludere om effekten av konkurranse. Røynslene frå Oppdal og Melhus er likevel verd å nemne.

På Oppdal blei vekeavisa *OPP* etablert i 2002, som ein direkte konkurrent til den godt etablerte tredagsavisa *Opdalingen* (etablert i 1938).<sup>29</sup> Redaktørane melder om at dei følgjer nøye med på kva konkurrenten gjer, og at dei heile tida må skjerpe seg for å lage ei betre avis. Nykomaren *OPP* har ikkje så mykje å samanlikne med, men tilbakemeldinga om *Opdalingen* frå lokal-kjende folk er at denne avisa har blitt friskare og betre dei siste åra.

På Melhus er det også hard konkurranse om avislesarane og annonsørane. I kommunesenteret ligg hovudredaksjonen til tredagsavisa *Trønderbladet*, som ble etablert på slutten av 1970-talet. Melhus er nabokommunen til Trondheim, og dei konkurrerer både med den store regionavisa *Adresseavisen*, vekeavisa *Gaula* (også utgitt i Melhus), *Klæbuposten* (Klæbu), *Gauldalsposten* (Midtre Gauldal) og *Sør-Trøndelag* (Skaun). *Trønderbladet* har hatt opplagsnedgang siste åra, m.a. på grunn av konkurransen frå nyeatblerte aviser i sitt tradisjonelle dekningsområde. Dei står fram som ei seriøs og profesjonell lokalavis, og redaktøren har ein klar ambisjon om at dei skal vere nyheitsleiande i sitt lokalmiljø.

---

<sup>28</sup> Nokre stader er sjølvsagt nærnytt-konkurransen tøffare. T.d. på Oppdal. Der kan folk velje mellom nettutgåvene til dei to lokalavisene og adressa.no sin Oppdal-portal – i tillegg til dei to papiravisene med redaksjon i kommunesenteret.

<sup>29</sup> Denne avisa definerer også grannekommunen Rennebu (ca 2600 innb.) inn i sitt dekningsområde. Folketalet i Oppdal er ca 6600.

Eg har ikkje gjort ein systematisk analyse av journalistikken i aviser med stor konkurranse samanlikna med dei som har tilnærma monopolstilling i sine lokalmiljø. Økonomisk er det tøft å konkurrere med andre lokalaviser som overlappar meir eller mindre i eige dekningsområde. I område med nokre få tusen innbyggjarar er talet på husstandar og næringsdrivande begrensa, og dermed også inntekspotensialet. Skal ein dessutan dele abonnentar og annonsørar med ein konkurrent, blir det endå verre å få til avisdrift med sunn økonomi.

På den andre sida kan både tilbakemeldinga i redaktørintervjua og eigne observasjonar tyde på at konkurranse verkar skjerpande på journalistikken.

Både det journalistiske og økonomiske poenget blir stadfesta i Ellen Flå si undersøking frå Oppdal (Flå 2009). Særleg interessant er hennar funn om at vekeavisa *OPP* ser ut til å ha ein vesentleg meir profesjonell praksis med fleire kjelder pr sak enn det eg fann i monopolavisene *Møre-Nytt* og *Raumnes*. Det er likevel uråd å seie om denne skilnaden skuldast den spesielle konkurransesituasjonen i Oppdal eller om det berre handlar om ulik profesjonell bevisstheit i redaksjonane. Eller om det rett og slett kan forklarast med at ei vekeavis har betre tid på seg til kjeldejakt – og til å gå i djupna – enn ei tredagsavis.

Annonsemarknadane i dei fleste norske lokalsamfunn er små, og det har vist seg dei aller fleste stader at det er vanskeleg å finne økonomisk grunnlag for meir enn ei lokalavis på kvar stad. Men i eit ideelt journalistisk perspektiv er konkurranse om lesarane sunt. Mykje tyder på at det gir betre journalistikk.

I dag har mange lokalaviser eit tilnærma monopol både på ettertrakta innhald – det nære og kjære – og den lokale annonsemarknaden. Dette kan bli ei sovepute. Det kan føre til at redaksjonar og eigarar slår seg til ro med tingas tilstand og at dei ikkje er klare for utfordringane frå framtidens avislesarar og annonsørar når opplags- og inntektskurvane byrjar å peike brattare nedover enn dei gjer i dag.

## FENDRING

Korleis bør ei lokalavis dekkje ulykker og grov kriminalitet i lokalsamfunnet? Prinsippa i punkt 4.6. i *Ver varsam-plakaten* er eit naturleg utgangspunkt. Der står m.a. dette: «Ta omsyn til korleis omtale av ulykker og kriminalsaker kan verke på offer og pårørande. [...] Vis omsyn overfor menneske i sorg eller ubalanse». I praksis kan og bør dette gjerast på mange ulike måtar. Offer og pårørande har eit anna forhold til lokalavisa og det som står der enn til riksmidia, og dette gir ulike dilemma og utfordringar alt etter kva type medium ein ser på.

Denne problemstillinga blei diskutert med fleire av redaktørane i mine intervju. Nokre hevda at elles likt vinkla oppslag faktisk kunne skape sterkare reaksjonar når dei sto på trykk i lokalavisa enn i ei av dei store riksavisene. Det kan difor hevdast at redaktørar og journalistar i dei minste avisene i nokre saker bør ta ein ekstra grundig runde innom punkt 4.6. før ein vel vinkling, bilete og tittelbruk.

Denne praksisen kan kallast «fending». <sup>30</sup> Dette omgrepet illustrerer på ein presis måte at ein i val av verkemiddel og vinkling bør ta særleg omsyn til kva verknad omtalen av dramatiske hendingar får hjå det lokale publikumet, inkludert pårørande. Det betyr ikkje at ein skal late

---

<sup>30</sup> Norsk Ordbok sin definisjon av verbet *fendre* er slik: verne (båt) med fender, f- av òg: ta av (for noko), dempe. Min bruk av dette omgrepet i omtalen av journalistisk praksis er lansert av Vidar Parr, redaktør i *Synste Møre*, i ein samtale om den første av dei tre sakene som er omtala under.

vere å skrive om saka, men at det i nokre høve kanskje kan vere rett å ikkje velje den mest spektakulære vinklinga eller blåse opp omtalen med sterke og store titlar. Kanskje bør ein heller tone ned dramatikken og kontroversane? Ein skal i alle fall vere svært påpasseleg med å ikkje formidle spekulasjonar og skuldingar.

Tre døme kan illustrere «fending» i praksis - eller mangel på nettopp det. Dei to første gjeld bilulykker på Sunnmøre.

Det første dømet er ein omtale av ei dødsulykke i Dalsfjorden i Volda i april 2009. Har var det ein front-mot-front-kollisjon mellom ein personbil og ein varebil. Alle dei tre i personbilen omkom, eit ungt lokalt par og barnet deira. Dagen etter hadde regionavisa *Sunnmørsposten* eit stort oppslag om saka. Deira journalist hadde m.a. intervjuet fleire vitne. Det var folk som hadde køyrt like bak varebilen, og som hadde sett kva som hende. Ein av dei blei sitert på at bilen med dei omkomne hadde hatt stor fart på den smale og svingete vegen. To av titlane som blei brukte var «Heilt sjanselause» og «Smadra i krasj».

Desse sakene – illustrert med bilete av bilvraket på ulykkesstaden – vekte sterke reaksjonar lokalt. Det vart m.a. poengtert at konklusjonen om stor fart som ulykkesårsak var forhasta. Dette var ei sak for politiet og Vegvesenet å finne ut av, vart det hevda. Det er sjølvsagt rett. Men betyr det at ei avis i slike tilfelle skal late vere å sitere augevitne som ein del av forteljinga om kva som hende? I eit lesarinnlegg nokre dagar etter blir *Sunnmørsposten* si dekning kommentert slik:

Eg sit att med ei kjensle at dette oppslaget er alt for sterkt. Unødvendig og til dels respektlaust er det. Igjen skaper det det unødige sterke bilete hos lesaren. Held det ikkje at dei er døde? Skjønar vi ikkje krafta og alvoret i smellen intuitivt, utan at vi må inn i hanskerommet? Kva familien og venene til dei omkomne måtte føle då oppslaget kom, har eg knapt evne til å setje meg inn i. (Arnt-Ove Tenfjord, *Sunnmørsposten* 24.4.2009)

Kritikken mot avisa i denne saka var så omfattande og sterk at redaktør Hanna Relling Berg til slutt gjekk ut med ei orsaking: «Vi tek kritikken på alvor, og beklagar at vår dekning har påført dei pårørande ekstra smerte» (*Sunnmørsposten* 30.4.2009).

Denne saka illustrerer poenget om at avstand mellom redaksjon og offer er ein viktig variabel i spørsmålet om kor tøff ein kan eller bør vere i dekninga av ulykker og kriminalitet. Dei sterke reaksjonane på omtalen av dødsulykka i Dalsfjorden kan forklarast med at det var «deira eiga» avis *Sunnmørsposten* som dekte saka på ein så lite skånsom måte. Ville reaksjonane lokalsamfunnet blitt like sterke mot tilsvarande oppslag i *VG* eller *Dagbladet*? Neppe.

Det andre dømet er frå Eiksundtunnelen, som går under fjorden mellom Sørheim i Ørsta og Eiksund i Ulstein kommune. I juni 2009 kolliderte ein bil med fire lokale ungdommer med ein varebil. Både føraren i varebilen og alle dei fire ungdommane omkom. Mercedesen med ungdommane kolliderte på veg ned tunnelen på Eiksundsida. Her er stigninga (eller fallet) på nesten 10 prosent og vegen har slak høgrekurve. Bilen hadde kome over i motsett køyrebane og frontkolliderte med varebilen, som var på veg oppover. Bilen med ungdommane byrja å brenne, og tunnelen vart fort fylt av røyk.

Saka vart sjølvsagt slått stort opp i lokale medium. Her vart det først og fremst fokusert på reaksjonane til vener og lokalbefolkning og til dramatikken i tunnelen rett etter ulykka. Det var fleire bilar og folk som med naud og neppe kom seg ut av den røykfylte tunnelen, og både bilførarar og redningsmannskap fekk rosande omtale og heider for modig og rett innsats.



To dagar etter ulykka hadde *Sunnmørsposten* eit heilsides oppslag på framsida med tittelen «Djup sorg» og bilete av to sørgjande ungdommar (30.6.2009). *Møre-Nytt* valde tittelen «Ørsta i sorg – fem omkom» med eit bilete (tatt bakfrå) av ei gruppe ungdommar på veg inn i kyrkja (*Møre-Nytt* 30.6.2009). Her er det elles interessant å legge merke til at avisa også har funne plass til to andre nesten like store oppslag på framsida, høvesvis «Ny sorteringshall til 12,3 mill.» (om nybygg ved det lokale reinhaldsverket) og «Ungdomshusa er verneverdige» (sitat frå talar på eit kulturarrangement).

Kva så med sjølve hendinga? Kva var det som skjedde og kvifor? Spor i vegbana og tunnelveggen tyda på at bilen med ungdommane hadde hatt svært høg fart og at dette etter alt å døme var ein viktig del av ulykkesårsaka. Dette var lokalavisene svært varsame med å kommentere. Det vart vist til politiet, som rutinemessig svarta at ulykka måtte granskast nærare før ein kunne sie noko om årsaka. Punktum.

Einaste medium som skreiv rett ut det alle «visste», var *VG NETT*. 30.6. hadde dei eit oppslag med tittelen «Skal ha krasjet i 150-200 km/t». Her står det m.a. at «dette er teorien ifølge undersøkelser som Statens vegvesen utførte like etter dødsulykken i Eiksundtunnelen søndag kveld». Desse opplysningane – med *VG NETT* som kjelde – vart siterte i *Sunnmørsposten* si nettavis, men ikkje i papiravisa dagen etter.

I dagane etter ulykka vart det skrive litt om høg fart som eit generelt problem, men ikkje direkte knytt til den aktuelle hendinga. Medieoppslaga og debatten dreia seg i staden om utrygge tunnelar og manglande fartskontrollar. Sidan opninga av tunnelen i februar året før, hadde det vore fleire avisoppslag om påstått råkøyring og tilhøyrande krav om fotoboksar og andre kontrolltiltak. Ørstaordføraren og andre sto fram og ankla politiet og Vegvesenet for å ikkje ha tatt desse meldingan på alvor, og det blei skapt eit inntrykk av ulykka kunne ha vore unngått dersom ein hadde hatt ein eller fleire fotoboksar i tunnelen.

Ein slik konklusjon vil nok bli problematisert av trafikkforskarar. Dei vil truleg peike på at ungdommeleg villmannskøyring må forebyggjast og hindrast på andre måtar enn å montere ein fotoboks eller to på stader som lokalkjende sjåførar kjenner til. Denne ulykka hadde truleg lite med manglande fotoboksar og rømingseveggar å gjere. Her var det etter alt å døme dei ufor-svarleg handlingane til ein ung sjåfør som var den viktigaste forklaringa.

I lokale media vart det altså ikkje skrive om menneskeleg svikt i klartekst. I staden vart merksemda og kritikken retta mot fysiske element; veg, skilting, merking, naudutstyr og fotoboksar. Politiet, Statens vegvesen og andre myndigheiter toler slikt, og kan imøtegå evt. urimelege påstandar på ein sakleg og nøktern måte. For foreldre og nære pårørande til sjåføren er det langt verre å måtte takle evt. avisoppslag om at deira son forårsaka både eigen og andre sin død.

Dette poenget om det ein kan kalle «avsporande» vinklingar vart kommentert av leiarskribenten i *Jarlsbergs Avis* 2.7.2009. Under tittelen «Ikke tunnelens skyld» står m.a. dette:

Det er nesten forstemmende å se at den debatten som er kommet etter den tragiske dødsulykken [...] har helt feil fokus. I stedet for å fokusere på det som virkelig er årsaken til slike ulykker – for høy fart av fartsgale ungdommer – blir det fokusert på veiens, eller i dette tilfellet tunnelens beskaffenhet. [...] Heng bjella på katten. Det er ikke tunnelens skyld når folk kjører seg i hjel i 150-200 km/t i en tunnel med motgående trafikk.

*Jarlsbergs Avis* kjem ut i Vestfold, altså langt frå åstaden for hendinga. Ein slik kommentar ville neppe ha kome på trykk i ei sunnmørsk avis.

Feigt eller ikkje av lokalavisene: Dette er fendring i praksis. Og *Sunnmørsposten* hadde tydelegvis lært av kritikken dei fekk etter Dalsfjord-ulykka tre månader tidlegare. Det var ingen reaksjonar på deira vinkling denne gongen.

Det tredje dømet er henta frå lokalvausa *Hitra-Frøya* i juni 2009. I utgåva 3.6.2009 vart ei dødsulykke etter ein båtkollisjon omtala. På framsida valde avisa eit hovudoppslag med tittelen «Mange mistet en venn», illustrert med eit bilete av ein sørgjande ordførar. Dvs. nøyaktig same vinkling som i *Sunnmørsposten* og *Møre-Nytt* etter Eiksundtunnel-ulykka. I oppslaget inne i avisa var mest plass brukt til omtale av reaksjonane frå lokalsamfunnet, men det var også ei sak med meir detaljert skildring av sjølve hendinga, basert på augevitneskildringar. Tittelen i denne saka er «Førerne formelt siktet» og dei første avsnitta handlar om obligatorisk blodprøve. Det blir også fortalt at «det er kommet frem at det er smakt øl til maten under båtturen, men det trenger ikke bety at det dreier seg om promillekjøring». Politiet blir sitert på at «vi har så langt ikke mistanke om promillekjøring».

I neste utgåve av *Hitra-Frøya* (5.6.2009) finn vi ein liten oppfølgjar til denne saka i ein vekk-gøymt einspaltar side 5. Tittelen er «Kan siktes for uaktsomt drap». Kjelda er ein politiadvokat som fortel kva konsekvensen blir dersom blodprøvene viser at føraren av ulykkesbåten har hatt for høg promille og at køyringa har vore uaktsom. Det blir samtidig understreka at blodprøvesvara ikkje er klare og at det også står att etterforsking av sjølve hendingsforløpet.

Ein normalt vaken lesar vil tolke dette oppslaget som eit klart signal om at det her er sterk mistanke både om uaktsom køyring og promille. Truleg går rykta om dette i lokalsamfunnet, basert på augevitne både av sjølve ulykka og frå folk som såg dei aktuelle båtene, førarane og passasjerane rett før den fatale båtturen.

I omtalen av denne saka vel *Hitra-Frøya* ei mellomløyseing. Vanskelege tema som kan skape sterke reaksjonar frå pårørande og involverte (promille, uaktsomheit) blir omtala, men på ein neddempa og nøytral måte. Avisa er dessutan svært påpasseleg med å ikkje presentere desse eventualitetane på ein måte som kan oppfattast som ein førehandsdom. Plasseringa av oppfølgjarsaka 5.6.2009 er også påfallande diskret.

Spørsmålet er så om det er greitt å fendre vanskelege saker på den måten det er gjort i desse tre døma. Det er forståeleg at lokalavisene vil skåne pårørande, og heller fokusere på redningsmenn og andre heltar. Og skurkar av typen Statens vegvesen og politikarar som ikkje løyver nok pengar til å byggje gode og sikre vegar.

Denne vinklinga kan vere med på å avspore debatten om ulykkesårsaker. Bør ikkje slike hendingar nyttast til å konfrontere ungdom direkte med ein uakseptabel trafikk-kultur? Og om promillekjøring på fjorden? Bør ikkje lokalavisa også skrive det alle i lokalsamfunnet veit og tenkjer, sjølv om ein risikerer reaksjonar frå familie og vener?

Nokre redaktørar vil truleg svare eit tydeleg «ja» på desse spørsmåla. Andre vil vere meir nyanterte, særleg om den siste problemstillinga. Det er her lokalavisas fingerspitzegefühl og fendringseigenskapar blir sett på prøve.

Frå mediedekninga etter Eiksundtunnel-ulykka er det elles interessant å registrere følgjande to fendringspoeng: For det første er det riksmidiet *VG NETT* som tar minst omsyn til evt. reaksjonar frå nære pårørande. For det andre ser det ut som *Sunnmørsposten* differensierer mellom nettavisa og papiravisa når dei avgjer kva dei kan og ikkje kan skrive om årsaka til ulykka. *VG*-meldinga om den ekstreme farta – som aldri blei dementert av Vegvesenet – blei sitert og publisert på *smp.no*, men blei vurdert som for sterk i papiravisa.

Den problemstillinga eg her har gitt døme på og omtala med merkelappen «fending» er også drøfta av Birgit Røe Mathisen (2010) i kapitlet om «Nærhetens dilemma og kryssende forventningar». Ho viser til fleire døme der lokalavisene har valt ei anna linje for publisering enn riksmidiet, nettopp fordi dei er så nær pårørande og offer. Men ho problematiserer også denne praksisen, m.a. ved å sitere følgjande uttale frå Gunnar Bodahl-Johansen:

Argumentasjonen om en egen nærhetsetikk er noe lokalaviser av og til skjuler seg bak, og [...] det kan være en farlig vei å gå. Det kan føre til at du ikke er villig til å ta den belastningen det er å sette på trykk ting som kan være ubehagelig for de du lever tett på. Slik sett kan nærheten bli en hemsko for å drive kritisk journalistikk. Når du er skånsom overfor omgivelsene, er ulempene ved nærheten større enn fordelene, sett ut fra det journalistiske oppdraget, sier han (Mathisen 2010, s 86).

Til slutt kan også Presseforbundets generalsekretær Per Edgar Kokkvold siterast, frå eit innlegg på LLA-landsmøtet i 2011:

Ta vare på næravisenes styrke: Nærheten til menneskene. Presseetikken skal ikke hindre mediene i å avdekke kritikkverdige forhold i samfunnet, men de presseetiske normene skal hjelpe redaksjonene til ikke å påføre mennesker unødige belastninger. Det er ikke forbudt å ta hensyn. Vi har alle en plikt til å påse at det er et rimelig samsvar mellom omtalen av en ubehagelig sak og sakens realiteter (Kokkvold 2011).

Moralen er kanskje at minst like viktig som å fortelje *kva* som har skjedd er å velje *rett måte* å fortelje det på. For å kunne gjere det, må ein kjenne folk og kultur i sitt lokalsamfunn. Og ikkje minst: Ein må kunne det journalistiske handverket.

## 7 Utvida samfunnsoppdrag?

### Oppsummerande drøfting

Korleis kan ein oppsummere hovudpoenga i det materialet eg har presentert i dei føregåande kapitla? Er det råd å finne ein raud tråd i statistikken, empiri-oppsummeringa, avisanalysen og redaktørintervjua?

Ei momentliste kan sjå slik ut:

- «Lim-funksjonen» er ein naturleg del av lokalavisene sitt samfunnsoppdrag. Det lokalpatriotiske perspektivet og rolla som talerør er ei udiskutabel og ukontroversiell rettesnor i redigeringa av desse avisene. Det er påfallande at dette perspektivet – som er så sentralt i lokalavisene si sjølvforståing – ikkje er drøfta meir i fagdebatten om dette omgrepet. Forklaringa kan vere at denne funksjonen ikkje har status og at han ikkje er viktig i kampen for støtteordningane. Argumentasjonen for pressestøtte og anna offentleg velvilje byggjer på framstillinga av pressa som differensiert, uavhengig og kritisk overvakar og kommentator, dvs. som ein del av det demokratiske systemet. Det er langt verre å krevje momsfratak for å vere patriot.
- Lokalavisa er viktig for lokaldemokratiet. Ho er ikkje berre eit talerør for eliten. Toppane på rådhuset og i næringslivet er godt synlege i spaltene, men alt i alt er grasrota viktigaste kjelde for redaksjonen. Terskelen for vanlege folk for å sleppe til i spaltene er låg, både som intervjuobjekt og som forfattar av eigenformulerte ytringar. Desse blir formidla både som tradisjonelle lesarbrev, kommentarar via epost eller telefon, eller som frilansreportasjar.
- Dei fleste stader er papiravisa framleis ein arena for ein offentleg samtale som er opnare og meir synleg enn dei mange nettbaserte foruma som har vakse fram dei siste åra. Publiseringsterskelen på nettet er sjølv sagt endå lågare enn i lokalavisa, men den lokale distribusjonen på desse nye plattformene er både langt lågare og meir tilfeldig enn i ei etablert lokalavis.
- Det ser ut til å vere stor skilnad i måten avisene dekkjer ulike tema på. Politikk og forvaltning blir dekkja mest kritisk, medan sakene om kultur og sport i stor grad ber preg av ukritisk referat og einkjeldejournalistikk. Næringslivet ser også ut til å sleppe påfallande lett unna, og tekstreklame er svært vanleg. Her har mange redaksjonar ein del å gå på i forhold til dei ideale krava i Ver varsam- og Tekstreklame-plakatane.
- Vaksenopplæring om pressa si rolle trengst mange stader. Nøkkelkjelder i mange lokal-samfunn er ikkje vane med kritisk og uavhengig pressedekning, og dei har lite forståing for oppslag med ein annan vri enn den dei «bestilte» då dei kontakta avisa for å få inn ein førehandsomtale eller ein kommentar. Det blir forventa av lokalavisa at ho støttar lokalt næringsliv og lokalt kulturliv, og mange arrangørar blir sure viss ikkje avisa dekkjer det som skjer i bygda eller bydelen. Terskelen for å få ting på trykk er svært låg mange stader, noko som kan gi lesarar og kjelder inntrykk av at avisa er meir å likne med ein blogg enn ei aktivt redigert avis.

- Det ser ikkje ut til å vere eit publikumskrav at lokalavisene skal vere meir uavhengige og kritiske enn dei er i dag. Heller ikkje at avisa skal ta stilling i lokale saker, t.d. på leiar- eller kommentarplass. Andre variablar er langt viktigare som forklaring på suksess eller fiasko, t.d. folketalsutvikling og endra konkurranseforhold. På den andre sida er det heller ikkje noko som tyder på at dei lokalavisene som køyrer ei meir kritisk og kjeldeuavhengig linje blir straffa for det.
- Utforminga av avisproduktet ser ut til å ha lite å bety for suksess eller fiasko – i alle fall på kort sikt. At innhaldet er lokalt relevant og fyldig er langt viktigare. Manglande konkurranse og stabilt opplagstal gjer at det ikkje er noko sterkt insitament for å bruke pengar på produktutvikling. Nettavis er heller ikkje nokon vinnarresept. Tvert om held truleg mange redaktørar att fordi dei er redde eit slikt tilbod vil vere ein konkurrent til den meir lønsame papiravisa.

1990- og 2000-talets spådommar om papiravisas død har stadig blitt gjort til skamme. Det er likevel rimeleg å hevde at framtida for papiravisene er uviss, med ein stadig hardare konkurranse på mediemarknaden. Enn så lenge held dei minste avisene godt stand, med godt dømmme og stort sett stabile opplagstal.

Undersøkingar om lesarvanar i ulike generasjonar bør likevel gi grunn til uro. Internett går neppe over med det første. Mobilteknologien er også komen for å bli. Utviklinga av ungdom og unge vaksne sine medievanar er verre å spå, men å tru at framtidens potensielle avisabonnentar og -kjøparar etter kvart skal gå lei bruken av nettbaserte medium og vende tilbake til avislesing på papir, er lite realistisk. Analysar av mediebruken for utvalde årgangar stadfester dette. Ferske tal frå TNS Gallup viser at nordmenn mellom 20 og 39 år no les i gjennomsnitt ei avis dagleg. For berre eit par år sidan var talet 1,4.

Nettet er framtida – på ein eller annan måte. Førebels har ingen lokalaviser funne modellen som gir økonomisk suksess. Kanskje finst det heller ikkje berre *ein* formel. Redaktør Bjørner Loe Welde i *Romsdals Budstikke* seier det slik i eit intervju om lokalavisa si rolle i framtida: «Vi er i dag i en fase hvor vi må omstille oss oftere enn før. Unge er mer rede for den digitale utviklingen, hvor man må gjøre et forsøk, og så legge ned med hard hånd det som ikke fungerer» (Welde 2011).

Strategien for å møte morgondagen må variere etter utgangspunktet. Dei store og små avisene har ulik funksjon for sine lesarar, og vegane til framtidig opplagssuksess vil dermed vere ulike. Gårsdagens suksessformlar verkar heller ikkje lenger. Berre spør storavisene *VG* og *BT*.

Utfordringa for eigarar og redaktørar er altså å finne sin plass i det nye medielandskapet og innrette seg etter det. Då kan opplagsnedgangen bremsast, og ein kan i beste fall finne nye nisjer og nytt innhald som folk framleis ynskjer å få servert i papirformat. Dei store veit dette godt, og dei er ikkje minst opptekne av å få til eit lønsamt samspel mellom papir og nett.

For dei små er behovet for omstilling mindre akutt. Dei har dessutan ein fordel ved at dei forvaltar ein ettertrakta kommunikasjonstradisjon for folk flest om lokale emne – jf. korleis folk brukar kanalen Facebook. Folk vil ha nærnytt. Dette må lokalavisfolket utnytte. Sigurd Høst (2010) hevdar at lokalavisene er for dårlege til å framheve sine fortrinn. Dette har han truleg rett i. Tradisjonen og den grunnleggjande ideologien er der, det er innpakkinga og kanalane som må fornyast for å halde stillinga.

Er dei lokale fådags- og vekeavisene klare for morgondagens utfordringar? Redaksjonane i mange av desse avisene er svært små. Kanskje for små. Nokre aviser er heilt nede i to-tre faste medarbeidarar. Dette gjer miljøa svært sårbare, både m.o.t. økonomi og evt. sjukdom. Det gjer også problemet med tette band og inhabilitet større enn i redaksjonar med fleire journalistar. Fleire hovud gir dessutan rom for meir variasjon i synspunkt på korleis saker kan dekkjast og korleis det redaksjonelle produktet kan utviklast. Det er verd å merke seg at det i Danmark er langt strengare krav til kva aviser som kan få pressestøtte enn her i landet, både m.o.t. til talet på redaksjonelle medarbeidarar og utgjevingsdagar pr veke (*Demokratistøtte* 2011). Mindre aviser blir ikkje sett på som seriøse. Tilsvarande minstemål i Noreg ville rasere vår lokalavisflora.

Balansegangen mellom kritisk og patriotisk journalistikk er vanskeleg. Det krev lang røynsle, god lokalkunnskap og høg journalistisk kompetanse. Nokre lokalaviser greier denne øvinga betre enn andre, og mange av avisene i mitt utval er imponerande gode journalistiske produkt, særleg sett i forhold til tilgjengelege ressursar. Det blir også hevda frå så å seie alle mine informantar i bransjen at lokalavisene har blitt mykje meir profesjonelle dei siste ti-tjue åra. Bygdeblad-preget og omfanget av ukritisk mikrofonstativ-journalistikk er på veg ned. Det er i så fall bra. Mi undersøking er ikkje diakron, og eg har difor ikkje noko empirisk grunnlag for å vurdere denne påstanden. Men inntrykket stemmer med eigen, meir uformell observasjon av norske lokalaviser dei siste åra.

At lokalavisene skriv mykje om «kos, kor og konfirmasjon» er i seg sjølv ikkje noko prov på at dei er dårlege. Det kan skrivast både glitrande godt og hjelpelaust dårleg om musikkskulekonserten og bedehusbasaren, frå kommunestyremøtet og om bakgrunnen for konkurransen i hjørnesteinsbedrifta. Alt dette er døme på stoff som høyrer heime i ei god lokalavis. Poenget er at det finst god og dårleg journalistikk, ikkje gode og dårlege emne å skrive om.

Det er lett å kritisere og latterleggjere norske lokalaviser for patriotisme, manglande avstand til kjeldene og at dei har ein journalistisk praksis som ofte er i utakt med Ver Varsom-plakaten og Tekstreklameplakaten. Er denne kritikken rimeleg, eller er det ideala som bør justerast og utvidast? Ulike aviser har ulik funksjon. Kanskje bør *lokalisme* vere verd å vurdere meir seriøst som nytt stikkord i debatten om avisene sitt samfunnsoppdrag.

# Kjeldeliste

- Allern, Sigurd (2001): Nyhetsverdier. *Om markedsorientering og journalistikk i ti norske aviser*. IJ-forlaget, Kristiansand.
- Allern, Sigurd (1999): *Når kildene byr opp til dans*. Pax, Oslo.
- Andenæs, Ivar (2005): *Hvem styrer pennen? I grenselandet mellom journalistikk og markedsføring*. Institutt for journalistikk, Fredrikstad.
- Bastiansen, Henrik G (2009). *Lojaliteteten som forsvant. Partipressen i Norge fra senit til fall*. Pressehistoriske skrifter.
- Brurås, Svein (2010): *Etikk for journalister*. 4. utg. Fagbokforlaget, Bergen.
- Brurås, Svein (2001): «Vår ære og vår autonomi». *Journalisters syn på yrkesrolle og etikk*. Forskningsrapport nr 44, HVO/Møreforskning Volda.
- Demokratistøtte. Fremtidens offentlige mediestøtte. Rapport fra Udvalget om den fremtidige offentlige mediestøtte* (2011). Styrelsen for Bibliotek og Medier, København.
- Dimmen, Torgeir (2010): *Lokalavisiformelen*. Paper til Norsk medieforskarlags konferanse i Ålesund (upubl.).
- Dimmen, Torgeir (2008): *Sunnmørsposten verre enn China Daily. Om lokalisme som avisideologi*. Paper til Norsk medieforskarlags konferanse på Lillehammer (upubl.).
- Eide, Martin (2000): *Den redigerende makt. Redaktørrollens norske historie*. IJ-forlaget, Kristiansand.
- Ekström, Mats, Bengt Johansson, Larsåke Larsson (2006): Journalism and local politics. A study of scrutiny and accountability in Swedish journalism i *Journalism Studies*, Vol. 7, No2, 2006.
- Espeland; Gard (2001): *Tolk og tenar for lokalsamfunnet. Nærpressa i samarbeid gjennom 25 år*. LLA, Oslo.
- Espeland, Gard (2006): *Lokalavisa nær og kjær*. LLA, Oslo.
- Flå, Ellen (2009): *En innholdsanalyse av lokalavisene i Oppdal, OPP og Opdalingen*. Semesteroppgåve HVO.
- Frøyseth, Helen og gard Espeland (2010): *Kvalitet i lokalavisene. Eksempler og tips på Redaksjonelle arbeidsmetoder*. LLA, Oslo.
- Hytten, Siri Storstein (2010): *Journalistikkens sammenbrudd? En studie av NRKs TV-aksjon. som uttrykk for konflikt mellom ulike journalistiske idealer*. Masteroppgåve IMK, UiO.
- Høst, Sigurd (2011): *Avisåret 2010*. Rapport nr 18, HVO/Møreforskning Volda
- Høst, Sigurd (2009): *Mye mer enn Akersgata. Norsk pressestruktur 1945-2009*. Pressehistoriske skrifter nr 12/2009.
- Johansson, Bengt (1998): *Nyheter mitt i bland oss. Kommunala nyheter, personlig erfaring og lokal opinionsbildning*. Institut för journalistik och massekommunikation. Göteborgs Universitet.
- Kristoffersen, Dag N (2004): *Pressens rolle som meningsbærer. En studie i lederartikler i lokal- og regionaviser i valgkampen 2003*. RAM.
- Mathisen, Birgit Røe (red) (2010): *Lokaljournalistikk. Blind patriotisme eller kritisk korrektiv?* IJ-forlaget, Kristiansand.
- Mathisen, Birgit Røe (2007): *Lokalsamfunnets lim og lupe? Lokaljournalistikken analysert i et sentrum-periferi perspektiv*. Masteroppgåve IMK, UiO.
- NOU 2010:14. *Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte*.
- Nygren, Gunnar (1999): *Inte bara kontokort. Lokal journalistik og kommunal tystnad*. Ordfront forlag.

- Nyhagen, Liv Jorunn (2006): *Forventningar til lokalavisene. Kven bestemmer det som står på trykk i lokalavisene?* Semesteroppgåve HVO.
- Roppen, Johann og Sigurd Allern (red) (2010): *Journalistikkens samfunnsoppdrag*. IJ-forlaget, Kristiansand.
- Roppen, Johann (2010): *Markedsfinansiering og privatisering av allmennkringkasting*. Samfunns- og næringslivsforskning, Bergen
- Roppen, Johann (1993): *Journalistikk i bygdeaviser. Ein innhaldsanalyse av Møre, Møre-Nytt, Vast-Avisa og Sulaposten 1965-1990*. MRDH (HVO) Volda.
- Roppen, Johann (1991): *Kva står i avisa? Ein innhaldsanalyse av eit utval norske lokalaviser*. Møreforskning/MRDH (HVO) Volda.
- Sande, Øystein (1994): *Lesernærhet i en norsk lokalavis. En avishistorisk studie av Drammens Tidende og Buskeruds Blad*. MRDH (HVO) Volda.
- Sande, Øystein (u.å.): «Mellom lokal identitet og kritisk journalistikk – om lokalavisa som fellesskapsbygger». Norsk pressehistorisk forening/www.pressehistorisk.no.
- Simensen, Jens O. (1999): *Meningsbærer eller meningsløs? Om avisenes samfunnsrolle*. Institutt for journalistikk, Fredrikstad.
- Stortingsmelding nr. 57 (2000-01): *Pressepolitikk ved et årtusensskifte*.
- Stortingsmelding nr. 32 (1992-93): *Media i tida*.
- Sørbo, Jan Inge (1991): *Offentleg samtale. Innføring i presse-etiske grunnspørsmål*. Samlaget, Oslo.
- Østlyngen, Trine og Øvrebø, Turid (1998): *Journalistikk. Metode og fag*. Ad Notam Gyldendal, Oslo
- Øvrelid, Iselin Nevstad (2008): *Bruken av kritisk journalistikk og fleire kjelder i tre lokalaviser på Søre Sunnmøre*. Semesteroppgåve HVO
- Øye, Olav-Johan (1993). *Ei lokalavis i utvikling. Lokalavisjournalistikk i Firda gjennom 40 år*. MRDH (HVO)

## Siterte avis- og nettartiklar

- Allern, Sigurd (2011): «Papiravisen – over og ut?» Kronikk i *Klassekampen* 8.1.2011.
- Angelshaug, Terje (2011): «Mediestøtte uten kvalitetskrav». Kommentar i <http://voxpublica.no> 21.3. 2011.
- Bergo, Olav (2011): «- Svak på historie». Intervju i *Klassekampen* 8.1. 2011.
- Eide, Martin (2011): «Skeptisk til publikumssmiger». Intervju i *Journalisten* 3.6.2011.
- Eliassen, Haakon E. og Arnfinn Mauren (2006): «Styrt av naboer og kompiser». Artikkleserie i *aftenposten.no* 15.8.2006.
- Hagen, Alf van der (2011): «Våg å skille klinten fra hveten.» kommentar i *Morgenbladet* 12.2. 2011.
- Hetland, Rune (2011): Tale på LLA sitt landsmøte, mai 2011.
- Hitra-Frøya* (div redaksjonelt stoff sitert i kap. 6): 3.6.2009, 5.6.2009.
- Kydland, Sigmund (2008): «Når vaktbikkja biter». Intervju og reportasje i *Kommunal Rapport* nr. 7/2008.
- Hustad, Jon (2010): «Når fylla har offentlig interesse». Kommentar i *Journalisten* 13.8.2010.
- Jarlsberg Avis* (2009): «Ikke tunnelens skyld». Usignert leiarartikkel 2.7. 2009.
- Kokkvold, Per Edgar (2011): «Å være presseemann er det fineste av alt». Innlegg på LLA-landsmøtet i 2011.
- Landslaget for lokalaviser (2010): «Hvordan lykkes som lokalavis? – den store ryddesjauen». Samledokument med div. kjelder, frå LLA-landsmøtet i april 2010.



- Lie, Svenn Arne (2008): «Kos, kor og konfirmasjon». Kommentar i *Bergens Tidende* 27.7.2008.
- Møre-Nytt* (div. redaksjonelt stoff sitert i kap. 6): 30.6.2009.
- Omdal, Erling og Jens Olai Jensen (2011): «En robust lokalpresse.» Innlegg i *Dagens Næringsliv* 16.12.2011.
- Parr, Vidar (2008): «57 millionar til aviser». Intervju i *Sunnmørsposten* 9.9.2008.
- Pedersen, Ole Petter (2008): «Anne Viken, din dumming!» Kronikk i *Bergens Tidende* 6.8.2008.
- Sunnmørsposten* (div. redaksjonelt stoff sitert i kap. 6): 8.4.2009, 30.4.2009, 30.6.2009.
- Tenfjord, Arnt-Ove (2009): «Fartsblind». Lesarinnlegg i *Sunnmørsposten* 24.4.2009.
- Viken, Anne: «Dei sløve lokalmedia». Kronikk i *Klassekampen* 22.7.2008 og «Kvar er redaktørane?» i *Bergens Tidende* 23.7.2008.
- Welde, Bjørner L. (2011): «Vil være nære på nett». Intervju i *Dagens Næringsliv* 12.8.2011.
- Winsnes, Jon Arne (2010): «Konjunkturbarometer for Eiksundregionen». Presentasjon på grunnlag av undersøking ved Møreforskning Volda.  
[http://folkeweb.no/ftp/kviven/konferanse/K2\\_John\\_Arne\\_Winsnes\\_ORSTA\\_15042010.pdf](http://folkeweb.no/ftp/kviven/konferanse/K2_John_Arne_Winsnes_ORSTA_15042010.pdf)

### Eigne kronikkar og paper om emnet:

- «Lokalavisene sitt samfunnsoppdrag». Kronikk i *Sunnmørsposten* 17.12.2007.
- «Sunnmørspostens balansegang». Kronikk i *Sunnmørsposten* 28.2.2009.
- «Hoff-organet». Kronikk i *Sunnmørsposten* 7.7.2009.
- «Sunnmørsposten verre enn China Daily». Paper til Norsk medieforskarlags konferanse, Lillehammer 2008.
- «Lokalavisformelen». Paper til Norsk medieforskarlags konferanse, Ålesund 2010.

**Vedlegg 1a: Oversyn over to- og tredagsaviser i empirisk undersøkning**

<b>Avisnamn</b>	<b>Utgj.stad</b>	<b>utg/v</b>	<b>Avisnamn</b>	<b>Utgj.stad</b>	<b>utg/v</b>
Agder	Flekkefjord	3	Lillesandsposten	Lillesand	2
Akers Avis/Groruddalen	Oslo	2	Lofot-Tidende	Leknes	2
Andøyposten	Andenes	3	Lokalavisa Sør-Østerdal	Elverum	2
Arbeidets Rett	Røros	3	Malvik-Bladet	Homblevik	2
Arendals Tidende	Arendal	2	MeløyAvisa	Glomfjord	2
Askøyværingen	Kleppestø	2	Moss Dagblad	Moss	3
Aust-Agder Blad	Risør	3	Møre	Volda	3
Bygdnytt	Ytre Arna	2	Møre-Nytt	Ørsta	3
Bygdebladet	Ørskog	2	Nordhordland	Lindås	2
Bygdeposten	Vikersund	3	Nye Troms	Moen i Målselv	3
Bømlo-Nytt	Bømlo	3	Opdalingen	Oppdal	3
Dalane Tidende	Egersund	3	Os og Fusaposten	Os	2
Demokraten	Fredrikstad	3	Rakkestad Avis	Rakkestad	3
Driva	Sunnalsøra	3	Raumnes	Årnes	3
Eikerbladet	Nedre Eiker	2	Ringsaker Blad	Moelv	3
Fanaposten	Bergen	2	Ryfylke	Sauda	2
Firda Tidend	Sandane	3	Røyken og Hurums Avis	Slemmestad	2
Firdaposten	Florø	3	Saltenposten	Fauske	3
Fjordabladet	Nordjordeid	3	Sandnesposten	Sandnes	2
Fjordenes Tidende	Måløy	3	Setesdølen	Bygland	2
Fjordingen	Stryn	3	Stjørdalens Blad	Stjørdal	3
Fosna-Folket	Brekstad	3	Strandbuen	Jørpeland	2
Framtid i Nord	Olderdalen	3	Strilen	Lindås	3
Gjesdalbuen	Ålgård	2	Suldalsposten	Sand	2
Grannar	Etne	2	Sunnmøringen	Stranda	2
Grenda	Kvinnherad	3	Sykkylvsbladet	Sykkylven	2
Grimstad Adressetidende	Grimstad	3	Sør-Varanger Avis	Kirkenes	3
Hallingdølen	Ål	3	Trønderbladet	Melhus	3
Haramsnytt	Brattvåg	2	Tvedestrandsposten	Tvedestrand	3
Hardanger Folkeblad	Odda	3	Varingen	Nittedal	2
Helgelands Blad	Sandnessjøen	3	Vennesla Tidende	Vennesla	2
Hitra-Frøya	Sandstad	2	Vest-Telemark Blad	Kviteseid	3
Hordaland	Voss	3	Vesteraalens Avis	Stokmarknes	3
Hordaland Folkeblad	Norheimsund	2	Vestlandsnytt	Fosnavåg	2
Indre Akershus Blad	Bjørkelangen	3	VestNytt	Straume	3
Innh. Folkeblad og Verdalingen	Verdal	3	Vikebladet Vestposten	Ulsteinvik	3
Jarlsberg	Holmestrand	3	Ytre Sogn	Høyanger	2
Jærbladet	Bryne	3	Ytringen	Kolevereid	2
Kragerø Blad Vestmar	Kragerø	3	Åndalsnes Avis	Åndalsnes	3
Kvinnheringen	Kvinnherad	3	Åsane Tidende	Bergen	2
Levanger-Avisa	Levanger	3			

**Vedlegg 1b: Oversyn over vekeaviser i empirisk undersøking**

<b>Avisnamn</b>	<b>Utgj.stad</b>	<b>utg/v</b>	<b>Avisnamn</b>	<b>Utgj.stad</b>	<b>utg/v</b>
Birkenes-Avisa	Birkeland	1	Selbyggen	Selbu	1
Budstikka Søgne og Songdalen	Søgne	1	Snåsningen	Snåsa	1
Bygdaposten for Hjelmeland	Hjelmeland	1	Solabladet	Sola	1
Bygdebl. Randaberg Rennesøy	Randaberg	1	SolungAvisa	Flisa	1
Bø Blad	Bø	1	SortlandsAvisa	Sortland	1
Drangedalsposten	Drangedal	1	Stangeavisa	Stange	1
Dølen	Vinstra	1	Steinkjer-Avisa	Steinkjer	1
Enebakk Avis	Enebakk	1	Storfjordnytt	Norddal	1
Finnmarksposten	Honningsvåg	1	Sulaposten	Langevåg	1
Fjell-Ljom	Røros	1	Svalbardposten	Longyearbyen	1
Fjuken	Bismo	1	Svelviksposten	Svelvik	1
Framtia	Ørnes	1	Sydvesten	Bergen	1
Frolendingen	Froland	1	Synste Møre	Fiskå	1
Frostingen	Frosta	1	Søvesten	Kyrksæterøra	1
Gaula	Melhus	1	Tysnes	Uggedalseid	1
Gauldalsposten	Støren	1	Tysvær Bygdeblad	Grindafjord	1
Høvågavisa	Høvåg	1	VaksdalPosten	Dale	1
Inderøyningen	Sakshaug	1	Varangeren	Vadsø	1
Kanalen	Ulefoss	1	Verran Namdalseid	Malm	1
Karmøybladet	Karmøy	1	Vestavind	Buavåg	1
Klæbuposten	Støren	1	Vestby Avis	Vestby	1
Konnerudposten	Drammen	1	VestnesAvisa	Vestnes	1
Lierposten	Tranby	1	Vigga	Dombås	1
Marsteinen	Storebø	1	Våganavisa	Svolvær	1
Meråker-Posten	Meråker	1	Øksnesavisa	Øksnes	1
Norddalen	Otta	1	Østerdølen	Koppang	1
NordSalten	Hamarøy	1	Østhavet	Vardø	1
Nordstrands Blad	Oslo	1	Øy-blikk	Valderøy	1
NordVestnytt	Nordsmøla	1	Øyene	Nøtterøy	1
OPP	Oppdal	1	Øyposten	Finnøy	1
Samningen	Årland	1	ÅmliAvisa	Åmli	1
Sande Avis	Sande	1	Ås Avis	Ås	1

## Vedlegg 2: Oversyn leiarartiklar

Nr.	Avisnamn	Utgj.stad	Frekvens	Dato (2009)	Leiar: i utvald utgåve	Leiar: av og til	Leiar: aldri el. sjeldan
101	Agder	Flekkefjord	3	6.2.	X		
102	Akers Avis/Groruddalen	Oslo	2	4.2.	X		
103	Andøyposten	Andenes	3	7.2.			X
104	Arbeidets Rett	Røros	3	9.2.	X		
105	Arendals Tidende	Arendal	2	3.2.	X		
106	Askøyværingen	Kleppestø	2	13.2.	X		
107	Aust-Agder Blad	Risør	3	19.2.	X		
108	Bygdanytt	Ytre Arna	2	13.2.	X		
109	Bygdebladet	Ørskog	2	4.2.	X		
110	Bygdeposten	Vikersund	3	10.2.	X		
111	Bømlo-Nytt	Bømlo	3	4.2.			X
112	Dalane Tidende	Egersund	3	9.2.	X		
113	Demokraten	Fredrikstad	3	9.2.	X		
114	Driva	Sunnalsøra	3	9.2.	X		
115	Eikerbladet	Nedre Eiker	2	6.2.	X		
116	Fanaposten	Bergen	2	3.2.	X		
117	Firda Tidend	Sandane	3	9.2.	X		
118	Firdaposten	Florø	3	7.2.	X		
119	Fjordabladet	Nordjordeid	3	10.2.	X		
120	Fjordenes Tidende	Måløy	3	9.2.	X		
121	Fjordingen	Stryn	3	9.2.	X		
122	Fosna-Folket	Brekstad	3	13.2.	X		
123	Framtid i Nord	Olderdalen	3	7.2.			X
124	Gjesdalbuen	Ålgård	2	3.2.	X		
125	Grannar	Etne	2	5.2.	X		
126	Grenda	Kvinnherad	3	5.2.			X
127	Grimstad Adressetidende	Grimstad	3	19.2.	X		
128	Hallingdølen	Ål	3	10.2.	X		
129	Haramsnytt	Brattvåg	2	3.2.	X		
130	Hardanger Folkeblad	Odda	3	9.2.	X		
131	Helgelands Blad	Sandnessjøen	3	4.-5.2.	X		
132	Hitra-Frøya	Sandstad	2	24.2.			X
133	Hordaland	Voss	3	10.2.	X		
134	Hordaland Folkeblad	Norheimsund	2	6.2.			X
135	Indre Akershus Blad	Bjørkelangen	3	18.2.	X		
136	Innh. Folkeblad og Verdalingen	Verdal	3	7.2.	X		
137	Jarlsberg	Holmestrand	3	5.2.	X		
138	Jærbladet	Bryne	3	9.2.	X		
139	Kragerø Blad Vestmar	Kragerø	3	7.2.	X		
140	Kvinnheringen	Kvinherad	3	6.2.	X		
141	Levanger-Avisa	Levanger	3	10.2.	X		
142	Lillesandsposten	Lillesand	2	10.2.	X		
143	Lofot-Tidende	Leknes	2	6.2.	X		
144	Lokalavisa Sør-Østerdal	Elverum	2	21.2.	X		
145	Malvik-Bladet	Hommlevik	2	18.2.	X		
146	MeløyAvisa	Glomfjord	2	3.2.	X		
147	Moss Dagblad	Moss	3	16.2.	X		
148	Møre	Volda	3	7.2.			X
149	Møre-Nytt	Ørsta	3	7.2.			X
150	Nordhordland	Lindås	2	14.2.	X		
151	Nye Troms	Moen i Målselv	3	5.2.	X		

Nr.	Avisnamn	Utgj.stad	Frekvens	Dato (2009)	Leiar: i utvald utgåve	Leiar: av og til	Leiar: aldri el. sjeldan
152	Opdalingen	Oppdal	3	7.2.	X		
153	Os og Fusaposten	Os	2	4.2.			X
154	Rakkestad Avis	Rakkestad	3	9.2.		X	
155	Raumnes	Årnes	3	7.2.	X		
156	Ringsaker Blad	Moelv	3	7.2.	X		
157	Ryfylke	Sauda	2	3.2.	X		
158	Røyken og Hurums Avis	Slømmestad	2	9.2.	X		
159	Saltenposten	Fauske	3	5.2.	X		
160	Sandnesposten	Sandnes	2	3.2.	X		
161	Setesdølen	Bygland	2	3.2.	X		
162	Stjørdalens Blad	Stjørdal	3	7.2.	X		
163	Strandbuen	Jørpeland	2	4.2.	X		
164	Strilen	Lindås	3	19.2.	X		
165	Suldalsposten	Sand	2	4.2.	X		
166	Sunnmøringen	Stranda	2	4.2.	X		
167	Sykkylvsbladet	Sykkylven	2	6.2.	X		
168	Sør-Varanger Avis	Kirkenes	3	7.2.	X		
169	Trønderbladet	Melhus	3	10.2.	X		
170	Tvedestrandsposten	Tvedestrand	3	26.2.	X		
171	Varingen	Nittedal	2	4.2.	X		
172	Vennesla Tidende	Vennesla	2	3.2.	X		
173	Vest-Telemark Blad	Kviteseid	3	5.2.	X		
174	Vesteraalens Avis	Stokmarknes	3	10.2.	X		
175	Vestlandsnytt	Fosnavåg	2	30.1.			X
176	VestNytt	Straume	3	14.2.	X		
177	Vikebladet Vestposten	Ulsteinvik	3	3.2.		X	
178	Ytre Sogn	Høyanger	2	17.2.	X		
179	Ytringen	Kolevereid	2	10.2.	X		
180	Åndalsnes Avis	Åndalsnes	3	7.2.	X		
181	Åsane Tidende	Bergen	2	20.2.	X		
182	Birkenes-Avisa	Birkeland	1	28.1.	X		
183	Budstikka Søgne og Songdalen	Søgne	1	21.1.	X		
184	Bygdaposten for Hjelmeland	Hjelmeland	1	30.1.	X		
185	Bygdebl. Randaberg Rennesøy	Randaberg	1	29.1.	X		
186	Bø Blad	Bø	1	22.1.	X		
187	Drangedalsposten	Drangedal	1	22.1.	X		
188	Dølen	Vinstra	1	29.1.			X
189	Enebakk Avis	Enebakk	1	5.2.	X		
190	Finnmarksposten	Honningsvåg	1	29.1.	X		
191	Fjell-Ljom	Røros	1	29.1.	X		
192	Fjuken	Bismo	1	5.2.	X		
193	Framtia	Ørnes	1	30.1.	X		
194	Frolendingen	Froland	1	28.1.	X		
195	Frostingen	Frosta	1	15.1.			X
196	Gaula	Melhus	1	28.1.	X		
197	Gauldalsposten	Støren	1	28.1.			X
198	Høvågavisa	Høvåg	1	25.2.	X		
199	Inderøyningen	Sakshaug	1	30.1.	X		
200	Kanalen	Ulefoss	1	18.2.			X
201	Karmøybladet	Karmøy	1	12.12.			X
202	Klæbuposten	Støren	1	28.1.			X
203	Konnerudposten	Drammen	1	4.12.	X		
204	Lierposten	Tranby	1	29.1.	X		

Nr.	Avisnamn	Utgj.stad	Frekvens	Dato (2009)	Leiar: i utvald utgåve	Leiar: av og til	Leiar: aldri el. sjeldan
205	Marsteinen	Storebø	1	15.1.		X	
206	Meråker-Posten	Meråker	1	29.1.			X
207	Norddalen	Otta	1	26.2.	X		
208	NordSalten	Hamarøy	1	30.1.			X
209	Nordstrands Blad	Oslo	1	9.2.	X		
210	NordVestnytt	Nordsmøla	1	29.1.	X		
211	OPP	Oppdal	1	29.1.	X		
212	Samningen	Årland	1	29.1.			X
213	Sande Avis	Sande	1	29.1.	X		
214	Selbyggen	Selbu	1	30.1.	X		
215	Snåsningen	Snåsa	1	28.1.			X
216	Solabladet	Sola	1	8.1.	X		
217	SolungAvisa	Flisa	1	26.2.	X		
218	SortlandsAvisa	Sortland	1	29.1.	X		
219	Stangeavisa	Stange	1	29.1.	X		
220	Steinkjer-Avisa	Steinkjer	1	30.1.	X		
221	Storfjordnytt	Norddal	1	22.1.	X		
222	Sulaposten	Langevåg	1	29.1.			X
223	Svalbardposten	Longyearbyen	1	2.1.	X		
224	Svelviksposten	Svelvik	1	29.1.	X		
225	Sydvesten	Bergen	1	27.1.	X		
226	Synste Møre	Fiskå	1	5.2.		X	
227	Søvesten	Kyrksæterøra	1	29.1.	X		
228	Tysnes	Uggedalseid	1	23.12.	X		
229	Tysvær Bygdeblad	Grindafjord	1	29.1.	X		
230	VaksdalPosten	Dale	1	29.1.	X		
231	Varangeren	Vadsø	1	22.12.		X	
232	Verran Namdalseid	Malm	1	25.2.	X		
233	Vestavind	Buavåg	1	29.2.			X
234	Vestby Avis	Vestby	1	22.1.	X		
235	VestnesAvisa	Vestnes	1	28.1.			X
236	Vigga	Dombås	1	29.1.	X		
237	Våganavisa	Svolvær	1	28.1.	X		
238	Øksnesavisa	Øksnes	1	23.1.		X	
239	Østerdølen	Koppang	1	17.4.			X
240	Østhavet	Vardø	1	21.1.	X		
241	Øy-blikk	Valderøy	1	22.1.		X	
242	Øyene	Nøtterøy	1	5.2.	X		
243	Øyposten	Finnøy	1	29.1.	X		
244	ÅmliAvisa	Åmli	1	29.1.	X		
245	Ås Avis	Ås	1	29.1.	X		
<b>TOTALT: 145 aviser</b>					<b>114</b>	<b>7</b>	<b>24</b>



**Kvalitetssalet er i gang!**  
**STAURSET**  
 Ørsta – Volda  
 Ope 10–18 (16)

kr 12,-  
**Møre-Nytt**  
 Laurdag 7. februar 2009  
 Nr 16 – 75. årgang

**MØBELRINGEN**  
 Skaper trivsel!  
 Hovdebygda, tlf. 700 40 100  
 Ope: 10 – 18 (15)

**Lillian satsar på gard i Erdalen**



Lillian Auflem Øye (23, bi-letet) går mot traumen, og startar gardsdrift i Erdalen i Barstadvik. I planen ligg etablering av besöksgard.  
 – Dette er ein draum som går i oppfyljing. Ja, eg kan nesten ikkje vente med å kome i gang, seier Lillian.  
 (Side 12)

**Nytt produkt frå Vartdal Plast**

– skal gje ferskare laks

Oppfinnar Håvard Vartdal har med bakepulver og sitronsyre utvikla ein ny metode som gjer at laks held seg ei veke lenger fersk i emballasje.  
 – Dette vil kunne føre til at fisk generelt vert meir tilgjengeleg for folk, og at han også kan verte rimelegare, seier Håvard Vartdal.



(Side 10) Håvard Vartdal er tidlegare sjef for Vartdal Plast.

– Kan setje liv og helse i fare i Ørsta

– Dei heimebaserte tenestene er ikkje er i stand til å ivareta den psykiatriske pasientgruppa. Framfor alle andre kutt er dette kuttet det som i størst grad vil kunne setje liv og helse i fare. Eg vil på det sterkaste å vare imot å iverksette dette tiltaket, seier kommunelege I Svein-Jørund Olsson.



Kommunelege I Svein-Jørund Olsson.  
 (Side 11)

**Lærarmangel i Ørsta/Volda?**

Det kan gå mot lærarmangel i Ørsta og Volda. Konkurransen om søkjarar til ledige lærarstillingar er skjerpa og aldri før har kommunane så tidleg på året lyst ut stillingar til hausten.

– Vi har fleire ledige lærarstillingar enn tidlegare. Årsakene er fleire, seier skulesjef Karin Heggen i Volda.

(Side 20)

**SUPER WEEKEND**  
 HOS INTERSPORT  
 TORSDAG, FREDAG OG LAURDAG

Alt i butikken for damer

**÷30%**

**INTERSPORT** STRALMANE  
 Hovdebygda, L. Østrem 11, 41 50 79 75  
 INTERSPORT ØRSTA  
 Tlf. 40 40 70 00

**MORS DAG**

Jotunheim ulltrøye – 100% merinoull

299,-

Med og utan høg hals

**sport 1**

ØRSTA SPORT AS  
 Sportsutrustnings og utleie  
 Tlf. 70 00 70 31  
 orsta.sport1@sp1.no

Gull, diamant m/kjede  
 1 099,-  
 799,-

345,-  
 198,-

CATWALK  
 VERT ME

Sølv, zirkonia  
 499,-  
 298,-

**Lørdagskuppet**  
 hos G-Sport

Absolutt alle vintersko til kupp-pris!

Sorel, HH, Viking

Sr **499,-** Før opptil 1499,-

Jr **199,-** Før opptil 599,-

**G-Sport Ørsta**  
 Ørsta, Tlf. 45 29 38 00. Åpent: 10-18 (16)

ill. bilder **SPORT**

Lat oss undersøke synet ditt

**OPTIKK VOLDA**  
 (Med Drivvekkje og og bilbrill)

Tlf. 70 07 70 19 • Hovdebygda, 13 • 6100 Volda

BRILLER • KONTAKTLINSER • KIKKEDÅR • KLEDDER

**FRA HJERTE TIL HJERTE**

**ASBOTN**

VIKEGATA 34, 6150 ØRSTA



## Vedlegg 3b: Raumnnes laurdag 7.2.2009

30  
LLA

LØRDAG

# RAUMNES

LØRDAG 7. FEBRUAR 2009 – Nr. 16 – 63. årgang – Løssalg kr 10,-

TOLLBUGATEN 27  
0157 OSLO

**Ditt byggvarehus!**  
**ALT I TRELAST  
OG LISTVERK**  
**Stangeskovene**  
Avt. Årnes, Nedre Hagaveg, Årnes. Telefon: 63 90 07 00

Lokalavisen for Nes på Romerike – [www.raumnnes.no](http://www.raumnnes.no)

**Hennivangen:** Spent på nettoperatør Side 10

**Fenstad:** Matematikk, takk Side 11

**Årnes:** Tidens første skolerevy Side 21

### 62 kroner fra Opaker til Årnes

Torsdag morgen betalte **Elin Ljøgodt** 62 kroner for en busstur mellom Opaker og Årnes, noe hun synes er i meste laget. Ruter forstår kundenes frustrasjon og beklager at takst- og sonesystemet gjør at prisene blir urimelig høye. Side 5



Ønsker velkommen: Det er fortsatt tre muligheter til å få med seg den imponerende forestillingen til Minateateret og andre elever på kulturskolen. Her er noen av hovedrollenehaverne f.v. Blikkmannen (Kristine Schi Nordvold), Snøhvit (Frida Helle Vige), Fuglekremselet (Ameli Isungset Agbota) og Løven (Tobias Moussouoi Anseth). Foran står Trollmannen fra Oz (Øystein Falken).

## Eventyrlig miniteater

I går kveld var det premiere på kulturskolens forestilling «Snøhvit møter Trollmannen fra Oz». Rundt 60 unge skuespillere, dansere, sangere og musikere deltar på den imponerende forestillingen, som spilles to ganger i dag og en gang i morgen.

Forestillingen er basert på de to kjente eventyrene «Snøhvit og de syv dverger» og «Trollmannen fra Oz». Publikum får være med den lille jenta Dina og hunden hennes, Rusken på fantastiske eventyr.

Side 14 og 15

Spa-behandlinger  
for ansikt og kropp  
Åpent 10 - 19 (Lørdag 12-15)  
Timebestilling 63 90 19 70  
Grupper etter avtale  
DROP IN SVØMMING

NorgeSPA  
fenstad

Eidsvollvegen, Fenstad  
Se: [www.norgespa.no](http://www.norgespa.no)

**KUN LØRDAG!!!**  
Div. salgsvareer  
1 plagg kr  
**50,-**  
3 plagg kr  
**100,-**  
name it.

name it **LABBETUSS**  
AARERUGÅRDEN, ÅRNES: 63 90 18 95  
BARNEKLÆR 0-12 ÅR • [www.name-it.com](http://www.name-it.com)

## KUN LØRDAG 7. FEBRUAR

Lørdag  
7. februar fra  
kl. 10 - 16  
har vi åpent  
hus!

KAMPANJE  
KR **99,-**  
PR MND

Meld deg inn lørdag – betal kun  
kr 99,- pr. mnd. i februar og mars!  
Fri innmelding, spar kr. 1200,-

Gjelder ord., medlemskap, senior og teen, 9-12 mnd. avtalegiro.  
Adm. gebyr kr. 170,- ved innmelding i tillegg. Ord. pris fra april  
kr. 399,-/439,-. Hvis du ikke rekker innom senteret kan du betale inn  
kr. 198,- på konto 1271.05.27146 og ta med kvitteringen den  
påfølgende uken for å benytte deg av tilbudet!

SPENST ÅRNES: Nedre Hagaveg, tlf. 63 90 79 42  
[aarnes@spenst.no](mailto:aarnes@spenst.no), [www.spenst.no](http://www.spenst.no)

**spenst!**

kvikkere kropp, lettere hode

## Vedlegg 4: MØRE-NYTT vs. RAUMNES

Analyse av utgåver frå laurdag 7.2. 2009. Begge avisene er på 32 sider

Type stoff	Møre-Nytt		Raumnes		Merknad
	art.	sider	art.	sider	
Redaksjonelt: Førstesideoppslag	4		2		Hovudoppslag og mindre oppslag med bilde og meir enn fem linjer
Redaksjonelt: Kort tilvising (ei linje)	0		3		
Redaksjonelt: Nyheit/reportasje/omtale	14		21		Førstesidesakene talt saman med oppfølgjande oppslag inne i avisa. M: Inkl. tre artiklar utan byline, men med klart redaksjonelt preg.
Redaksjonelt: Notis (utan byline)	8		4		
Redaksjonelt: Leiarartikkel	0		1		R: Ved «disponent og ansvarleg redaktør»
Redaksjonelt: Årgangsklipp	0		7		
Uklar kjelde (utan byline)	5		1		M: Truleg basert på innsendt stoff. Tilrette- lagt, men ikkje følgt opp av redaksjonen. R: Stor, firesiders featureartikkel om 100 år gammal bru
NPK/NTB	11		0		M: Store notisar over to spaltar
Innsendt: Førehandsomtale	10		0		
Innsendt: Referat (inkl. frilans)	6		2		
Innsendt: Kyrkjestoff (fast spalte)	4	1 s	1	0,3 s	M: To saker, to notisar, lister over døypte og gravlagde. Laga av frilansar og kyrkje- tr. R: Kommentar til preiketekst, ved soknepresten
Innsendt: Andre faste emne	2	1 s	2	1 s	Petit, språk, gamle bilete
Innsendt: Lesarinnlegg	8		0		M: Ikkje i eigen seksjon, men fordelt over fleire sider. Alle utforma som redaksjonell sak
Personalialia		1 s		2 s	Fødde, døde, fødselsdag, tinglysingar
Tv- og radioprogram		1,5 s		3 s	
Kryssord, teikneseriar, humor		0		1 s	
Vermelding		0		0,2 s	
Annonser		7,5 s		6 s	
Bilete	81		59		M: Bilete av ca 200 gjenkjennelege personar, pluss ca 50 skuleelevar som publikum på konsert R: Bilete av ca 100 gjenkjennelege personar, pluss ca 50 personar på to bilete av ulike dramagrupper

Stoffet i *Raumnes* er organisert i faste spalter med eigne vignettar, t.d. «aktuelt», «nyheter», «sport», «kultur» og «reportasje». *Møre-Nytt* har ingen slike organiserande markørar øvst på sidene med redaksjonelt stoff.

Litt utfyllande om nyheitssakene:

### **Møre-Nytt:**

Redaksjonelle saker (med og utan byline)

- Tre saker som ser ut til å vere baserte på kommunale sakspapir
- Ein rein førehandsomtale av arrangement
- Fem positive omtalar av nye bedrifter/tiltak/produkt
- Ein reportasje om besøk av ungdomsskuleelevar på vg. skule
- To saker med omtale av ny lærarutdanning i Volda
- Ei sak med misnøgd kommunepolitkar
- Ei sak frå politiet om tjuvgods etter innbrot

Titlar på saker med uklar kjelde:

- Furene AS med søkjelys på Asperger-syndrom (Kjelde: Furene AS?)
- Astrid Eidsvik vart årets helseleiar (Kjelde: Helse Sunnmøre?)
- Innsparing i psykiatritenesta vil få dramatiske konsekvensar, seier kommunelegen:
  - Vil sette liv og helse i fare! (Kjelde: Kommunale sakspapir?)
  - Frivillige lag må få sleppe momsens (Kjelde: Ordførar R. Aa. Kalland, evt Sp)
- Gode januartal for flyplassen (Kjelde: Avinor)

Berre ei redaksjonell sak har meir enn ei kjelde (Om mogleg lærarmangel i Ørsta og Volda)  
Ingen av dei eksterne sakene har meir enn ei kjelde

### **Raunnes:**

Redaksjonelle saker:

- Hovudoppslag og dobbeltside inne i avisa frå kulturskuleframsyning. Til saman ti bilete av 60 personar
- To saker om togtilbod
- Ei dobbeltside om bonde med alternativ drift
- Ei side om konsekvensar av konflikt i mellom Tine og Norgesgruppen
- Ei sak om gåvemidlar frå bank
- To saker om problem for breibandtilbod
- Ei sak om matematikk i småskulen
- Eit rettsreferat
- Ei sak om bråkmakar på kjøpesenter
- To sider lokal sport, inkludert 2/3 side med resultatliste frå langrenn
- To sider om film (godt kinobesøk) og revy (førehandsomtale)

Berre to redaksjonelle saker har meir enn ei kjelde (kritikk av høg billettpris og førehandsomtale av skulerevy). I tillegg er det to tema (breibandproblem og Tine-konflikt) med to oppslag med ulike kjelder.

Offentlege rapportar er brukt som supplerande kjelde i to-tre saker.

Ingen av dei eksterne sakene har meir enn ei kjelde.

## Vedlegg 5: Samla avisoversyn med opplag 2008-2011 og alle analyserte oppslag (tittel og stikkord)

Avisnamn	Utgj.stad	Organisasjon*	Opplag 2008	Opplag 2009	Opplag 2010	Opplag 2011	Dato**	Siderata**	Red. plass***	Merknader:
										Tittel (med utfyllende kommentar)
101 Agder	Flekkefjord	3	8365	8338	8156	8026	6.2.	32	1	Kritisk til manglende brøyting: Reddet livet da traileren havnet i Lundevatin
102 Akers Avis/Groruddalen	Oslo	2	13945	13850	13537	13122	4.2.	40	1	Du kan sove trygt om natta (sitat politi etter ran på Økern)
103 Andøyposten	Andenes	3	2010	1853	1898	1912	7.2.	16	1	Rapport med kritikk av montessoriskolen (frå departementet)
104 Arbeidets Rett	Røros	3	8441	8303	8148	7988	9.2.	32	1	Kristin overrasket alle og tok NM-sølv (hundekøyring)
105 Arendals Tidende	Arendal	2	2377	2381	2010	2075	3.2.	24	1	Veien ingen tør gå på (manglende trafikksikring)
106 Askøyværingen	Kleppestø	2	5311	5294	5208	5110	13.2.	28	1	Askøy kan få fem mill. i bot (komm. selskap i ulovleg handel)
107 Aust-Agder Blad	Risør	3	3857	3774	3680	3659	19.2.	24	1	Kjente trafikkfelle på kroppen (manglende trafikksikring)
108 Bygdnytt	Ytre Arna	2	4587	4625	4595	4647	13.2.	28	1	Veitunnelen skal på plass (strid veg eller jernbane i ny tunnel)
109 Bygdebladet	Ørskog	2	2847	2870	2801	2691	4.2.	40	1	Asylmottak for 144 i Brattvåg? (søknad ukjent for kommunen)
110 Bygdeposten	Vikersund	3	6667	6690	6573	6477	10.2.	24	1	Ingen into fra UDI (om utsending av kro-tilsett nepalesar)
111 Bømlo-Nytt	Bømlo	3	3407	3337	3301	3152	4.2.	16	1	Bømlo satsar på grøn teknologi (kommunal klima- og energiplan)
112 Dalane Tidende	Egersund	3	8418	8240	8223	8160	9.2.	20	1	Plan om nytt sentrum (sak før morgondagens møte i miljøutvalet)
113 Demokraten	Fredrikstad	3	8282	8245	7187	6213	9.2.	32	1	"Renhold ikke en lærer-jobb" (Tillitsvald-protest mot reinholdskutt i skulen)
114 Driva	Sunnalsøra	3	4217	4069	3976	3857	9.2.	20	1	Aksjon for butikken (krisemøte om konkurstruga nærbutikk)
115 Eikerbladet	Nedre Eiker	2	2676	2716	2789	2792	6.2.	32	1	Drammen skremt av konkurransen? (om kritikk utanfrå til byggeprosjekt)
116 Fanaposten	Bergen	2	4683	4806	4664	4681	3.2.	24	1	Dobbelt så mange ledige som i fjor (nye NAV-tal for Fana)
117 Firda Tidend	Sandane	3	3056	3064	3046	3062	9.2.	16	1	Kan bil slutt på pelsdyroppdrett (reaksjon på framlegg i AP-program)
118 Firdaposten	Florø	3	5484	5457	5327	5214	7.2.	32	1	Flora kan overta sjukehusbygget (om komm. overtaking av sjukehusbygg)
119 Fjordabladet	Nordjordeid	3	2800	2797	2796	2749	10.2.	16	1	Best i Nordfjord (Gutelag fotball sonemeistrar)
120 Fjordenes Tidende	Måløy	3	5485	5434	5308	5180	9.2.	24	1	Store byggeplaner i Deknepollen (nytt bustadfelt planlagt)
121 Fjordingen	Stryn	3	4285	4299	4269	4228	9.2.	16	1	Påviser flaumfare i Stryn (nye kart gode hjelpemiddel i komm. planlegging)
122 Fosna-Folket	Brekstad	3	7570	7314	7126	6926	13.2.	32	1	Storm rundt boklansering (biografi søkt stoppa av eks-mann)
123 Framtid i Nord	Olderdalen	3	5265	5133	4922	4462	7.2.	36	1	Barnas dag (reportasje frå feiring av samefolkets dag)
124 Gjesdalbuen	Algård	2	3422	3306	3239	3195	3.2.	24	1	- Sannsynligvis planlagt (innbrot på butikk)
125 Grannar	Eine	2	2889	3852	3816	3682	5.2.	24	1	Skakke i nytt slag (strid olm namn på nytt kultursenter)
126 Grenda	Kvinnherad	3	2550	2415	2376	2364	5.2.	24	1	Fann korallrev og ukjende artar (funn i fjorden v Havforskningsinstituttet)
127 Grimstad Adressetidende	Grimstad	3	6387	6422	6393	6316	19.2.	28	1	Omsoargarbeider måtte slutte i jobben (etter forhold til klient)
128 Hallingdølen	Al	3	10038	9796	9620	9461	10.2.	40	1	Tidenes duell (Håvard Bøkkø - lokal skeiseløpar i VM-duell)
129 Haramsnytt	Brattvåg	2	2800	2803	2707	2565	3.2.	28	1	Spennande tid for industrien (uviss framtid for lokal skipsindustri)

	101-181: To- og tredags 182-245: Vekeaviser			Organisasjon*	Oplag 2008	Oplag 2009	Oplag 2010	Oplag 2011	Dato**	Sidetal**	Red. plass***	Merknader:
	<b>Avisnamn</b>	<b>Utgj.stad</b>										<b>Tittel (med utfyllende kommentar)</b>
130	Hardanger Folkeblad	Odda	3	3	5499	5400	5326	5142	9.2.	16	1	- Alle er nødt til å bidra (lensmann kommenterer rapport om rus)
131	Helgelands Blad	Sandnessjøen	3	2	5710	5479	5206	5201	4.-5.2.	28	1	Vil kvele "Balkan-begrepet": - Ikke si det! (om profilering av regionen)
132	Hitra-Frøya	Sandstad	2	2	5048	5000	4860	4723	24.2.	24	1	Bød over taks, fikk likevel nei (kritikk av komm. ved hussal til utlendingar)
133	Hordaland	Voss	3	3	9582	9489	9386	8812	10.2.	20	1	Rema stel kundar til 1000 (auka konkurranse på daglegvaremarknaden)
134	Hordaland Folkeblad	Norheimsund	2	2	5799	5762	5680	5620	6.2.	16	1	Kanskje må tralla lalla (SV-støtte til bevaring av gammel taubane)
135	Indre Akershus Blad	Bjørkelangen	3	2	7674	7817	7841	7926	18.2.	28	1	Sparer 20 mill på løver rente (rentekutt gir øk gevinst for kommunen)
136	Innh. Folkeblad og Verdalingen	Verdal	3	2	4958	4859	4755	4662	7.2.	24	1	Gammel søppelfylling kan rase i elva
137	Jarlsberg Avis	Holmestrand	3	3	3830	3875	3916	3979	5.2.	24	1	27 ble permittert (internasjonal krise gir permisjonar i lokal bedrift)
138	Jærbladet	Bryne	3	2	13264	13266	13305	13209	9.2.	32	1	Fryktar for framtida (manglande plassar for yrkesvalhemma)
139	Kragerø Blad Vestmar	Kragerø	3	2	4577	4556	4488	4388	7.2.	32	1	Hotelltomten står og ventar (privat reguleringsforslag drøfta i kommestyret)
140	Kvinnheringen	Kvinherad	3	3	4571	4502	4458	4369	6.2.	24	1	Fare for større kutt på Sørøst (nedskjeringar i lokal bedrift)
141	Levanger-Avisa	Levanger	3	2	4287	4168	4098	4070	10.2.	20	1	Ivar Arne (61) gjorde som Tufta (lokal NIM-meister i innandørsring)
142	Lillesandsposten	Lillesand	2	2	3792	3757	3759	3734	10.2.	24	1	En utrolig jakt-opplevelse (gaupejakt)
143	Lofot-Tidende	Leknes	2	3	4923	4649	4457	4267	6.2.	28	1	Hvem har ansvaret? (kritikk av kommunen, manglande vegvedlikehald)
144	Lokalavisa Sør-Østerdal	Elverum	2	2	2530	2803	3142	3212	21.2.	32	1	Her er heras plan (om lukkeproblemm frå avfallsanlegg)
145	Malvik-Bladet	Hommelvik	2	2	3148	3163	3166	3134	18.2.	32	1	Skremt etter møte med legevakta (kritikk frå brukar av ny legevaktordning)
146	MeløyAvisa	Glomfjord	2	1	2479	2533	2171	1882	3.2.	20	1	Sang med sjernene (lokal ungdom m Wenche Myhre i GP-delfinale)
147	Moss Dagblad	Moss	3	2	5648	x	x	x	16.2.	24	1	- En perfekt helg (reportasje frå rally-NIM)
148	Møre	Volda	3	1	3735	3722	3690	3650	7.2.	24	1	Tegneserietalentet Gard (om lokal teikneserieskapar)
149	Møre-Nytt	Ørsta	3	2	5526	5783	5705	5670	7.2.	32	1	Nytt produkt frå Vardal Plast - skal gje ferskare laks
150	Nordhordland	Lindås	2	2	6384	6303	5994	6107	14.2.	40	1	Overvintrar ombord (tifflytta ektepar bur i seglbåt)
151	Nye Troms	Moen i Målselv	3	3	5051	4921	4821	4782	5.2.	28	1	Helikopterpilot OMKOM i Rostaddalen (om dødsulykke)
152	Opdalingen	Oppdal	3	2	2577	2522	2404	2347	7.2.	24	1	I 300 km/t over Dovre (presentasjon av planar om lyntog)
153	Os og Fusaposten	Os	2	1	5820	5565	5495	5449	4.2.	20	1	Plan og bygning i bratt terreng (kritisk bilikk på manglande plan utbygging)
154	Rakkestad Avis	Rakkestad	3	2	2664	2662	2676	2654	9.2.	16	1	Gir av overskuddet (lokalt eventyr gir gåver til lag og foreningar)
155	Raunnes	Arnes	3	3	5493	5560	5568	5470	7.2.	32	1	Eventyrlig miniteater (reportasje frå kulturskuleframsyning)
